

BJARTE HAUGSGJERD

BYGDA SKJOLD I NORD-ROGALAND

Ei språkgransking av talemålsutviklinga i
denne bygda

MASTERGRADEN I NYNORSK
SKRIFTKULTUR
VED
HØGSKULEN I VOLDA
JUNI 2008

FØREORD

Ja, då er eg ved vegg ende etter eit fleksibelt, men likevel turbulent år. Målsetjinga med dette arbeidet var å seie noko om talemålsutviklinga i Skjold, noko eg har gjort. Først av alt vil eg takka meg sjølv for iherdig innsats rundt denne oppgåva. Det er ganske utruleg at denne svært så utolmodige sjela har gidda å arbeide så mange timar med dette prosjektet. Men.. noko hjelp og støtte har eg hatt i prosessen. Takk til mi kjære Maren som har engasjert seg voldsomt den siste tida. Ho har vist stort tolmod med ein svært utolmodig og lei kar ved si side. Elles har eg ein framifrå vital far som sjølv hevdar å vere det motsette. Uansett har han hjelpt meg mykje både som grammatisk rettleiar og samtalepartnar. Mange veit også at eg har lagt meg til ei framifrå dotter, og i den samanheng trengst barnepass. Eg vil difor takke Mette Østvold for å ha lagt to ferieveker til Hovden rett rundt innleveringstid. Også ein stor takk til ein person som berre seier ja. Takk til deg Audun Åby for datateknisk hjelp i sluttfasen. I sjølve granskingsprosessen var dei 17 informantane mine svært sentrale. Alle var svært greie å ha med å gjere, så ein stor takk til alle saman.

Til sist vil eg takka rettleiaren min, Unn Røyneland, for god hjelp gjennom råd og kommentarar.

Varme helsingar Bjarte Haugsgjerd (språkgranskar)

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

FØREORD.....	1
1.0 INNLEIING	5
1.1 Motivasjon	5
1.2 Mål og problemstillingar	6
1.3 Gjengjeving av talemålsformer	7
2.0 BAKGRUNN OM BYGDA SKJOLD	8
2.1 Geografisk plassering	8
2.2 Historikk	9
2.3 Folketal	10
2.4 Skule	11
2.5 Kommunikasjon	12
2.6 Om sosiale nettverk i eit bygdesamfunn.....	13
3.0 TEORI	14
3.1 Den interaksjonistiske ståstaden.....	14
3.2 Om språk og identitet	15
3.3 Tilpassingsteorien.....	16
3.4 Den sosiale nettverksteorien	18
3.5 Bourdieus prakseologiske teori	19
3.6 Dialektnivellering	20
3.7 Nivelleringsretning	21
3.8 Språkleg regionalisering	22
3.9 Standardtalemål.....	24
3.10 Ungdom som undersøkingsobjekt	26
3.11 Markertheit.....	28
4.0 METODE.....	29
4.1 Kvalitative og kvantitative metodar	29
4.2 Informantutvalet	32
4.3 Utveljinga av informantar	34
4.4 Innsamlinga av språklege data	35
4.5 Delundersøking av rapportert kontra registrert tale blant YG-informantane.....	37
5.0 TRADISJONELLE DRAG I SKJOLDAMÅLET	42
5.1 Innleiing	42
5.2 Fonologi	42
5.3 Vokalfonem.....	43
5.3.1 Norrøne diftongar	43
5.4 Konsonantfonem	43
5.4.1 Palatalisering av k og g i innlyd	44
5.4.2 Uttale av r.....	44
5.4.3 Konsonantsamband	44
5.4.3.1 Kv eller hv i framlyd for norrønt hv	44
5.4.3.2 Opphavleg rn til nn eller dn.....	44
5.4.3.3 Utviklinga av opphavleg ng, ld/ll, mb/mm og nd/nn	45
5.4.3.4 Opphavleg ld og ll.....	45
5.4.3.5 Opphavleg nd og nn	45
5.4.3.6 Opphavleg mb til mm.....	45
5.4.3.7 Utviklinga av opphavleg vn (bn)	46
5.4.3.8 Konsonantsambandet ps-fs	46
5.4.3.9 Konsonantsambandet tl-sl	46

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

5.4.3.10 Konsonantsambandet st>ss i bf.e. av sterke hankjønns substantiv	46
5.4.3.11 Konsonantsambandet kj > sj-uttale	46
5.4.4 Bortfall av trykklett r i ubunden form av hankjønn og hokjønnsord	47
5.5 Morfologien (bøyningsverket)	47
5.5.1 Bøying av substantiv	47
5.5.1.1 Sterke hankjønnsord	47
5.5.1.2 Svake hankjønnsord	48
5.5.1.3 Sterke hokjønnsord	48
5.5.1.4 Svake hokjønnsord	49
5.5.1.5 Sterke inkjekjønnsord	50
5.5.1.6 Svake inkjekjønnsord	50
5.5.2 Bøying av verb	50
5.5.2.1 Bøying av svake verb	50
5.5.2.2 Bøying av halvsterke verb	53
5.5.2.3 Bøying av sterke verb	53
5.5.3 Pronomen	55
5.5.3.1 Personlege pronomen	55
5.5.3.2 Egedomspronomen	56
5.5.3.3 Spørjepronomen	56
5.5.4 Preposisjonar	57
5.5.5 Bøying av adjektiv	57
5.5.5.1 Gradbøying av adjektiv	57
5.5.5.2 Samsvarsbøying av ubunden adjektiv	58
5.5.5.3 Samsvarsbøying av ubunden adjektiv på /en/	58
5.5.6 Vekedagar	58
6.0 DEN SPRÅKLEGE GRANSKINGA	59
6.1 Om språklege variablar	59
6.1.1 Mitt utval av språklege variablar	59
6.1.2 Dei språklege variablane i denne granskinga	60
6.1.3 Handsaming av språkleg materiale	64
6.2 Resultat frå den språklege granskinga	66
6.2.1 MG-gruppa (mellomgenerasjonen)	66
6.2.1.1 Resultat språkleg gransking pr. informant i MG-gruppa	66
6.2.1.2 Gjennomsnitt for dei ulike språkformene i MG-gruppa	66
6.2.1.3 Fordeling pr. variabel innanfor dei tre ulike språkformene	66
6.2.1.4 Kommentar til gjennomsnittleg førekomst av tradisjonelle, nivellerte og variasjonsformer pr. variabel for MG-gruppa	67
6.2.1.5 Oppsummering av resultatata til MG-gruppa	71
6.2.2 YG-gruppa (den yngre generasjonen)	72
6.2.2.1 Resultat språkleg gransking pr. informant YG-gruppa	72
6.2.2.2 Gjennomsnitt for dei ulike språkformene i YG-gruppa	72
6.2.2.3 Fordeling pr. variabel innanfor dei tre ulike språkformene	72
6.2.2.4 Kommentar til gjennomsnittleg førekomst av tradisjonelle, nivellerte og variasjonsformer pr. variabel for YG-gruppa	73
6.2.2.5 Oppsummering av resultatata til YG-gruppa	78
6.2.2.6 Samla resultat MG- og YG-gruppa	79
6.3 YG-gruppa sine resultat sett i forhold til Haugesund bymål	79
7.0 DEN SOSIOLINGVISTISKE GRANSKINGA	81
7.1 Handsaming av sosiolingvistiske resultat	81
7.2 Resultat frå den sosiolingvistiske granskinga	82

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

7.2.1 Sosiolingvistiske variablar og resultat	82
7.2.1.1 Kjønn.....	82
7.2.1.2 Alder.....	83
7.2.1.3 Sentrum/periferi.....	85
7.3 Portrett av einskildindivid og språklege strategival	86
7.3.1 Om informantportrett.....	86
7.3.1.1 Aud.....	87
7.3.1.2 Henning	93
7.3.1.3 Astrid.....	98
7.3.1.4 Børge.....	104
8.0 OPPSUMMERING	110
8.1 Forklaringar på språklege endringsprosessar i Skjold.....	110
8.2 Oppsummering språkleg gransking.....	111
8.3 Oppsummering sosiolingvistisk gransking	112
8.4 Vegen vidare	114
Forkortingar	117
Litteraturliste.....	118
VEDLEGG	121
Vedlegg 1: Oversikt over tradisjonelle og nivellerte språkformer.....	121
Vedlegg 2: Innfyllingsliste	123
Vedlegg 3: Spørjeskjema.....	125
Vedlegg 4: Kart over Rogaland	127
Vedlegg 5: Kart over Skjold	128
Vedlegg 6: Språklege resultat - Aud	129
Vedlegg 7: Språklege resultat - Henning.....	130
Vedlegg 8: Språklege resultat - Astrid	131
Vedlegg 9: Språklege resultat - Børge.....	132

1.0 INNLEIING

1.1 *Motivasjon*

Kva er det som gjer at ein set i verk eit slikt arbeid som det er å studera ein dialekt? Kva er det som driv ein? Sjølv sagt kan det vera reint praktiske årsaker som ligg bak, men skal ein ha vilje og tålmod til å driva med ein så langvarig arbeidsprosess, må det også finnast ei viss interesse. Som relativ ung blei eg interessert i språksituasjonen i dette landet. Eg har sjølv vakse opp på landsbygda, har hatt nynorsk som opplæringsmål i alle åra i grunnskulen og har sett ein del av dei utfordringane som bygdeungdom har med å halda både på skriftmål og dialekt.

Som vestlending var det naturleg å leggja arbeidet opp rundt talemålet på heimstaden min, Skjold i Vindafjord kommune, lengst nord i Rogaland. Etter kvart er det gjort grundige dialektstudiar i mange bygder, kommunar og område i dette landet. Dialekten i bygda Skjold i Nord-Rogaland har derimot aldri vore granska. Eg synest derfor det og er spanande å kunna gjera ein studie av målføret i heimbygda mi.

Som i dei fleste andre samanhengar har det gått føre seg ei utvikling innan dialektbruken i bygda. Måten dei eldre uttrykkjer seg på, vil ikkje alltid kjennast naturleg for den yngre generasjonen. Store endringar i busetjingsmønster og kommunikasjonar har gjort sitt til at den skjoldabygda som for 30 – 40 år sidan var meir eller mindre ”isolert”, i dag har byggjefelt med folk med eit konglomerat av dialektar og ein kollektiv kommunikasjon der du kan reisa til og frå Haugesund 5 – 6 gonger pr. dag. I tillegg veit me at privatbilismen har hatt ei utvikling som gjer at folk kvar dag forflyttar seg til andre dialektområde både i fritid og i arbeid. At næringsgrunnlaget har endra seg radikalt, frå landbruk og opphald på garden store

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

delar av dagen, til buplass på byggjefelt og lønna arbeid og sosialt samkvemme med mange kollegaer, må nødvendigvis verka inn på talemålet til den einskilde. Det er derfor mogleg at det lokale særpreget i dialektane gradvis forsvinn eller at det i alle fall finn stad ei utjamning mellom dei grensenære målføreområda. På sikt kan dette resultera i meir regionale enn lokale dialektar.

1.2 Mål og problemstillingar

Målet mitt med granskinga er å vise talemålsutviklinga i Skjold. For å gjere dette må eg først skildra skjoldamålet hos den eldre generasjonen for å finne dei tradisjonelle formene desse brukar. I hovuddelen av oppgåva vil eg prøva å finna ut kva veg skjoldamålet går. For å finne ut dette, samanliknar eg eit utval frå mellomgenerasjonen (MG-gruppe) med eit utval frå den yngre generasjonen (YG-gruppa). Vidare ønskjer eg å undersøke den yngre generasjonen sitt talemål i forhold til parametrane alder, kjønn og bustad i bygda. Eg har følgjande hypotesar knytta til desse tre parametra:

1. Gutar vil ha fleire tradisjonelle språkformer enn jenter.
2. Den eldste gruppa informantar i informantgruppe YG vil ha fleire tradisjonelle former enn den yngste gruppa.
3. Informantar busette i perifere strøk av bygda vil ha fleire tradisjonelle former enn informantar busette i sentrum.

Til slutt ønskjer eg å sjå nærare på fire utvalde informantar frå YG-gruppa for å freiste å få innblikk i deira ulike språkstrategiar. Gjennom dette håper eg å kartlegge kva for krefter og mekanismar det er som skapar talemålsutviklinga i bygda.

1.3 Gjengjeving av talemålsformer

I oppgåva nyttar eg det norske alfabetet for å gjenngje aktuelle talemålsformer. Elles er kursiv nytta på alle førekomstar av ordformer og lyd som det finst døme på i materialet. Eg har ikkje sett på det som nødvendig å ta i bruk lydskrift og har i staden brukt skriftmålsalfabetet.

Likevel har eg nytta meg av lengdemarkering i einsskilte ord.

2.0 BAKGRUNN OM BYGDA SKJOLD

2.1 Geografisk plassering



Skjold er ei bygd i Vindafjord kommune i Rogaland. Vindafjord kommune består av åtte bygder der Skjold ligg nærast Haugesund. Vindafjord ligg heilt nord i fylket. Ølen kommune i Hordaland vart i 2006 slått saman med Vindafjord til ein storkommune med namnet Vindafjord. Til den gamle kommunen Vindafjord høyrer dei gamle småkommunane Imsland, Vikedal, Sandeid, Vats og Skjold. Gjennom kommunesamanslåinga i 2006 vart dei tre bygdene Ølen, Vikebygd og Bjoa også ein del av kommunen. Kvar av desse bygdene har hatt og har sin lokale dialekt. Skjold var fram til 1965 eigen kommune, men med Schei-komiteen sitt framlegg, vart kommunen delt. Søre Skjold vart slått saman med Tysvær kommune mens norda Skjold vart tilhøyrande Vindafjord kommune. Bygda Skjold ligg ca. 25 km aust for Haugesund. Som før nemnt var Skjold tidlegare eigen kommune. Til denne høyrde då og gamle Sørå Skjold. Dette området strekkjer seg heilt vest til Grinde, berre 15 km frå

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

Haugesund, men høyrer i dag til Tysvær kommune. Dialekten i gamle Sørå Skjold er derfor ikkje tatt omsyn til i mi utgreiing om målføret i Skjold. Skjold grensar i nord til Vikebygd. Denne bygda høyrde til for få år sidan til Ølen kommune i Hordaland fylke. Vikebygd har altså skifta fylke, men vikebuar føler seg som sunnhordlendingar og har nok enno nokre viktige målmerke som skil dei frå skjoldabuar og rogalendingar. I nordvest ligg Sveio kommune i Hordaland. I vest og sør grensar Skjold til Tysvær kommune og i aust til bygda Vats. Den sistnemnde høyrer til same kommunen som heimbygda mi, men har nok dialektmerke som vik frå skjoldadialekten.

Bygda er arealmessig relativt stor, men mykje av arealet er fjell og viddeprega låglende. Bygda ligg lågt, mesteparten under 100 m o.h.. Her finst nokre ferskvatn, og ho grensar til to relativt store fjordarmar, Skjoldafjorden i sør og Ålfjorden i nord. Topografisk skil ikkje Skjold seg særleg ut frå andre og nærliggjande bygder. Dette språkområdet varierer i høgd over havet frå strandlinjer og strandstader til relativt høge toppar på vel 500 m. Det same gjer Stordalen og grenda Haraldseid. Desse områda har i tidlegare tider hatt kontakt med ”utaverda” gjennom Ålfjorden. I dag er innbyggjarane i Skjold for ein stor del samla på tre - fire byggjefelt.

2.2 Historikk

Skjold har nok ikkje dei mest kjende oldtidsfunna, men skal ein tru tidlegare lokalhistorikarar som t.d. Lars Bjoland (Norges Bebyggelse, bandet om Rogaland, s. 864 ff.), er det på dei fleste gardane frametter fjorden ”funne gamle reiskapar eller andre ting, helst av stein, mellom anna mange grovt tilhogde steinøksar utan skaffhol og utan tilslipt egg”. Ein meiner desse er frå eldre steinalder, men det er gjort funn av til dømes finare

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

tilslippte steinøksar med skafthol og egg frå yngre steinalder og. Både på 1800-talet og i 1902, 1928 og i 1948 gjorde ein funn i gravhaugar i Austrheimsbygda (vestre delen av skjoldaområdet) og på Haraldseid. Gravhaugane skriv seg frå folkevandringstida og vikingtida.

Harald Egenæs Lund skriv i Stavanger museums årshfte 1939-40: "Fra forhistorisk tid – fra bronse og jernalderen – finst det i Rogaland fylke mange vidnesbyrd om gammel gudsdyrkelse og religiøse samlingssteder. Det gjenspeiler seg både i funn, faste fortidsminner og i stedsnavnene". I Skjold/Vats finst stad-og familienamnet Frøyland. Dette er vel døme på namn der gudeparet Frøy og Frøya er innbakt. Elles fortel munnleg tradisjon mykje om bautasteinar, berghellerar og bygdeborgar på ulike stader i området.

Mellom Skjoldafjorden og Ålfjorden er det eit eid. Dette 2-3km breie området her har namnet Haraldseidet. I følge tradisjonen skal namnet komma av at Harald Hårfagre drog skipa sine over der då han skulle til Hafrsfjord. Ja, det skal til og med finnast restar etter Harald sine skipsnaust her. Lars Bjoland skriv i "Norges Bebyggelse", s 868 ff.: "På Haraldseid-heia, med utsyn over heile Skjoldafjorden, ligg husmannsplassen Nuasete. Der hadde kong Harald dronninga Nua sitjande på vakt.". Kva ei må meina om slikt "laust prat" er det i alle fall sikkert at Haraldseidet er eit gammalt dragseid, der både store og små båtar er blitt dregne frå fjord til fjord.

2.3 Folketal

I Skjold finn me mange gardsnamn som endar på –land. Dette namnet skriv seg frå den tidsperioden ein kallar vikingtida. Mange innflyttarar har nok kome då, og det har ført til relativ stor folkeauke. Folketalet auka sterkt fram til Svartedauden. Før Svartedauen var det 830 innbyggjarar i gamle Skjold. Seinare har talet auka jamt heilt fram til våre

dagar med unntak av ein kort periode på 1800-talet og byrjinga av 1900-talet då amerika-feberaen var på det sterkaste. I dag bur det ikring 1400 menneske i bygda, storparten av desse i byggjefelt. Skjold er saman med Ølen sentrum, i dag det folkerikaste området i Vindafjord kommune.

2.4 Skule

I Skjold som i andre bygder, har det heilt fram til på 1960-talet vore mange småskular. Desse såkalla grendaskulane var utviklingssteget etter omgangsskulen. I skjoldabygda fann ein slike små skulehus, ofte berre med eitt klasserom pluss ”lærarrom”, i kvar liten tettstad, kalla grend. I mi heimbygd hadde dei eit lite skulehus i Haugen krets i nord, eitt på Ersland i vest, eitt på Langeland i sør, eitt på Eggja i aust og eitt i Stordalen. I første halvdelan av 1900-talet var motorisk kommunikasjon lite utvikla. Konsekvensen var at folk heldt seg innanfor det bygdelaget der dei høyrde til. Måtar dei uttrykte seg på, kunne då vera litt forskjellig frå grendelag til grendelag, ja, det var nok slik at folk frå Isvik i Skjold kunne høyra når ein person kom frå t.d. Austrheimsbygda. På 1960-talet starta skulesentraliseringa i dette landet. Det førte til større skuleeiningar, også i Skjold. Liarheim skule i Ersland skulekrets blei sentralskulen sitt namn. Dette gjekk ikkje fredeleg føre seg. Skulestriden i Skjold i Nord-Rogaland, av mange kalla Ryfylke, blei i ”stridens hete” landskjent. Skulehuset på Liaheia blei først bygd i to høgder, men den andre høgda måtte rivast ned att på grunn av usemje. Det gjekk så langt at det måtte hentast politiforsterkningar frå Haugesund, 25 km unna, slik at ein slapp valdelege inngrep. Filmavisa hadde i denne tida innslag frå rivinga av skulehus i Skjold. Skjoldabuar som budde i USA då, opplevde å sjå basketaket mellom sambygdingar på Filmavisa i New York.

I dag er Skjold skule ein grunnskule med elevar frå heile skjoldabygda. I tillegg går det

ungdomsskuleelevar frå både Vats i aust og Vikebygd i nord. Dette må ein rekna med påverkar skjoldadialekten. Etter at det vart vanleg å gå på vidaregåande skule, har fleirtalet av unge i Skjold valt Haugesund som skulestad. Ein del skjoldaungdom vel Ølen vidaregåande skule, 20 km aust (lenger inne) i kommunen, som staden for vidare utdanning.

2.5 Kommunikasjon

Vegen Haugesund – Ølen er 50 km lang og 20 km av denne går gjennom Skjold. Vegen vart bygd i åra 1859 – 60. Nokre år seinare fekk ein vegkommunikasjon nordover til Vikebygd som i dag ligg i same kommunen som Skjold, men som den gongen tilhørde Ølen kommune og Hordaland fylke. Vegen over i eit anna fylke med litt andre målførekjennemerke var den gongen bare ca. 5 km. Det kunne nemnast fleire strekningar der det kom vegsamband i perioden 1870–1890. Etter at rutebiltrafikk vart sett i gong, kom nye vegar til, og dei som alt var laga, vart utbetra for å tåla auka trafikk med etter den tids målestokk, tunge bilar. Alt dette skapte samkvemme utover med folk i andre bygder. Ein kan tenkja seg at dette alt då har vore med på å ”vatna ut” dialektane på dei ulike lokale stadene. Skjoldabygda har til alle tider hatt fjorden som kommunikasjonsnett, både nordover til sunnhordlandsbygdene og vidare til Bergen gjennom Ålfjorden og Hardangerfjorden og sørover til Stavanger gjennom Skjoldafjorden og ut i Boknafjorden. Mykje av denne trafikken har gått med robåt og segl. Ein kan til dømes nemna at først i 1908 vart det opna kanal med sluse i Skjoldastraumen, slik at ein kunne nytta rutebåt heilt nord til Isvik og Skjoldavik i skjoldabygda. I dag er kommunikasjonane i og omkring Skjold gode. Fjordane er ikkje lenger bindeledd mellom bygdene slik dei var. Biltrafikken har auka sterkt dei siste 20 – 30 åra, både privatbilismen og den kollektive trafikken. Dette har skapt kontakt på tvers av bygde- og kommunegrenser, ja, fylkesgrenser også.

2.6 Om sosiale nettverk i eit bygdesamfunn

Det er skrive lite om sosiale nettverk i Nord-Rogaland, men meir om slike nettverk generelt. Inge Bø (1993:31) definerer sosiale nettverk som "et mønster av relativt varige, uformelle, selvbærende sosiale kontakter. Fra gammelt av er disse kjent under betegnelse som kontaktpersoner, vennegrupper og kjente." Bø ser ein del metodologiske problem knytta til ei operasjonisering av nettverksstruktur. Den same utfordringa knytta til kvantifisering av nettverksstruktur skildrar Bortoni-Ricardo (sjå kap. 3.4).

Bygda Skjold er eit døme på eit ruralt samfunn. Folketalet er relativt lågt og dei fleste kjenner einannan. Om ein flyttar perspektivet frå det lokale til det globale, har verda utvikla seg enormt dei siste 20 åra. Dette har ført til ei auka globalisering som igjen har ført til at urbane verdiar har fått større gjennomslag på bygdene. Denne utviklinga har nok også gjeve urbane impulsar til bygda Skjold. Frå gammalt av var Skjold prega av eit yrkesmessig einsarta samfunn der landbruket spelte ei sentral rolle. I dag er den yrkesmessige differensieringa stor og mange skjoldabuar går på skule eller arbeider utanfor bygdegrensene. Også kultur-og idrettslivet i bygda har utvikla seg frå ein homogen til ein meir heterogen tilbodstruktur. Mykje tyder på at denne utviklinga kjem som eit resultat av urban påverknad og at folk ønskjer å vere meir by-like. Hompland (1984) nyttar omgrepet mental urbanisering på desse prosessane som går føre seg på bygdene. Det er vanskeleg å seie kva denne utviklinga har å seie for dei sosiale nettverka i Skjold, men mykje tyder på at dei tidlegare tette og multiplekse nettverka i dag framstår som meir opne og uniplekse.

3.0 TEORI

3.1 *Den interaksjonistiske ståstaden*

Sosiolingvistiske studiar har i stor grad vore inspirerte av Labov og hans gruppebaserte, demografiske korrelasjonsstudiar (Labov 1966). Dette labovske paradigme har element av positivisme i seg, sjølv om det sentrale er språket som sosialt fenomen. Likevel har alternative retningar innan faget eksistert parallelt med desse først og fremst kvantifiserande studia. Ei slik retning kan kallast den interaksjonistiske, og står på mange vis som ei motsetjing til det klassiske paradigme. Denne retninga utvikla seg frå starten av 80-talet og konsentrerer seg først og fremst om individbaserte undersøkingar som kan forklare det einskilde individ sine språklege strategiar:

Disse enkeltstående individenes språklige ytringer blir innenfor denne tradisjonen satt i en utpreget hermeneutisk ramme, der en har lagt vekt på å skaffe seg en inngående innsikt i hvilke psykologiske og sosiale mekanismer som kan ha motivert de ulike verbale strategiene, og likeså hvilken intensjonell funksjon og betydning disse strategiene har innenfor gitte interaksjonelle sammenhenger. (Mæhlum 1996:202)

Mæhlum er her oppteken av den subjektive meiningsfortolkinga og kva denne har å seie for språkbruken til kvart einskild individ. Hannerz (1972:108 etter Mæhlum 1992:107) seier at denne interaksjonistiske ståstaden betraktar språkformer som: ”något som varierar med olika interaksjonsformer mellan menniskor”. Det samansette kompliserte menneske er etter dette kome i sentrum for forskinga og Akselberg (1993:83) seier dette om utviklinga:

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

Det er ei utvikling som har gått frå ei dominerande empirisk og kvantitativ gransking på positivistisk grunn, knytt til sosioøkonomiske faktorar på makronivå, til ei gransking som går i retning av meir bruk av kvalitativ og forståande metode på individ og mikronivå, med vekt på interaksjon og fenomenologi.

Mi gransking betår av ein del der eg nyttar kvantitativ metode, og dermed er mest oppteken av talmaterialet i datatilfanget. Den andre delen, som er kvalitativ, består av informantportrett der eg ønskjer å gå i djupna kring utvalde "type" informantar. Eg ønskjer her å nytte meg av den interaksjonistiske metoden og skapa ein subjekt-subjekt relasjon mellom meg og informanten og gjennom dette ta del i enkelte sider av informanten si livsverd. Målet er at eg gjennom denne metoden skal få innsyn i informanten sine språkstrategiar, altså få eit klarare bilete av dei ulike språkvala informanten tek i ulike situasjonar. I tillegg vil desse informantane vere interessante ut over seg sjølve. Dei vil representere ulike "typar" som kan gje kunnskap av meir allmenngyldig karakter.

3.2 Om språk og identitet

Det er i hovudsak sosialpsykologar og interaksjonelle sosiolingvistar som har arbeidd med samanhengen mellom språk og identitet. Kreolspråkforskarane Le Page & Tabouret-Keller (1985), meiner at det er ein klar samanheng mellom språkleg åtferd og identitet og at valet av lingvistisk kode difor blir ei form for identitetshandling. Ifølgje denne teorien tek altså språkbrukaren i bruk dei språkkodane som signaliserer den identiteten han har eller ønskjer å ha. Individet står relativt fritt til å velje språkkode innanfor det lingvistiske rommet det lever i. Ein kan altså søkje språkkode ut frå den identiteten ein ønskjer å ha retning mot. Dette er språkstrategiar som foregår både på det medvitne og det umedvitne plan. I den kvalitative granskinga mi har eg plukka ut fire informantar frå YG-gruppa som til dels har valt ulike

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

språkstrategiar innanfor deira felles lingvistiske rom, bygda Skjold. For å forklare dei ulike språkstrategiane til desse fire informantane, skal eg sjå på språkvala deira i forhold til teoriar om språk og språksosialisering. Teoriane eg har valt å knytte forklaringane til, er tilpassingsteorien og den sosiale nettverksteorien. Begge teoriane har fokuset på det einkilde individ sin interaksjon med dei nære sosiale omgjevnadene, og kan difor relaterast til den interaksjonistiske ståstaden eg har gjort greie for ovanfor.

3.3 Tilpassingsteorien

Denne teorien prøver å forklare bakgrunnen for dei språklege tilpassingsstrategiane menneske gjennomfører i ulike sosiale samanhengar. Mæhlum (1992:109) skriv :

et implisitt aspekt i teorien er prinsippet om menneskers nærmest universelle tilbøyelighet til å inngå i en viss interaksjonell synkronisering med sine sosiale omgivelser.

Eit resultat av denne interaksjonelle synkroniseringa blir at menneska gjennomfører ulike konvergerande verbale strategiar. Tilpassingsteorien prøver då å forklare dei psykologiske og sosialpsykologiske vilkåra for når og kvifor slike konvergerande tilpassingar finn stad.

Teorien er også oppteken av språkbrukarar som held på dei divergerande språkformene, eller forsterkar desse. Konvergens handlar altså om at ulike individ tilpassar seg språkleg til einannan. Konvergens blir ofte oppfatta positivt av den andre samtalepartnaren, fordi det blir tolka som at ein prøver å koma den andre i møte. Konvergens kan også bli oppfatta negativt om målet med konvergeringa er eit ønske om høgare prestisje eller status. Kjem konvergeringa av eit ønske om å unngå negative sanksjonar, blir strategien ofte oppfatta positivt av samtalepartnaren. Divergens er ein strategi som ofte blir brukt for å markere

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

forskjell mellom ein sjølv og samtalepartnaren. Divergensen kan kome av eit behov hos språkbrukaren for å framheva si sosiale tilhøyrse, men kan også uttrykke sosial avstand. Konvergens og divergens kan både fungere symmetrisk og asymmetrisk. I ein symmetrisk situasjon vil alle dei ulike samtalepartnarane konvergere eller divergere. I ein asymmetrisk situasjon vil sannsynlegvis bare ein av samtalepartnarane konvergere eller divergere. Viss me ser for oss ein situasjon der to språkkodar har ulik sosial status, vil ofte den som representerer lågstatusvarieteteten konvergere. Teorien kan forklare kreftene bak språkleg tilpassing i konkrete kontaktsituasjonar, der individ møtes ansikt til ansikt, men kan også forklare tilpassing til meir abstrakte einingar som haldningar og forventningar. Sentrale element i teorien blir også å finne ut om dei konvergerande eller divergerande strategiane er medvitne val i dei ulike situasjonane, eller om dette er psykologiske mekanismar som går føre seg på eit umedvite plan. Mange granskingar har konkludert med at individ trur dei tilpassar seg meir eller mindre enn dei faktisk gjer. Dette tyder på at val av språklege strategiar i stor grad går føre seg på eit umedvite plan. Det blir difor viktig å foreta ein analyse som tar for seg både den subjektive og objektive dimensjonen. Med ein slik analyse, vil ein betre kunne forstå og forklare dei ulike valde språkstrategiane hos informantane (jf. kap. 3.5). Det er også laga eit skilje mellom to variantar av tilpassing der tidsaspektet står sentralt: "Short-term accomodation" er ei språkleg tilpassing som går føre seg i ein umiddelbar, konkret samanheng, medan "long-term accomodation" er ei språkleg meir permanent tilpassing over tid. Innanfor begge desse typane akkomodasjon skjer det ei språkleg endring, men denne endringa er ikkje tilfeldig. Tilpassingsteorien seier at ei kvar endring er uttrykk for sosialt konvergerande eller divergerande handlingar. I mi gransking vil begge desse variantane av tilpassing ha betydning. I forhold til den intraindividuelle variasjonen informantane rapporterer at dei har i møte med haugesundarar eller urbant innstilte personar, vil "Short-term accomodation" stå sentralt. "Long term accomodation" vil etter alt å døme avspegle dei

språkvala informantane vel i møte med sambygdingar. Dette fordi kort-tids-tilpassingar på sikt kan resultere i lang-tids-tilpassingar.

3.4 Den sosiale nettverksteorien

Det er nære band mellom tilpassingsteorien og den sosiale nettverksteorien. Den sosiale nettverksteorien står på sett og vis i kontrast til Labov sin sosiale klasse-teori, som har vore den oftast brukte innanfor sociolingvistisk forskning. Perspektivet i nettverksteorien blir flytta frå makroplanet og klasse til mikroplanet, der den gruppa eller dei personane eit individ er i primær kontakt med, får hovudfokuset. Den sosiale nettverksteorien seier at oppbygginga av ein person sitt nettverk er avgjerande for dei språklege kodane personen nyttar i ulike situasjonar. Nære relasjonar som venner, foreldre, klassekameratar og naboar, altså primærgruppene til ein person, får stor normativ betydning gjennom den sosiale språkkontrollen desse utøver ovanfor individet. Milroy (1980) har gjennomført ein studie i arbeidarstrøka i Belfast. Dei vesentlegaste resultatane av denne undersøkinga konkluderte med at tette multiplekse nettverk, som ein vanlegvis finn i rurale samfunn, har ein sterkare normativ effekt på språkvala til folk, enn det opne uniplekse samfunnet vanlegvis har i urbane strøk. Dei tette multiplekse nettverka har difor ein viktig funksjon gjennom at dei opprettheld opphavlege talemønster. Dette medfører at ei urban utvikling mot meir uniplekse nettverk, vil svekke presset for å halde oppe tradisjonelle språkførm. Eit metodisk problem som melder seg, er korleis ein skal klare å operasjonalisere desse komplekse nettverksstrukturane i eit vitenskapleg arbeid. Bortoni-Ricardo (1985 etter Røyneland 2005:124) har gjennomført ei undersøking av språkskifte i ei migrantgruppe i Brasil og viser at det ikkje er tilstrekkelig å måle tettleiken og multipleksiteten i dei individuelle nettverka, men også kor integrerte eller isolerte nettverka er. Dette viser nokon av vanskanane ein kjem opp i ved ei operasjonalisering

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

av nettverksstrukturar og fleire forskarar har lurt på om det er muleg å operasjonalisera og kvantifisera kva verdi det einskilde nettverket har for individet:

er det overhodet legitimt å forsøke å klassifisere og systematisere menneskelige verdier og kvaliteter i forhold til liknende strikte kategorier som deler av naturvitenskapen tradisjonelt har kunnet applisere på sine mekaniske, subjektløse og ikke-intensjonale forskningsobjekter (Mæhlum 1992:126).

I denne granskinga er ikkje nettverksteorien operasjonalisert gjennom nettverksindeksar og liknande, men likevel er teorien sentral som forklaringsmodell i mine analysar av talemålsstrategiar i informantportretta (sjå kap. 7.3).

3.5 Bourdieus prakseologiske teori

I informantportretta mine er målet å gjere eit djupdykk i delar av kvar enkelt informant sine livsverder for å prøve å forstå dei ulike talemålsstrategiane desse vel. Eg vil då lytte til informantane sine eigne tankar og tolkingar rundt deira språkval. Blant anna Bourdieu (1994a) meiner at ein også må sjå bak tolkingane informantane gjer rundt eigen språkbruk, fordi det er usikkert om informantane er medvitne sine eigne språkstrategiar. Ein sentral del av analysen blir difor å prøve å oppdage og tolke dei meir underliggande, ofte umedvitne, årsakene til ulike språkpraksisar hos informantane.

Bourdieu's prakseologiske teorikonstruksjon prøver å kombinere ein emisk og ein etisk innfallsvinkel i informantanalysen. Med dette meiner at ein både tolkar informantane sine eigne perspektiv, men at ein også prøver å sjå informanten frå utsida og forklare dei same fenomenene som resultat av gjevne sosiale strukturar. Ein prøver altså å kombinere det

subjektive med det objektive og såleis overskride denne klassiske opposisjonen. Resultatet blir då ein analyse som tek for seg informantane sine opplevingar og handlingar rundt eigen språkbruk og kombinerer denne med ein objektiverande synsstad som prøver å samordne det subjektive med ein rekonstruksjon av faktorar som ligg bak og strukturerer dei språklege strategiane.

Prakseologien til Bourdieu vil eg nytta som eit bakteppe i informantportretta mine der eg vil kombinere dei ulike subjektive forklaringane til informantane med meir allmenngyldige teoriar om tilpassing og nettverk (sjå kap. 3.3 og 3.4).

3.6 Dialektnivellering

Termen dialektnivellering har vore i bruk heilt sidan 30-talet då Bloomfield (1933) nytta dette i sine granskingar. Frans Hinskens (1996) definerer dialektnivellering i si gransking (*Dialect Levelling in Limburg*) som: "the gradual abandonment by groups of speakers of dialectal elements of structures". Han seier her at dialektnivellering er reduksjon av strukturell variasjon, noko som betyr færre språktrekk mellom varietetane og innan same varietet. Denne reduksjonen innan same varietet gjeld resultatet av nivelleringsprosessen. Under prosessen kan den dialektinterne variasjonen auke snarare enn minke fordi folk får fleire former å velje mellom. Auer og Hinskens (1996) har også laga ein modell som viser ulike måtar språk kan endre seg på. Modellen er ein pyramide der du har dei ulike dialektane på den horisontale aksan, medan du har ein standarddimensjon i toppen. Nivellering kan her skje mellom dei ulike dialektane langs den horisontale aksan, noko dei kallar horisontal dialekt-dialekt konvergens eller han kan skje mellom dei horisontale dialektane og standarden i toppen, noko som blir kalla vertikal dialekt-standard advergens. Den horisontale aksan har her ein geografisk dimensjon, medan den vertikale i tillegg til den geografiske dimensjonen, også har ein statusdimensjon. Denne modellen viser då rommet dialektbrukarane har å halda seg til både når det gjeld variasjonen mellom dialektane og forholdet dialekt-standarddimensjon. Ein

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

ser altså her ein illustrasjon av dialektnivellering når ein plasserer ein dialekt i eit gitt språkområde. Røyneland (1999:103) ønskjer ei presisering av termen nivellering. Ho kallar den horisontale dimensjonen for regionalisering og den vertikale for standardisering. Eit spørsmål som då dukkar opp, er om ein kan snakke om ei regionalisering av dialektar i Noreg? Eit anna spørsmål blir om standarddimensjonen kan brukast i Noreg, der det ikkje eksisterer ei formell rikstalenorm?

3.7 Nivelleringsretning

Dei norske dialektane har til alle tider endra seg, men mykje tyder på at endringsfarten har auka dei siste 15-20 åra. Den globaliserte verda, der avstandar minkar og folk flyttar og reiser meir, blir sett på som sentrale forklaringsfaktorar rundt denne dialektendringa. Også gjennomgripande endringar innan kommunikasjonar, media, yrkeslivet og busetjing kan vere med å forklare dette. Sjølv om kvart einskild individ dei siste åra har opplevd stor grad av fridom til å ta eigne språkval, er det ting som tyder på at desse ulike språkvala ikkje kjem tilfeldig. Mange språkgranskingar både i inn og utland kan tyde på at desse språkvala byggjer på felles motivasjonar i ulike retningar. For sosiolingvistikken er det eit overordna mål å finne mønstra og forklare motivasjonane bak dei ulike språkval ulike individ tek. Innanfor nordiske målførestudium har forskarar lenge vore opptekne av regionen som ei sentral eining når det gjeld språkleg endring. Her ser ein for seg ei utvikling der dei lokale dialektane blir svekka og går i retning av større regionale dialektar eller regiontalemål. Nordiske målførestudium har også vore opptekne av standarddimensjonen. Ein har sett i blant anna Sverige og Danmark at lokale dialektar vert nivellert i retning av standardspråka i desse landa. I Noreg har me ikkje eit standardtalemål, slik dei har i Sverige og Danmark, men likevel kan ein kanskje sjå ein uformell standarddimensjon også i Noreg (sjå kap. 3.9).

3.8 Språkleg regionalisering

Nordiske talemålsstudiar har vore opptekne av å undersøke om ein kan finne tendensar til språkleg regionalisering i grannelanda (Ejskjær 1964 og Helander 1979 etter Røsstad 2005:62). I Danmark og Sverige er ein komen mykje lenger enn i Noreg når det gjeld denne regionforskinga. Dette kan nok mest skuldast dei formelle rikstalenormene desse to landa har teke i bruk. I Noreg vart det starta eit nasjonalt talemålsprosjekt (TEIN) i 1998, der eit sentralt mål var ”å granska utviklinga av språkleg regionalisering i Noreg” (Akselberg 1999:9). Akselberg (op. Cit.) seier vidare:

Enno veit vi lite om korleis det utviklar seg regionale talemål i landet, men vi har mange teikn på at slike prosessar er i gang. I prosjektet arbeider vi m.a. på grunnlag av ein hypotese om at det er i ferd med å utvikla seg regionale dialektar rundt dei viktigaste økonomiske, politiske og kulturelle sentra i landet, som t. d. Oslo, Stavanger, Bergen og Trondheim.

Sandøy (2003:226) skriv at:

Det er ein allmenn tendens til at språkforskjellane mellom dei minste lokalitetane forsvinn til fordel for språkdrag som dekker større område, det vi kallar regionalisering.

Dette tyder på at språkleg regionalisering inneber ei utjamning av lokale talemålsdrag innanfor ein region og at resultatet av denne regionaliseringa mange stader ser ut til å bli eit regionaltalemål som er eins for eit større geografisk område. Sandøy (2006:39) kjem med kritikk av regionsomgrepet og seier:

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

Den sosiale kontakten kan avspegle seg i at fleire språkdrag får ein viss likskap i utbreiinga, slik at ein kan omtale fenomen som del av eit kulturområde, men det er vanskeleg å få stadfesta tydelige dialektgeografiske resultat som samsvarar med eit meir pretensiosøst og presist sosiologisk begrep om region, der ein legg vekt på at regionen skil seg ut som ei funksjonell eining eller identitetseining i kontrast til det geografiske området utanfor.

Regionaliseringsomgrepet har også møtt kritikk, blant anna frå Røyneland (2005). Ho er oppteken av å ikkje blande saman omgrepa dialektnivellering og regionalisering. Ho meiner at regionalisering føregrip utfallet av nivelleringsprosessen og at ein slik nivelleringsprosess ikkje nødvendigvis har regionalisering som resultat, sjølv om dette nok ofte er utfallet.

Røyneland (2005:50) definerer regionalisering som prosess :

først og fremst til reduksjon av variasjon mellom ulike lokale eller meir eller mindre regionale dialektar, dvs. primært nivellering langs den horisontale og semivertikale, medan standardisering som prosess inneber ein reduksjon av variasjon mellom dialekt og standard, dvs. nivellering langs den vertikale aksene.

Sjølv om regionaliseringsomgrepet har møtt kritikk, kan ein tenkje seg at ulike regionsentra rundt omkring i Noreg vil vere med å forklare talemålsval og dermed talemålsmonster blant språkbrukarane. For å kunne nytte seg av regionen som språkforklarande nivelleringsinstans, trengs ei djupare forståing av kva ein region er. Fossaskåret (2000:31) skil mellom funksjonell og kulturell region. Ein funksjonell region er initiert gjennom forvaltningseiningar, medan ein kulturell region handlar om innbyggjarane si mentalitetstilhøyrse. Sandøy (2006:25) nyttar Salomonsen (1996) si inndeling og skil mellom administrativ, funksjonell og kulturell region,

der den administrative handlar om ein samfunnsautoritet som set forvaltningsmessige grenser på kartet, medan den funksjonelle viser samhandlingsmønster i kommunikasjonar og kontaktar. Sandøy sin kulturelle region viser samanfall med Fossaskåret. Desse ulike måtane å sjå ein region på kan vera samanfallande, men ein kan og sjå for seg ein situasjon der sentrale styringsorgan har oppretta administrative einingar over hovudet på innbyggjarane, der desse orienterer seg i andre mentalitetsmessige retningar. Samhandlingsmønster i kommunikasjonar og kontaktar kan også gå på tvers av mentalitet og forvaltningsgrenser.

Dei fleste som bur i Skjold reknar Haugesund som sin by. Sjølv om Ølen er det administrative sentrumet i Vindafjord kommune, orienterer dei fleste skjoldabuar seg i retning Haugesund enten det gjeld kulturtilbod eller "shopping". Skjoldaungdommen vel også oftast vidaregåande skular i Haugesund, og mange har sitt daglege arbeid her. Stavanger, som ligg på sørsida av Boknafjorden, ca. 8 mil frå Skjold, spelar ei mindre rolle for skjoldabuen.

3.9 Standardtalemål

I Noreg har me ikkje ein offisiell norsk talemålsstandard, og heller ikkje ein uformell standard som er allment akseptert. Likevel er det grunn til å seie at me i Noreg har uformelle talemålsstandardar i bruk. Det er vanleg å sjå på talt nynorsk og talt bokmål som slike talemålsstandardar (Røynealand 2005:53; Mæhlum 1992:166). Likevel er det som regel slik at fonologi og prosodi ikkje er ein del av standarden, men blir markert av bakgrunnen til den einskilde talaren. I tillegg til talt bokmål og nynorsk er det også gode grunnar til å operere med eit standardtalemål med austlandsk basis. Dette blir då ein varietet som kan kallast standardaustnorsk talemål. Denne talemålsvarietetten har då austnorsk prosodi og fonologi, men morfologi, syntaks og leksikon knytta opp mot moderat bokmålsnorm. Standardaustnorsk talemål og talt bokmål har begge sterke felles drag med moderat bokmål, når det gjeld morfologi, syntaks og leksikon. Eg vil i det vidare arbeidet nytta begge desse

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

varietetane som talt bokmål. Det kan vidare seiast at talt bokmål har ei mykje større utbreiing enn talt nynorsk her i landet. Dette gjer det sannsynleg at det talte bokmålet er ein viktigare normeringsinstans enn talt nynorsk, og i denne samanhengen kanskje den største påverknadskjelda. Akselberg har studert talemålsutviklinga på Voss. Han er her oppteken av korleis nivelleringsprosessane verkar i dette området på Vestlandet. Han konkluderer med at:

I vest ser horisontale nivelleringsprosessar ut til å spele ei sentral rolle. Dessutan verkar det som ulike urbane bysentra spelar ei større rolle som normideal enn såkalla standard austnorsk (Akselberg 2002:18).

Som me ser kan det vere vanskeleg å operere med ein standarddimensjon innanfor norske talemål og kanskje enda vanskelegare i forhold til talemål på Vestlandet. Eit anna problem som melder seg, er at bymål ofte har likskapstrekk med talt bokmål. I mi undersøking frå Skjold er nok dette i stor grad tilfelle. Dei fleste nivellerte former eg opererer med, er former ein finn i Haugesund, men også i talt bokmål. Dette gjer det vanskeleg å seie om det er Haugesund som regionby eller talt bokmål som påverkar skjoldabuen i denne nivelleringsprosessen. Ein metode å finne dette ut på, kunne vere å plukke ut variablar der ein hadde tre aktuelle ordformer, ei tradisjonell skjoldaform, ei haugesundsform og ei talt bokmålsform (jf. slik Hernes gjer det for Os-målet 2006). Gjennom denne metoden kunne ein kanskje sagt noko presist om nivelleringsretning. I mi gransking har eg hovudsakleg ikkje brukt variablar som har denne tredelinga, og dermed blir det vanskeleg å seie noko klart om nivelleringsprosessane i Skjold er resultat av ei regionalisering eller ei standardisering.

3.10 Ungdom som undersøkingsobjekt

”The transition from childhood to adulthood is often, almost characteristically, accompanied by extremism” (Chambers 1995:170).

I den sosiolingvistiske delen av denne oppgåva nyttar eg ungdom som informantgrunnlag. Det er då naturleg å forklare nokon forhold som gjer denne gruppa til hovudforskningsobjekt i dette arbeidet. I mange studiar av ungdom sitt relasjonelle forhold til den eldre generasjonen har ungdom vist seg å vere både ei opprørsk og ei innovativ gruppe. Utan at det treng arte seg som kraftfulle opprør, står ungdom ofte i eit opposisjonelt forhold til den eldre generasjonen. Ungdom har eit markeringsbehov, og dette gir seg ofte utslag i distansering frå den eldre generasjon sine symbolsett. I ein flom av normer og reglar som skal internaliserast, må ungdom ta val, og kanskje bryte enkelte normer. Ei forklaring på slike normbrot kan vere behovet for markering av eigen gruppeidentitet, noko som etter ei tid kan skapa nye normsett. Blant språkforskarar er det stor semje om at ungdom spelar ei sentral rolle både når det gjeld språklege innovasjonar og spreing av desse (Chambers 1995, Labov 1994, Kerswill 1996, Eckert 2000 etter Røyneland 1999:76). Også ei gransking frå tre byar i England: Hull, Reading og Milton Keynes viser at ungdom mellom 14-18 år er ei spesielt viktig gruppe når det gjeld språkendring (Kerswill 1996a, Cheshire m.fl. 1999 etter Røyneland 1999:76). Når det gjeld spreing av språkformer, lever ungdommen dynamiske liv der dei treffer mange menneske. Gjennom skule, organisasjonsliv og i ungdomsgjengar får nye språkformer innpass, og etter ei tid blir desse nye formene automatisert og tekne i bruk blant andre grupper. Eit viktig spørsmål blir då om ungdom endrar språkbruk seinare i livet eller om språket dei uttalar i ungdomstida, er det same som dei uttalar når dei blir eldre? Med andre ord: Kor lang lingvistisk funksjonstid har desse novasjonane hos dei unge? Ein kan tenke seg

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

ein del ord og uttrykk som tilhøyrrer ungdomstida, men som forsvinn når folk når ein viss alder. Samstundes vil ein del av desse ungdomsnovasjonane bli permanente hos den enkelte språkbrukar. Dette dilemmaet blir på fagspråket kalla "alders-stratifisering", og representerer eit metodologisk problem som blant anna Røyneland har støyta borti (2001:78). Norberg (1984:94) skriv:

Ungdomar utvecklas snabbt, och om det förflyter ett eller ett par år mellan innsamlingstillfällena, kan deras språk och språksociala hållning förändras i sådan utsträckning att de olika datamängderna inte blir kommensurabla.

Det er eit paradoks at ungdomsgruppa er eit godt forskingsobjekt fordi dei er så innovative språkleg, samstundes som dei som informantgruppe, blir svekka fordi dei endrar mange talemålstrekk i vaksen alder. Om diakron endring kan lesast av synkront, blir difor noko uklart. Dei fleste språklege endringane eg undersøker i denne granskinga, er resultat av dialektnivellering. Dette gjer det lite sannsynleg at endringane er avgrensa til ein viss alder. Labov lanserer to måtar for å løyse dette problemet, enten å samanlikna med tidlegare arbeid innan same språkområde eller å driva longitudinelle studiar, der ein utfører det språklege arbeidet fleire gonger med tidsintervall mellom dei ulike undersøkingane. I mitt undersøkingsområde (Skjold) er det dessverre ikkje utført liknande språkarbeid, så nokon dokumentasjon rundt tidlegare talemålsbruk, er uråd å finne. Det er også tidsmessig umogleg å gjennomføre ein longitudinell studie av bygda Skjold. Eg ser difor at dei innsamla data kan ha endra seg om eg snakkar med dei same informantane på eit seinare tidspunkt. Likevel vil eg hevde at resultatane mine viser klare språklege tendensar, og at det er svært sannsynleg at desse tendensane viser språklege utviklingslinjer i Skjold.

3.11 Markertheit

Omgrepet markertheit er ein mykje brukt term innanfor både struktur- og sosiolingvistikken. Desse to talemålsfaglege områda har ulikt fokus når det gjeld innhaldet i dette omgrepet, men felles for dei begge er at markertheit handlar om at nokre språktrekk av ulike årsaker er meir framtrødande enn andre og at desse ”markerte” trekk lettare vil forsvinne enn dei mindre markerte trekk. Kva så med markertheit som eksternlingvistisk omgrep? Brit Mæhlum (1992:280) kallar sosial markertheit: ”en overordnet dimensjon som reint allment kan motivere seleksjonen av språkdrag innanfor dette samfunnet”. Trudgill peikar på geografisk utbreiing som vesentleg kriterium i forhold til sosialt markerte former, når han seier i si drøfting av nivellerte trekk i Høyanger at ”forms that are unusual or inn a minority in Norwegian as a whole” kan oppfattast som markerte (Trudgill 1986:98). Eit anna kriterium er normene i storsamfunnet. Det er ein tendens til at lokale språkformer blir erstatta av språkformer som blir sett på som meir normaliserte. Her blir spørsmålet om me i Noreg kan seiast å ha ein talemålsstandard interessant (sjå kap. 3.9). Mæhlum (1992:281) seier at

i ein koineiseringsprosess viser det seg ofte at lokale språkformer ofte blir erstatta av normaliserte variantar, som dermed kan oppfattast som det umarkerte alternativet.

I mine samtalar er det fleire informantar som peikar på spesielle trekk ved skjoldamålet som dei reknar som markerte. Eg ser på det som vanskeleg å operasjonalisere omgrepet markertheit, og har difor ikkje gjort dette i mi oppgåve. Eg nyttar likevel dette omgrepet når eg kommenterer dei ulike språklege variablane i språkgranskinga. Dette fordi eg trur det er eit visst samsvar mellom informantane sine tankar rundt markerte trekk i skjoldamålet, og former som gjennom språkgranskinga viser seg å vere svekka blant dei unge i Skjold.

4.0 METODE

4.1 Kvalitative og kvantitative metodar

Metode i denne sammenhengen er at ein tek i bruk den reiskapen som fører fram til best mulig resultat, altså ny erkjenning og innsikt i eit vitenskapleg arbeid. Kristoffersen(1996:230) forklarar metode på denne måten:

En vitenskaplig undersøkelse tar utgangspunkt i ett eller flere spørsmål som en ønsker besvart. Etter å ha formulert disse spørsmålene mest mulig presist, forsøker en å finne fram til undersøkelsesmetoder som best mulig vil gi oss svar på dem. Jo bedre metodene oppfyller dette formålet, jo høyere validitet har de. Dette er idealet.

Ifølgje Kristoffersen er sammenhengen problemstilling og metode sentral. Dess klarare problemstilling, dess lettare blir det å finne ein passande metode som gir optimal vitenskap. Generelt har ein delt metodikken i to hovuddelar: dei kvalitative og dei kvantitative metodane. Bakgrunnen for dette skiljet er ulike prinsipp for innsamling og analyse av datamaterialet. Mæhlum (1992:99) karakteriserer kvalitative metodar som:

et samlebegrep for nokså sammensatte og divergerende forskningsintensjoner og forskningsaktiviteter, snarere enn at det er noen presis betegnelse for veletablerte og klart definerte metodiske prinsipper.

Ho ser likevel vesensforskjellen mellom denne metoden og den kvantitative. For Ottar Hellevik (1977:8) er kvantitative metodar:

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

fremgangsmåter der forskeren først systematisk skaffer seg sammenlignbare opplysninger om flere undersøkelsesobjekter av et visst slag, så uttrykker disse opplysningene i form av tall, og til slutt foretar en analyse av mønsteret i dette materialet.

Sigmund Grønmo meiner at forskjellen mellom kvalitative/kvantitative metodar i stor grad handlar om eigenskapane ved innsamla og analysert data. Han seier dette om dei to datatypene:

Grovt og enkelt skissert kan data karakteriseres som kvantitative dersom de uttrykkes i form av rene tall eller andre mengdetermer (for eksempel mange/få, flere/færre, de fleste/de færreste, osv.). Data som ikke uttrykkes på denne måten er kvalitative (Grønmo 1996:73-74).

Forskjellen mellom desse to metodebåsaner kan då seiast å vere at den kvalitative metoden legg vekt på å forstå forskningsobjektet sin kvalitet, altså gå i djupna. Ein kan seie at det i større grad rår ei heilskapstenking innanfor denne disiplinen. Den kvantitative metoden er først og fremst formalisert og strukturert der representativitet og generalisering står sentralt. Ordskiftet kring kva type metode som viser størst grad av reliabilitet og validitet, har pågått lenge.

I dei seinare år har fleire forskarar meint at desse to metodane kan kombinerast og at ein gjennom dette kan bruke det beste frå kvar metodikk. Dette vil resultere i det mest muleg optimale vitenskaplege resultatet. Grønmo (1980:21) meiner at "det er mye å vinne på å kombinere kvalitative og kvantitative data i samfunnsvitenskaplige undersøkelser". I denne granskinga samlar eg inn data gjennom ei kvalitativ utplukking av informantar. Eg er oppteken av at informantutvalet mitt skal avspegle dei ulike typene unge og vaksne, og slik

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

sett vere overordna det einskilde individ. Dette kvalitativt innsamla informantutvalet kvantifiserer eg i tallstorleikar innanfor MG-og YG-gruppa. Eg nyttar også desse tala til å gruppere informantane i alder, kjønn og bustad i bygda. Ei slik kvantifisering av kvalitative data har vore kritisert av blant anna Grønmo (2004:342) som meiner at dette kan vere ein problematisk framgangsmåte.

Faren er at man under den kvalitative datainnsamlingen gir avkall på eller forkaster de kravene til struktur og presisjon som de kvantitative analyseteknikkene forutsetter, selv om man deretter bruker slike teknikker under dataanalysen.

Røyneland (1994:46) derimot, meiner denne metoden er god innan sosiolingvistisk arbeid. Ho skriv:

det er ingen prinsipiell grunn til at data som er samla inn etter kvalitative metodar ikkje også skulle kunne handsamast kvantitativt. Tradisjonell sosiolingvistisk forskning er eit døme på dette. På den eine sida vert det nytta innsamlingsmetodar som i stor grad er fenomenologisk-hermeneutiske, medan handsaminga av materialet oftast er strengt positivistisk.

I denne granskinga er ikkje målsetjinga å nytte dette kvalitativt innsamla materialet til statistisk generalisering. Målsetjinga er meir å vise tendensar i talemålsutviklinga i Skjold. Det må også nemnast at i dei seinare år har denne kombinasjonen av kvalitative og kvantitative metodar blitt meir og meir vanleg, noko som er med på å gje meg tryggleik rundt valet av ein slik metode.

4.2 Informantutvalet

Eg har i denne undersøkinga intervjuet og analysert språkbruken til i alt 17 personar. Av desse er tre frå den eldre generasjonen (EG), fire frå mellomgenerasjonen (MG) og ti frå den yngre generasjonen (YG). Det er dessverre ikkje tidlegare utført språkgranskingar i Skjold. Dette gjorde at eg starta mitt arbeid utan nokon som helst dokumentasjon rundt språkbruk i bygda. Før eg kunne starte hovuddelen av språkgranskinga mi, måtte eg difor lage ei oversikt over det tradisjonelle målet. Eg fann då ut at eg ville intervjuet tre frå det eg kallar den eldre generasjonen (EG) i bygda. Den eldre generasjonen (EG) er personar fødde før 1935 som har budd heile livet i Skjold. Begge kjønn og både sentrum og periferi i bygda er representert i denne gruppa. Dette er språkinteresserte personar som i tradisjonell dialektologi blir kalla heimselsmenn. Dei er altså på ingen måte representative for befolkinga elles, men er slike som er medvitne sin eigen dialekt og i stand til å gje tilbakemeldingar rundt dialektbruk i bygda. Gjennom desse informantane har eg altså fått tak i det stødige dialektbrukarar oppfattar som den tradisjonelle skjoldadialekten. Det er desse tre personane eg nyttar som grunnlag i kap. 5.0 som omhandlar den tradisjonelle skjoldadialekten. Denne metoden reknar eg som forsvarleg i og med at denne delen var eit utgangspunkt for samanlikning med yngre grupper sitt talemål i bygda. Det bør også nemnast at eg sjølv er frå området, og derfor har gode intuisjonar på kva som inngår i den tradisjonelle dialekten. Ei grundig kartlegging av det tradisjonelle talemålet i Skjold ville aleine vore eit stort arbeid.

Gruppa eg har kalla MG (mellomgenerasjonen), er personar født mellom 1970-1976. I tillegg til at desse fire informantane (MG-gruppa) er ca like gamle, er dei også i same fase av livet. Alle fire med unnatak av ein, har familie og har valt å busette seg i bygda. Den siste personen har kjærast og bur på gard i bygda. Alle desse fire har altså teke valet om å bli i Skjold og har etablert seg med jobb og dei fleste med familie. Difor kan me seie at dei tilhøyrer same livsfase (meir om livsfase sjå kap. 7.2.1.2). I forhold til andre språklege granskingar er alderen på denne MG-gruppa (mellomgenerasjonen) relativt låg. Grunnen til dette er at eg

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

trur talemålet i bygda har utvikla seg mykje berre dei siste 15-20 åra, og dette er noko eg ønskjer å undersøkje i oppgåva.

Hovuddelen av denne oppgåva handlar likevel først og fremst om dei unge sitt talemål i bygda. Dette er grunnen til at eg nyttar ti informantar frå YG-gruppa (yngre gruppe) i undersøkinga. Av desse ti informantane er fire henta frå 10. klasse ved Skjold skule, medan resten er personar mellom 18-23 år frå ulike delar av bygda. Når det gjeld dei fire personane frå 10. klasse ved Skjold skule, står desse i startgropa til livet der ulike val for framtida skal takast. Spørsmål som opptar denne gruppa, er blant anna kva dei skal utdanne seg til og kor dei skal busetje seg? Slik kan ein seie at også desse held seg innanfor ein felles livsfase. Dei seks andre ungdommane mellom 18-23 år frå YG-gruppa, har det til felles at ingen av dei har stifta familie. Likevel finn me både studentar og personar som akkurat har begynt i arbeid blant desse. Likevel gjer blant anna familiesituasjon det nærliggande å tru at desse representerer noko i retning av same livssituasjon. Alt dette gjer at i tillegg til at dei utvalde informantane er innanfor same aldersgruppe, kan me også seie at dei tilhøyrer same livsfase, noko som skapar eit felles utgangspunkt for deira ulike språklege val (meir om livsfase kap. 7.2.1.2).

I gruppa YG var eg ute etter alle typar ungdom i Skjold. Det einaste kravet eg stilte, var at dei hadde vakse opp og budd her til og med 10. klasse. Åtte av ti informantar har ein eller begge foreldra frå Skjold, medan to har begge foreldra frå Haugesund eller Karmøy. Det var naturleg for meg også å inkludere personar utan foreldreopphav frå Skjold, sidan Skjold ligg tre mil frå Haugesund, og er kjend som ei attraktiv tilflyttarbygd for haugesundsregionen. Dette gjer at persongruppa utan foreldreopphav frå Skjold utgjer ein vesentleg del av den språkpåverknaden som heile tida brytes mot det tradisjonelle skjoldamålet.

4.3 Utveljinga av informantar

Den første delen av informantutveljinga mi gjorde eg ved å dele ut eit spørjeskjema til alle 10. klassingane ved Skjold skule. På dette skjemaet skulle dei gje uttrykk for deira holdning til bygdeverdiar og dialekt. I tillegg fekk eg her kjennskap til variablar som kjønn og bustad i bygda. Eg møtte sjølv opp i dei to 10. klassane ved Skjold skule og gjennomførte denne undersøkinga. Etter å ha analysert dei ulike svara, plukka eg ut fire informantar som eg meinte kunne vere interessante i den språklege granskinga mi. Eg var her ute etter personar som kunne representere ulike ”typar” ungdom i bygda. Kriterium eg følgde i utveljinga, var deira haldning til bygda og dialekten, at begge kjønna var representerte og om dei budde i sentrum eller perifert i bygda. Blant anna plukka eg her ut ein person som hadde begge foreldre frå Haugesund, men sjølv hadde vakse opp i Skjold. Vedkommande markerte også tydeleg i spørjeundersøkinga at han var urbant orientert. Denne personen representerer difor som ovanfor grunngeve, ei vesentleg språkpåverknadsgruppe i Skjold. Dei siste seks informantane i YG-gruppe vart plukka ut etter variablane kjønn og bustad i bygda. I tillegg var eg opptatt av at desse seks saman med dei fire frå 10.klasse skulle gje eit mest muleg representativt bilete av talemålet blant dei unge i Skjold. Ein del av grunnlaget for denne utveljinga er difor min eigen kunnskap om språklege og sosiokulturelle forhold i bygda. Dei same utvalsprinsippa låg til grunn for informantane i mellomgenerasjonen (MG).

Det er dei 10 informantane i YG –gruppa eg har valt å gje eit kvantitativt sosiolingvistisk bilete av. Dette fordi det er desse unge som sannsynlegvis er mest lingvistisk innovative og dermed er hovudeksponentane for den moderne talemålsutviklinga i Skjold. (sjå kap. 3.10). Det er likevel slik at informanttalet mitt er for lågt til å kunne lage ei grundig kvantitativ undersøking. Den kvantifiseringa eg har gjort gjennom den språklege (MG og YG) og den sosiolingvistiske undersøkinga, viser difor talemålstendensar, men ein kan vanskeleg trekkje statistisk generaliserbare slutningar ut frå dette arbeidet.

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

Etter å ha studert dei meir overordna mønstera i materialet mitt, ønskjer eg å studere det einskilde individ. Ein overordna studie gjennom kvantifisering av resultat seier lite om dei enkelte kompliserte menneska i dette materialet. Eg ønskjer difor å presentere nokre djupare portrett av einskilde informantar. Desse informantane er ikkje berre interessante som einskildmenneske, men som representantar for visse ”typar” ungdom i Skjold. Målet er å ta del i ungdomane sine tankar kring delar av eiga livsverd og på den måten meir kunne forstå deira motivasjonar for eigne språkval. Likevel vil det vere umogleg å få ut all relevant informasjon rundt språklege praksisformer hos kvar einskild informant (jf. kap. 3.5). Årsaka til den manglande informasjonsstraumen frå informantane treng ikkje skyldast uvilje, men snarare at ulike sosiale og strukturelle forhold alltid vil dukke opp utan at dette er medvite for informantane sjølve. Dette gjer det vesentleg å prøve å tolke dei skjulte praksisformene ut frå den informasjonen ein sit på etter intervjuet.

4.4 Innsamlinga av språklege data

I mi gransking har eg nytta begge sider av den metodiske skalaen. Eg begynte med å dele ut eit spørjeskjema til 10.klasse som omhandla haldningane deira til bygd og dialekt. Etter dette intervjuar eg eit utval (fire) av desse. Godvilje frå lærarar ved Skjold skule gjorde at eg kunne gjennomføre intervjuar i grupperom på skulen. Eg tok ut ein elev om gongen. I første delen av intervjuet (ca 30 min) prata me rundt ulike emne som oppvekst, bygdehaldningar, interesser og dialekt. Eg følgde eit emneoppsett, men var mottakeleg for andre emneval om informantane viste spesiell interesse i ei eller anna lei. Målet med samtalen var å ta del i nokre sider ved informantane sine livsverder og sjå desse i samanheng med ulike språkval. Eit anna mål var å lage ein mest mogleg uformell intervjusituasjon, noko eg lykkast med etter eigne vurderingar. Denne uformelle intervjusituasjonen er blitt rekna for å vere påliteleg i språkforskingsssamanheng. Målet med denne uformelle intervjusituasjonen er å få fram det

ekte daglegspråket som i følgje Labov (1984) gir det beste og mest systematiske datamaterialet for analyse av ein lingvistisk struktur. Denne labovske teorien er likevel kritisert på bakgrunn av den store innsikta me har om intraindividuell variasjon og ulike register som blir brukte i ulike situasjonar. Med bakgrunn i denne intraindividuelle variasjonen verkar det rart å konstruere eit hierarki av intervjusituasjonar der nokon situasjonar skulle få fram eit meir ekte språk enn andre.

Etter denne samtalen presenterte eg ei utfyllingsliste for informantane. Målet med utfyllingslista var å få fram spesielle språkformer hos informantane. Dette blei gjort ved at eg hadde laga setningar der det aktuelle ordet mangla. Informanten skulle då munnleg fylle inn dette ordet. Eg las setninga opp på skjoldadialekt og informanten uttala det aktuelle ordet. I dei fleste tilfelle gjekk dette greitt, men ved enkelte høve måtte eg dele ut arket med setningane (skrivne på dialekt) slik at informanten skulle skjønne kva ordform eg var ute etter. Det var viktig at informantane svara raskt utan å tenkje over kva ordform dei ville bruke. Dette gjorde at eg fekk fram ei meir naturleg form enn eg elles ville fått, trur eg. Eg trur også at min skjoldadialekt var med å skapa ein naturleg situasjon for informanten, og at dette igjen skapte naturleg tale frå desse. Det kan likevel vere eit muleg problem at dialekten min er noko avslipen fordi eg har budd vekke frå bygda i 15 år. Informantane kan ha blitt påverka av denne avslipne dialekten slik at den rapporterte bruken av tradisjonelle variantar har vorte noko lågare. Likevel opplever eg dette som eit marginalt metodisk problem i denne granskinga. Det å sitje med ei utfyllingsliste kan også vere med å bryte med den i utgangspunktet, uformelle samtalen. Mi eiga oppleving av situasjonen var at denne var uformell og avslappa på tross av utfyllingslista. Sidan denne innfyllingsmetoden byggjer på rapporterte språkformer, ønskjer eg i underkap 4.5 å undersøke korleis desse rapporterte språktrekka harmonerer med dei registrerte.

Dei seks ungdommane mellom 18-23 år intervjuar eg også ein og ein. Intervjua gjekk enten føre seg heime hos informantane eller i heimen eg disponerer når eg er i bygda. Det ideelle ville vore om alle informantar opplevde same intervjusituasjon. I mi undersøking varierer intervjusituasjonen mellom grupperom på skulen og private heimar i bygda. Likevel trur eg dette vesle avviket har hatt lite å seie for dei ulike produserte ordformene. Saman med informantane gjekk eg først munnleg gjennom spørjeskjemaet om haldningar til bygdeverdiar og dialektbruk. Etterpå følgde eg same emnelista som eg nytta blant 10.klassingane. I siste delen blei også denne gruppa presenterte for utfyllingslista.

Same opplegg blei gjennomført på MG-gruppa. Både intervjua i MG-og YG-gruppa vart tekne opp på band, og det er opptaka av dei 10 informantane frå YG-gruppa eg nyttar som grunnlag i mi delundersøking rundt forholdet mellom rapportert og registrert tale (sjå kap. 4.5). I sjølve intervjusituasjonen visste informantane at eg var oppteken av talemålet deira, noko som sjølv sagt kan ha påverka nokon av dei til å snakke meir eller mindre dialekt. Tilbakemeldingane eg fekk rundt deira eigen dialektbruk i denne situasjonen, var likevel at dei syntest det var lett å snakke eigen dialekt med meg som snakka skjoldadialekt sjølv. Det metodiske problemet i denne samanheng hadde nok vore større om eg snakka haugesundsmålet eller eit standardisert austlandsmål.

4.5 Delundersøking av rapportert kontra registrert tale blant YG-informantane

Eg ønskjer å undersøke forholdet mellom rapporterte og registrerte ordformer i YG-gruppa. Med rapportert språkbruk i denne samanheng meiner eg dei språklege realiseringane informantane oppgir gjennom innfyllingsmetoden (sjå kap. 4.4). Med registrert språkbruk meiner eg dei realiseringane av språkbruk informantane har i det uformelle intervjuet med meg. Det betyr at eg til saman undersøker 10. informantar rundt dette forholdet. Dei rapporterte ordformene kjem som eit resultat av utfyllingsskjemaet eg tidlegare har gjort greie

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

for. Det er vanleg at ein finn rapporterte ordformer gjennom spørjeskjema eller samtale der informantane gjev opp den ordforma dei sjølv meiner dei uttalar. Denne metoden har møtt kritikk fordi det vert hevda at dei rapporterte data ikkje alltid harmonerer med dei registrerte data hos informantane. I denne delundersøkinga vil eg sjekke om utfyllingsmetoden fører til godt samsvar mellom rapportert og registrert tale. Som tidlegare nemnt gjorde eg uformelle opptak med kvar informant, og det er desse opptaka (ca 30 min pr. informant) som er grunnlaget for den registrerte språkbruken eg her skal sjå i forhold til rapporterte data. Det er fleire måtar å gjere dette på, men eg kom fram til at eg måtte halda meg til dei aktuelle ordformene under kvar variabel, til saman 33 stk.(sjå vedlegg nr. 1). Dette fordi fleire informantar har rapportert både tradisjonell og nivellert språkform, og slik sett gjort det umuleg for meg å vite kva dei ville rapportert rundt eventuelle andre registrerte ordformer innanfor same variabel. Under sjølve registreringa oppdaga eg at ein del informantar brukte både tradisjonell og nivellert form i samtalen med meg. Eg har valt å lage ein eigen rubrikk som eg har kalla variasjon under registrering, for å samle opp desse. Målsetjinga med denne delen av oppgåva er altså å sjå på forholdet mellom rapportert og registrert språkbruk.

Tradisjonell dialektologi bygde i hovudsak på at "heimselsmenn" rapporterte inn sin eigen eller andre sin språklege praksis. Dess meir grundige ein var med utplukkinga av heimselsmenn, dess betre resultat fekk ein. Gjennom sosiolingvistikken voks det fram tankar om at den rapporterte språkbruken ikkje alltid samsvara med den registrerte. Ein begynte også å lure på kvifor desse heimselsmennene rapporterte feil. Mange sosiolingvistar begynte å interessere seg for denne feilrapporteringa, og dette førte igjen til at mange av dei mista trua på sjølvrapportering som metode for innsamling av korrekte språkdata. På tross av dette har det heilt fram til i dag vore fleire forskarar som har nytta seg av sjølvrapportering, dels i opposisjon til det rådande synet. Så tidleg som i 1979 skriv Thelander (1979:118 etter Røsstad 2005:55) om sine informantar at dei "har en førhållandevis realistisk syn på sitt eget sett at

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

tala”. I 1985 arbeidde Omdal (:236 etter Røsstad 2005:55) med forholdet rapportert og realisert språkbruk hos unge i Bergen. Han seier ”at variasjonen i pålitelighet er stor, både fra informant til informant , og avhengig av hva slags språklig fenomen det er tale om”. Attestog (2004:119) har nytta sjølvrapportering som ein supplerande metode i hovudoppgåva si. Ho konkluderer med ”eit oppsiktsvekkjande godt samsvar” mellom den realiserde og den rapporterte språkbruken til unge setesdølar. Jorem (1995 etter Røsstad: 2005:55) deler bergensarane inn i tre grupper, finbergensk, gatebergensk og middelklassen. Ho finn stort samsvar mellom registrert og rapportert språkbruk i dei to første gruppene, men bare 37,5 % samsvar i middelklassegruppa. Jorem argumenterer for at dette ikkje skyldast feilrapportering, men heller at desse informantane varierer meir i intervjusituasjonen enn dei to andre gruppene. På bakgrunn av at tidlegare granskingar viser intraindividuell variasjon i intervjusituasjonen, har eg valt å ta med dette som eit moment i mi gransking.

Undersøkinga mi:

Informantar	Samsvar mellom rapportert og registrert ordform	Ikkje samsvar mellom rapportert og registrert ordform	Variasjon under registrering
Fonologiske var. (15 ordformer) :	85 %	15 %	0 %
Morfologiske var. (12 ordformer) :	81 %	14 %	5 %
Leksikon (6 ordformer) :	78 %	6 %	16 %
Gjennomsnitt av dei 33 ordformene :	80 %	14 %	6 %

Gjennom denne metoden eg har valt, får eg registrert gjennomsnittleg 25 % av dei rapporterte formene hos informantane. Labov sitt variabelkrav om høg frekvens av det einskilde talemålstrekket, blir ikkje så sentralt i mi gransking, sidan eg har valt å nytta innfyllingsmetoden (sjå kap. 4.4) i mi innsamling av språklege data. Dette forklarar den relativt låge registreringsprosenten i denne delundersøkinga. Det viser seg at det er 80 %

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

samsvar mellom registrert og rapportert språkbruk. I 14 % av tilfella er det ikkje samsvar. I dei siste 6 % av tilfella, er det intraindividuell variasjon. Av desse 14 % som ikkje viser samsvar, finn eg stor overvekt av dialektale rapporteringar som viser seg å bli nivellerte former under registrering. Det er med andre ord ein liten tendens til overrapportering av tradisjonelle trekk. Dette kan indikere ei positiv haldning til dialektbruk og at informantane forventar at eg vil reagere mest positivt på tradisjonelle dialektrapporteringar frå dei, jf. pro-dialekt ideologien. Ei tolking kan også vere at det er dei rapporterte ordformene som er korrekte. Relevant i denne samanhengen er då Pedersen (1991) som er oppteken av ” hvor stor overenstemmelse der er mellom sprogbrugen på båndet og den rapporterede sprogbrugen”. Resultatet ho kjem fram til, seier at den rapporterte språkbruken ”er i overvejende grad mere dialektal enn den sprogbrug , der finnes på båndene”. På tross av dette avviket mellom rapporterte og registrerte former, argumenterer Pedersen for at det er dei rapporterte formene som er korrekte. Dette fordi ho trur intervjusituasjonen fordrar eit mindre dialektprega språk enn det informantane brukar i det daglege. Eg nytta innfyllingsmetoden i mi innsamling av språklege realiseringar hos informantane. Eg argumenterte for denne metoden blant anna fordi eg i møte med informantane kunne nytte min eigen skjoldadialekt, og at dette difor skulle gje meg dei rette dialektale realiseringane hos informantane. Mi gransking viser samsvar mellom rapportert og registrert ordform i 80 % av tilfella. Dette resultatet kan tyde på at den innverknaden min eventuelle avslipne dialekt kunne ha på informantane, ser ut til å vere heilt marginal. Det er likevel muleg at informantane snakkar eit meir tradisjonelt språk i det daglege, utanom intervjusituasjonen, slik Pedersen er inne på. Eg har delt inn det samla gjennomsnittet i fonologiske, morfologiske og leksikalske registreringar. Den prosentvise registreringa av dei rapporterte ordformene er for dei fonologiske variablane 19 %, dei morfologiske variablane 20 % og for dei leksikalske variablane 52 %. Bakgrunnen for det store antallet leksikalsk registrerte ordformer finn me i

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

utvalet av desse. Leksem som blant anna *my:e*, *fra:* og *sko:le*, var svært frekvente i mine uformelle intervju, og forklarar denne høge prosent. Resultata viser at det er relativt godt samsvar mellom rapportert og registrert språkbruk innanfor dei fonologiske, morfologiske og leksikalske ordformene. Variasjon finn me tydelegast ved dei leksikalske formene, noko som kan forklarast med at halvparten av informantane veksla mellom ordformene *fra:* og *frå:* i intervjuet.

5.0 TRADISJONELLE DRAG I SKJOLDAMÅLET

5.1 Innleiing

Eg vil nå gje eit oversyn over det tradisjonelle skjoldamålet. Dette oversynet bygger i hovudsak på eigne intervju med tre personar i bygda født før 1935. Desse personane er fødte og oppvaksne i bygda og held på mange former tilhøyrande det me kan kalle det tradisjonelle målet.

Måla på Sørvestlandet tilhøyrer tradisjonelt det vestnorske målområdet. Hovudskiljet mellom det vestnorske og det austnorske målområdet er at ein i vestnorsk ikkje finn jamvekt eller tjukk-l. Ein deler det vestnorske målområdet inn i tre delar, sørlandsk, sørvestlandsk og nordvestlandsk. Hovudskiljet mellom desse områda er infinitivsendinga i verb og endinga i svake hokjønnsstadvord, ubunden form eintal. I sørlandsk og nordvestlandsk er endingane i desse grammatiske kategoriane e. Desse områda blir difor kalla e-målsområde. I det sørvestlandske målområdet har den norrøne trykklette a-endinga i gammal utlyd halde seg i desse orda, og dette området blir difor kalla a-målsområde. A-målsområdet har si geografiske utbreiing frå Indre Sogn til og med det meste av Vest-Agder. Målet i Skjold fell difor innanfor dette området, så her heiter det å *dansa* og å *ro:pa* i infinitiv, medan svake hokjønnsord endar på *-a* som ei *visa* og ei *veka*. Ein finn og spor av dette i adverb som *heima*, *illa*, *jedna* (gjerne) og i adjektivformer som den *stora stovå* (Skjekkeland 2005:174).

5.2 Fonologi

Alle talemål inneheld ei mengd fonem, men talet på fonem kan variera frå språk til språk og frå dialekt til dialekt. Nokre dialektar bryt meir med dei språklydane som er dei vanlege i normalmålet enn andre dialektar gjer. Skjoldamålet høyrer som sagt til det vestnorske målområdet, bygda ligg relativt langt ute ved kysten, og målføret har truleg i liten grad blitt

påverka av dialektar med litt avstikkande fonemsystem. Eg tenkjer då på målføre lenger inne i landet på Vestlandet som t.d. dialektane i Hardanger og på Voss.

5.3 Vokalfonem

Språklydane i Skjold er svært like fonemsystemet i normalmålet. Her finst dei vanlege vokalane *a, e, i, o, u, y, æ, ø, å*. Dei opptrer både som lange og korte vokalfonem. Litt uklart er det når det gjeld *æ*-fonemet. Dette blir nok i dei fleste stillingar uttalt lenger framme i munnen som ein *e*-lyd. Fenomenet går igjen i store delar av det sørvestlandske språkområdet. I si utgreiing om Haugesundsmålet seier Gabrielsen (1991:26): "Heilt eller delvis bortfall av fonemet /æ:/ har Haugesund bymål (Hbm) til felles med bl.a. Karmøy-målet, Ytre Ryfylke, Stavanger og Sandnes".

5.3.1 Norrøne diftongar

Dei gamle norrøne diftongane *ei*, *ey* og *au* held seg godt i bygda. Ei endring ser me i diftongen *-au*, som har gått i retning *-eu*. Dei eldre i Skjold seier difor *skeut* (for skaut), *fleum* (for flom) og *heust* (for haust). I tillegg er sjølvstøtt diftongen *-ey* gått over til *-øy* og i skjoldamålet.

5.4 Konsonantfonem

Konsonantfonema i denne dialekten korresponderer med dei konsonantane som ein finn i normalmålet. Unntaket er dei tre fonema *kj*, *skj* og *ng*, der *kj* og *skj* får ein palatal lyd, medan *ng* får ein nasal lyd i den tradisjonelle skjoldadialekten.

5.4.1 Palatalisering av k og g i innlyd

I vestlandske dialektar har det tradisjonelt vore relativt mykje palatalisering av velarar i innlyd. Døme på dette er ord som *tenkja*, *veddjen* og *byddja*. Dei eldre informantane i Skjold realiserer alle palatale lydar i denne kategorien.

5.4.2 Uttale av r

Skarre-r som er ein ny måte å uttale fonemet /r/ på, har opphavleg kanskje oppstått i høgare sosiale lag i Paris. Om denne utvikla seg frå Paris, er ikkje ei etablert sanning, men meir rein spekulasjon. Denne uttalevarianten har spreidd seg over store delar av Vest-Europa, og er svært vanleg i det sørvestlandske målområdet. I EG-gruppa mi finn eg skarre-r hos to av tre informantar. Etter samtale med informantane om andre eldre i bygda, samt egne observasjonar, konkluderer eg med at skarre –r er regelen, og at denne eine informanten med rullande –r, er unntaket som bekreftar regelen.

5.4.3 Konsonantsamband

5.4.3.1 Kv eller hv i framlyd for norrønt hv

I Skjold har det tradisjonelle målet *kv* i framlyd. Her seier dei blant anna *kvass* og *kvit*, noko som passar med tradisjonell målførelære på dette området.

I ein del pronomen og adverb som står trykklett, har –v falle bort i vestnorsk. Ord ein då sit att med, er *ka* (kva), *kafor* (kvifor), *kåssen* (korleis), *kinn* og *kimm* (kven).

5.4.3.2 Opphavleg rn til nn eller dn

Nesten heile det vestnorske målområdet har differensiasjonen *rn* > *dn* i trykksterk staving.

Dette fenomenet finn me blant dei eldre i Skjold, så desse seier *hå:dn*, *kå:dn*, *bjø:dn* og *gjedna* for orda horn, korn, bjørn og gjerne. I Skjold har den norrøne –*rn* gått over til –*dn*

også i trykklette stavingar. Dette finn me til dømes i bf. flt. av substantiv: *øyredne, hestadne, dynedne, gutadne og euedne* (Skjekkeland 2005:81). Også i trykklett staving uttalar dei eldre i Skjold *dn*-ending.

5.4.3.3 Utviklinga av opphavleg ng, ld/ll, mb/mm og nd/nn

I norrønt sto dei opphavlege konsonantsambanda *ld*, *mb* og *nd* i opposisjon til dei tilsvarende lange konsonantane *ll*, *mm* og *nn*.

5.4.3.4 Opphavleg ld og ll

I ord med opphavleg *-ld* som *sild* og *kveld*, har *-ld* blitt assimilert til *-ll* i substantivet *sild*, men i substantivet *kveld* får ein forma *kve:dl*. Det samsvarar med ord som *full*, *alle* og *kjellaren* som har blitt segmentert til *-dl* frå opphavleg *-ll* i norrønt. Skjekkeland (2005:82) seier at ”opphavleg *-ll* er i det meste av det sørvestlandske a-målet segmentert til *-dl*”.

5.4.3.5 Opphavleg nd og nn

I konsonantsambandet *nd* > *nn* gjennomfører dei også full assimilasjon. Dei uttalar altså *land* og *sand* som *lann* og *sann*. Den norrøne *-nn* har i ein del ord blitt segmentert til *-dn*. Døme på dette fenomenet har eg funne i utlyd, hankjønnsord, ubunden form, der dei seier *steidn* for det norrøne *stein*. Men segmentasjonen forsvinn i dette ordet i samansetningar og i fleirtal, der det heiter mange *steinar* (Atle Røe 75:83).

5.4.3.6 Opphavleg mb til mm

Blant informantane mine brukte halvparten det opphavlege konsonantsambandet *mb*. Desse informantane seier då *lamb s.* og *lemba v.* for *lam* og *lemma*. Kan dette tyde på at denne overgangen skjedde tidleg på 1900-talet i bygda?

5.4.3.7 Utviklinga av opphavleg vn (bn)

Målførelitteraturen (Skjekkeland 2005:85) seier at orda tradisjonelt har hatt *-bn* på Sør-vestlandet slik at dei har sagt *nabn*, *jabn*, *rabn* og *habn*. I Skjold har eg ikkje funne dette dialektdraget blant mi gruppe. I Skjold seier dei *navn*, *javn*, *ravn* og *havn*.

5.4.3.8 Konsonantsambandet ps-fs

I norrønt brukte dei sannsynlegvis både konsonantsambandet *ps-fs* og *pt-ft*. I vanleg norsk i dag finn ein berre eit av desse konsonantsambanda innanfor kvart par. Det meste av landet brukar *fs*-sambandet og seier *glefsa*, *slafs* og *lefsa*, men i eit belte f.o.m. Vest-Agder og Setesdal t.o.m. Nordfjord har ein uttale både for norrøn *ps* og norrøn *fs*. Informantane mine i Skjold uttalar konsekvent *lepsa*, *glepsa* og *slaps* for *lefsa*, *glefsa* og *slafs*.

5.4.3.9 Konsonantsambandet tl-sl

Mine informantar brukar alle *tl*-sambandet og seier då *fatle* n. og *litle* adj.

5.4.3.10 Konsonantsambandet st>ss i bf.e. av sterke hankjønnsstativ

I norrønt brukte dei konsonantsambandet *st* i denne kategorien. I Skjold har sambandet *st* blitt assimilert til *ss*, så her blir denne grammatiske kategorien uttala *hessen* (den hesten), *pressen* (den presten) og *vessen* (den vesten). Normaltalemål i desse orda er *hesten*, *presten* og *vesten*.

5.4.3.11 Konsonantsambandet kj > sj-uttale

Skjekkeland (2005:79) meiner at *sj*-lyden er registrert i dei fleste store byar opp til og med Trondheim. Mellom dei eldre i Skjold finn ein ikkje denne overgangen, så her seier dei *kji:no*, *Kjell* og *kjinn*.

5.4.4 Bortfall av trykklett r i ubunden form av hankjønn og hokjønnsord

I Skjold held dei på trykklett *-r* i ubf. flt. av hankjønn og hokjønnsord, slik at dei seier *hestar* og *skåler*. Når det gjeld *-ar* endinga i presens svake verb (a-og e-verb), er denne forsvunnen i skjoldadialekten, så her seier dei *kasta og lyse*, ikkje *kastar og lyser* som dei har gjort på tidlegare språksteg.

5.5 Morfologien (bøyningsverket)

5.5.1 Bøying av substantiv

5.5.1.1 Sterke hankjønnsord

Sterke hankjønnsord er ord som endar på konsonant eller trykktung, lang vokal

	Eintal		Fleirtal	
	Ubunden	Bunden	Ubunden	Bunden
Nynorsk	gard	garden	gardar	gardane
Skjold	ga:r	ga:ren	ga:rar	ga:radne
Skjold	hest	hessen	hestar	hestadne
Haugesund	hest	hesten	hestar	hestane

Skjoldadialekten er her samanfallande med normert nynorsk i alle former unnateke bunden form fleirtal og bunden form eintal. I bf. flt. kjem i Skjold-forma *hestadne* inn. Norrønt hadde i bf. flt. av hankjønnsord endinga *-nir*, som *hestarnir*. Den norrøne *rn*-endinga er i dagens dialektar assimilert til *n(n)*, som *hestan(e)*. Likevel ser me restar av denne *rn*-endinga i skjoldadialekten fordi endinga *-dn* her er eit resultat av differensiasjonen *rn > dn*.

I bunden form eintal kjem forma *hessen* inn i skjoldamålet. Her har det gått føre seg ein assimilasjon der konsonantsambandet *st > ss*. Nokre sterke hankjønnsord vil få endingane *-er* og *-ene* i fleirtal. Eksempel på slike ord er *menner*, *jester*, *sauer* og *vener*. Grunnen til dette kan vere at fleire av desse orda hadde *ir*-ending i ubestemt fleirtal i norrønt. Vokalen *-i*, i den norrøne endinga har i dei fleste målføre blitt til ein *-e*. Ei anna og nyare forklaring kan vere

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

påverknad frå eit høgare sosialt sjikt i Haugesund, som ofte har nytta *er*-ending i desse orda.

Bokmålpåverknad må og nemnast som ein mogleg faktor.

5.5.1.2 Svake hankjønnsord

Eintal

Fleirtal

	Ubunden	Bunden	Ubunden	Bunden
Nynorsk	ein hage	hagen	hagar	hagane
Skjold	ein ha:je	ha:jen	ha:gar	ha:gadne
Skjold	ein bonde	bonden	bønder	bøndedne
Haugesund	ein bonde	bonden	bønder	bøndene

Avvik frå normalisert nynorsk ser me her i ubunden og bunden form eintal, der velaren *-g* har blitt palatalisert til *-j* i desse formene. Spesielt for dialekten er at ein har palatalisering allereie i ubunden form eintal, jf. ein *haje*. Dei svake omlyds substantiva som typen *bonde-bønder*, vil få endinga *-er* og *-ene* i fleirtal. Dette bryt med systemet i haugesundmålet i bunden form fleirtal der dei har uttalen *bøndene* og *hagane*.

5.5.1.3 Sterke hokjønnsord

Eintal

Fleirtal

	Ubunden	Bunden	Ubunden	Bunden
Nynorsk	ei flis	flisa	fliser	flisene
Skjold	ei fli:s	fli:så	fli:ser	fli:sedne
Skjold	ei ku	ku:å	ky:r	ky:dnå
Haugesund	ei fli:s	fli:så	fli:ser	fli:s`ne

Endinga *-å* i bunden form eintal kan sjåast på som analogi med svake hokjønnsord. Dette var Ivar Aasen inne på då han i 1864 skreiv: "Formerne med a, aa og o, ere derimod noget andet, nemlig en Tillempning efter den svage Bøining hvorom nedenfor (Aasen 1864§168, anm.).

Utviklinga av endinga *-å* i bunden form, eintal, svake hokjønnsord, kjem eg tilbake til i kap.

5.5.1.4. I bunden form fleirtal er det norrøne konsonantsambandet *rn* differensiert til *dn*, slik

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

at dei seier *flisedne* og *bygdedne*. I Skjold seier dei gamle *fliser*, altså tydeleg *-er* ending, som i regionbyen Haugesund (Gabrielsen 1991). Unge i Skjold har ein tendens til å uttala endinga med ein meir open lyd, dvs. *-år* ending. Inntrykket er at denne *år*-endinga er mykje brukt blant unge haugesundarar i dag, og at det difor er naturleg å tru at di nærare Haugesund ein kjem, dess større er sjansen for uttalen *flisår*. Det sterke hokjønnsordet, *ku*, bryt med bøyingsendinga *-edne* i bunden form fleirtal. I Haugesund blir bunden form fleirtal uttala *fli:s`ne* (Gabrielsen 1991:43), altså blir den første vokalen-*e* i den trykklette stavinga slukt. Dette skjer ikkje i den eldre skjoldadialekten.

5.5.1.4 Svake hokjønnsord

Eintal

Fleirtal

	Ubunden	Bunden	Ubunden	Bunden
Nynorsk	ei jente	jenta	jenter	jentene
Skjold	ei jenta	jentå	jenter	jentedne
Haugesund	ei jenta	jentå	jenter	jentene

Som i dei sterke hokjønnsst substantiva har ein også i bunden form eintal for svake hokjønnsst substantiv endinga *-å*. I norrønt heiter det *visan* i bunden form eintal, altså ei *n*-ending. Denne endingskonsonanten (*-n*) har forsvunne og ordet som står att, er *visa*. I skjoldadialekten er då denne *a*-endinga runda til ein *-å*, noko som kan forklarast ved at nasalert *-a* vart identifisert med *-å* då nasaliteten vart borte (Skjekkeland 2005:92). Avvik frå haugesundsmålet finn me bare i bunden form fleirtal der dei i Haugesund nyttar *jentene* medan dei i Skjold uttalar *jentedne*.

5.5.1.5 Sterke inkjekjønnsord

Eintal

Fleirtal

	Ubunden	Bunden	Ubunden	Bunden
Nynorsk	eit hus	huset	hus	husa
Skjold	et hu:s	hu:se	hu:s	hu:så

Dei eldre informantane i Skjold varierer uttalen av den bundne forma i fleirtal. Nokre nyttar forma *hu:så*, mens andre seier *hu:sedne*. Likevel er det flest som seier *hu:så*. Eg finn få vesentlege forskjellar i uttale mellom Haugesund og Skjold her.

5.5.1.6 Svake inkjekjønnsord

Eintal

Fleirtal

	Ubunden	Bunden	Ubunden	Bunden
Nynorsk	eple	eplet	eple	eplene
Skjold	eple	eple	eple	epledne
Skjold	merke	merke	merkjer	merkjà
Haugesund	eple	eple	epler	eplene

Eit tydeleg skilje i forhold til haugesundsmålet er den ubundne forma i fleirtal. I Haugesund brukar dei bokmålsendinga *-er* (Gabrielsen:1991:45), men inntrykket er at den yngre generasjonen i Haugesund i dei fleste høve uttalar endinga *-år*. Også blant unge i Skjold er inntrykket at *år*-endinga er teken i bruk.

5.5.2 Bøying av verb

5.5.2.1 Bøying av svake verb

Inndeling i fem ulike bøyingsklassar

1. e-verb som å *tenka*

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

Vestlandet (Skjekkeland 2005:128). Dette stemmer med mine observasjonar blant dei eldre i Skjold. Fleire a-verb i skjoldamålet har blanda bøyning. Det betyr at dei tek endinga til e-verba i preteritum og perf.part. Dette ser me døme på i verbet, å *baka* ovanfor. Denne overgangen til e-verb-bøyning i preteritum og perf.part., er mest vanleg i verb med stammeutlyd på kort konsonant, som *ta:la*, *ro:pa*, *li:ka* (Skjekkeland 2005:127). Ei forklaring på dette kan vere at viss ikkje ein nyttar blanda bøyning, blir alle formene like. Ei anna forklaring kan vera at mellomvokalen i norrønt vart apokopert. Eit døme kan vera verbet å *svara*. Utviklinga frå norrønt er då: *svaradi* > *svarde* > *svarte*. Det er nok a-endinga i presens som er mest utsett for nivellering i skjoldadialekten. I Stavanger begynte overgangen allereie omkring 1925 (jfr. Berntsen & Larsen 1925: 267-268 etter Gabrielsen 1991:48). Dette hadde ikkje nådd Haugesund då Gabrielsen (1991) gjennomførte si gransking, men har kanskje råka Haugesund i dag? På det noverande tidspunkt har ikkje eg funne nokon skilnad på Hbm og skjoldamålet.

Bøyning av a-verb med dentalending

	Infinitiv	Presens	Preteritum	perfektum
Nynorsk	å dansa	dansar	dansa	dansa
Skjold	å dansa	dansa	danste	danst
Skjold	å hå:pa	hå:pa	hå:pte	hå:pt

Her er det ingen vesentlege forskjellar mellom Hbm og skjoldamålet.

Bøyning av kortverb

	Infinitiv	Presens	Preteritum	perfektum
Nynorsk	å snu	snur	snudde	snudd
Skjold	å snu:	snu:r	snudde	snutt
Skjold	å gle:	gle:r	gledde	glett

I denne verbklassa er det lite variasjon i bøyingsmønster i dei ulike dialektane. Skjoldamålet ligg nær opptil normalisert nynorsk her. Det verkar som om endinga *-r* held seg i presens av

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

kortverb. Skjekkeland skriv at det finst mest *r*-bortfall i Sør-Rogaland, noko som tilseier at denne *r*-endinga held seg betre her nord. Dette stemmer med mine observasjonar i Skjold.

Informantane har endinga *-tt* i supinum, noko som også stemmer med Skjekkeland

(2005:135) sine observasjonar.

5.5.2.2 Bøying av halvsterke verb

Desse verba har tonem 1 i presens, noko som gjer det legitimt å rekne dei til ein eigen klasse innanfor sterke verb. Likevel har desse same bøyning som *e*-verba og kan difor plasserast som ei undergruppe under svake verb her.

	Infinitiv	Presens	Preteritum	perfektum
Nynorsk	å telja	tel	talde	talt
Skjold	å telja	te:le	talde	talt
Skjold	å spørja	spø:re	spo:re	spo:rt
Haugesund	å te:la	te:le	telte	telt

J-lyden i infinitiv har i Skjold halde seg, men me ser at denne lyden ikkje blir uttalt i Haugesund. Elles har dei i Skjold framleis omlyd i preteritum og perfektum, noko dei ikkje har i Haugesund. Skjekkeland (2005) meiner at presens for *ja*-verba følgjer presens av sterke verb. Altså går grensene for halden *-r* og eventuell innskotsvokal akkurat som for dei sterke verba. Me ser vokalskiftet frå inf./pres. til pret./perf.part. , noko som er vanleg i dei vestlandske dialektar (Skjekkeland 2005:134). Me ser også innskotsvokalen (svarabhaktivokalen) som ein *-e* i presensforma her (*te:le*).

5.5.2.3 Bøying av sterke verb

I frå gammalt av har dei sterke verba blitt kategorisert i sju eller fleire klassar etter opphavet i norrønt. Eg vel å behandla tre grupper av sterke verb, nemleg dei tre første klassane i norrønt. Eg vel her å dela inn dei sterke verba i tre grupper i og med at dette skulle halde til å få fram dei vesentlege skifta i rotvokal, altså dei verb som har bevart dei opphavlege avlydsrekkene.

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

Verb som har overgangen inf. og pres. /-i:/ eller /i/ til pret. /-ei/ og perf. /e:/

	Infinitiv	Presens	Preteritum	Perfektum
Nynorsk	å skriva	skriv	skreiv	skrive
Skjold	å skri:va	skri:ve	skreiv	skre:ve

I presens utlyd av desse sterke verba ser me hjelpevokalen /e/. I dei sterke verba følgjer dialekten meir det offisielle skriftspråket enn han gjer i svake verb. Her er det ingen vesentlege forskjellar mellom haugesunds- og skjoldamål.

Verb som har overgangen inf. og pres. /y:/ eller /y/ til pret. /-eu/ og perf. /å:/

	Infinitiv	Presens	Preteritum	Perfektum
Nynorsk	bryta	bryt	braut	brote
Skjold	bry:ta	bry:te	breut	brå:te
Skjold	fry:sa	fry:se	freus	frå:se
Haugesund	bry:ta	bry:te	breut	brø:te

I presens utlyd av desse sterke verba ser me innskotsvokalen /e/. Den norrøne forma var *brytr*, som i mellomnorsk tid fekk innskotsvokalen /e/. Denne hjelpevokalen forenkla uttalen. I dag er konsonanten /r/ forsvunne i alle dialektane, men på Vestlandet og i Skjold heng innskotsvokalen att og skapar denne presensforma. Denne innskotsvokalen finn me også i ein del adjektiv (sjå under), og desse to typene innskotsvokal har om lag same utbreiinga i Noreg. Me ser og at diftongen i preteritum er mjukare enn i normalisert nynorsk. Endinga *-eu* er svært vanleg i dette målføret og i Hbm. I preteritum av denne typen sterke verb skriv Skjekkeland (2005:122) at ein kan finna former som *brøyt*, *sjøyt* og *fløyt* i delar av Sverige og heilt til Haugesund. Denne overgangen til diftongen *-øy* eksisterer ikkje blant dei eldre i Skjold jf. *breut*. I supinum er vokalen *-å* i Skjold bytta ut med vokalen *-ø* i Haugesund.

A. Inf. og pres. /-e/ eller /-e:/ til pret. /-a/ eller /-a:/ til perf. /-o/ eller /å:/

B. Inf. og pres. /i/ til pret. /a/ til perf. /o/

	Infinitiv	Presens	Preteritum	perfektum
Nynorsk	å dette	dett	datt	dotte
Skjold	å detta	dette	datt	dotte
Skjold	å ve:ra	e:	va:	vå:re

Skjoldamålet bryt med normalisert nynorsk i presens og preteritum. I begge desse tidene fell fonemet –r bort. Når det gjeld perfektum blir i mange verb den normaliserte –o uttala med open –å i skjoldamålet. Eg finn lite avvik mellom skjoldamål og Hbm i denne kategorien.

5.5.3 Pronomen

5.5.3.1 Personlege pronomen

		Subjekt	Objekt
Eintal	1 pers.	e:g	me:g
	2.pers.	du:	de:g
	3. pers.	han	han-an i trykklett staving.
		hu:	he:na i trykksterk staving. - i samanheng (setning), naturleg snakk: Hu slo`na. (i trykklett staving)
Fleirtal	1 pers.	me:	åss
	2. pers.	då:ke	då:ke
	3. pers.	dei=trykksterkt, di = trykklett	

5.5.3.2 Eigedomspronomen

		Han.kj. Ho.kj. Inkj.kj.			Fleirtal
Eintal	1.pers.	min	mi:	mitt	mi:ne
	2.pers.	din	di:	ditt	di:ne
	3.pers.	hans	hinnas		
Fleirtal	1.pers.	vå:r		vårt	vå:re
	2.pers.	dåkkas			
	3.pers.	deiras eller deras			

Ein av informantane nyttar termen *vå:res* konsekvent i uttalen sin av 1. person fleirtal.

Skjekkeland (2005:113) meiner dette bare finst i andre landsdelar og i byane. Eg har inga anna forklaring enn at dette nok er tilfeldig og ikkje representerer eit tradisjonelt drag blant dei eldre i Skjold. I 3.person vil det ofte vera ei veksling mellom *hans* og *hinnas* i trykksterk posisjon og *-ans* og *-nas* i trykklett posisjon. Avvik frå bymålet i Haugesund finn me her i 3. person ho.kj., eintal jf. *hinnas*, der Hbm uttalar *henas*.

5.5.3.3 Spørjepronomen

Ka:	for kva
Kimm eller kinn	for kven
Ko:r	for kor
Koss`n eller koss	for koss og korleis
Ka: ti:	for kva tid
Kaffår ein	for kva for ein

Kaffår ei

Kaffår ett

Kaffår nå:ken

Her trengst vel ingen annan kommentar enn at informantane mine har uttalt spørjeorda slik.

Eg finn lite avvik frå Hbm.

5.5.4 Preposisjonar

Ved sida av - attme:

Ovanfor - å:vom

Mellom - mjødlå

Igjennom - ijø:nå

Oppover - åppø:ve

Nedover - ne:rø:ve

Preposisjonar er ikkje handsama av Gabrielsen i granskinga hans om Hbm.

5.5.5 Bøying av adjektiv

Adjektiva har to bøyingsmåtar, gradbøying og samsvarsbøying i kjønn og tal (ubunden og bunden form)

5.5.5.1 Gradbøying av adjektiv

	Positiv	Komparativ	Superlativ
Skjold	fi:ne	fi:nare	fi:nast
Skjold	hø:g	hø:gare	hø:gast

5.5.5.2 Samsvarsbøying av ubunden adjektiv

Hankjønn:	Ein sto:re mann
Hokjønn:	Ei sto:re jenta
Inkjekjønn:	Et sto:rt hu:s

5.5.5.3 Samsvarsbøying av ubunden adjektiv på /en/

Hankjønn	Ein ly:se mann
Hokjønn	Ei ly:se da:ma
Inkjekjønn	Et ly:st hu:s
Fleirtal	ly:se hu:s
Hankjønn	den kraftige gu:ten
Hokjønn	den kraftiga da:må
Inkjekjønn	de: kraftiga hu:se
Fleirtal	dei kraftige hu:så

Også her er det hovudsakleg samsvar mellom skjoldamålet og Hbm.

5.5.6 Vekedagar

Måndag, ty:sdag, onsdag, to:sdag, fre:dag, lo:rdag og søndag

6.0 DEN SPRÅKLEGE GRANSKINGA

6.1 Om språklege variablar

Det var William Labov (1966) som innførte den språklege variabelen i sosiolingvistisk forskning i si språkgransking i New York. Den språklege variabelen er ein viktig arbeidsreiskap i arbeidet med å samanlikna to eller fleire språkvarietetar i eit språksamfunn. Historisk har grunnlaget for utval av språklege variablar skjedd på bakgrunn av ulike krav og kriterium. Labov (1966) rekna opp fire krav til variabelutvalet sitt som har hatt mykje å seie for seinare granskarar. Desse fire krava var at variablane måtte ha høg frekvens, dei måtte ha ein viss immunitet mot medviten undertrykking, dei måtte vere einingar i større strukturar og lett la seg kvantifisera på ein skala. Sjølv om desse krava har hatt mykje å seie i sosiolingvistisk forskning, er det få granskingar som har oppfylt desse kriteria.

6.1.1 Mitt utval av språklege variablar

I ei språkgransking som denne eg har valt å gjennomføre i Skjold, blir det umuleg å undersøke alle språklege sider ved dette bygdelaget. Eg har plukka ut 10 ulike variablar som representerer grunnlaget for mine resultat i det følgjande. Sidan eg har budd i Skjold store delar av livet, kjenner eg talemålet i bygda relativt godt, og denne kunnskapen har vore vesentleg i utvalet av språklege variablar. Som pilotprosjekt intervjuar eg ein person frå den eldre og ein person frå den yngre generasjonen slik at eg skulle få eit klarare bilete av språkforholda i bygda. Etter gjennomgang av desse intervjuar sette eg meg ned og formulerte aktuelle variablar. Etter sjølv feltearbeidet, der eg intervjuar til saman 17 personar, kutta eg enkelte variablar og sat igjen med dei 10 som blir brukte i denne granskinga. Eit vesentleg krav eg stilte til variabelutvalet mitt, var at kvart einskild dialekttrekk skulle kunne splittast i ein tradisjonell og ein nivellert varietet (sjå vedlegg nr. 1). Den nivellerte forma innanfor dei

ulike variablane er lik den mest brukte forma i Haugesund og standarden talt bokmål (sjå kap. 3.9). Eg skil ikkje mellom haugesunds- og standardformer, sidan det stort sett er formsamanfall mellom desse to varietetane innanfor dei utvalde variablane. Eg har valt å setje desse formene i opposisjon til formene i den tradisjonelle skjoldadialekten. Vidare prøver eg å sjå på markeringsverdien til dei einiskilde språktrekka. Under kvar av dei aktuelle variablane, kommenterer eg denne eventuelle markertheita (sjå kap. 3.11). Eg gjer merksam på at kommentarane rundt markertheit er eit uttrykk for mi og informantane sine subjektive oppfatningar av kva for språktrekk som særpregar skjoldamålet. Eg har også vore oppteken av at dei utvalde variablane skal representere variasjon hos informantane. Eit døme er at eg tidleg i prosessen vurderte å nytte nektingsadverbialet *ikkje/ikke* som ein leksikalsk variabel. Det viste seg at alle informantane nytta den tradisjonelle forma *ikkje*, og at dette trekket difor mangla variasjon i informantgruppa. Dette gjorde at denne variabelen hadde lite interesse i denne granskinga.

Til slutt hadde eg eit ønske om at variabelutvalet skulle representere ulike delar av språkssystemet, og difor har eg nytta meg av både fonologiske, morfologiske og leksikalske språktrekk.

6.1.2 Dei språklege variablane i denne granskinga

Fonologiske variablar

Variabel 1. Samanfall av sj og kj-lyd

Skjekkeland (2005:79) skriv: "Samanfallstendensen er registrert hos ungdom og unge vaksne i dei fleste større byane i landet opp til og med Trondheim". I 1983 registrerte Gabrielsen dette samanfallet i Stavanger by, men samanfallet er ikkje registrert i Haugesund bymål i

1991 (Gabrielsen 1991). Eg vil undersøke om dette samanfallet kan registrerast blant unge skjoldabuar i dag.

Variabel 2. Palatalisering av k og g i innlyd

Skjekkeland (2005:72) seier: "Palataliseringa av velarar i innlyd har gått mykje tilbake i heile landet. Utviklinga held fram i dag med stor fart, og palatal uttale i innlyd blir meir og meir borte". Dette utdraget i tillegg til eigne observasjonar av dette dialektdraget i bygda, gjer at eg vil finne ut korleis palataliseringa av *k* og *g* i innlyd utviklar seg i Skjold. Den tradisjonelle palataliseringa av *k* og *g* i innlyd kan oppfattast som eit bondsk, og dermed markert trekk ved skjoldadialekten (om markertheit sjå kap. 3.1.1). Dette gjeld også for differensiasjonen *rn > dn* i trykksterk staving (variabel 3) og den segmenterte uttalen *ld* (variabel 4). Sjølv har eg observert få unge som har den tradisjonelle uttalen innanfor desse grammatiske kategoriane, noko som fort kan gje den tradisjonelle uttalen ein markert verdi. Dette inntrykket blir forsterka gjennom ulike informantutsegner, der dei ser på desse talemålstrekka som typisk bondespråk. Det er også desse grammatiske kategoriane informantar tek i bruk når dei divergerer i kontakt med haugesundarar, altså når dei vil markere seg som skjoldabuar i møte med urbant innstilte grupper og personar (jf. informantane Astrid og Aud, sjå kap. 7.3.1.1 og 7.3.1.2).

Variabel 3. Differensiasjonen *rn > dn* i trykksterk staving

Som me ser i kap. 5.4.3.2 blir konsonantsambandet *rn* uttala *dn* i det tradisjonelle målet. Skjekkeland (2005:80) skriv: "Ein del av norsk målområde har her differensiasjonen *rn > dn* i trykksterk staving. Dette gjeld mest heile det vestnorske målområde". Også differensiasjonen kan oppfattast som eit bondsk og dermed markert trekk (om markertheit, sjå kap. 3.1.1). Eg vil

finne ut om differensiasjonen $rn > dn$ i trykksterk staving held seg som eit markert dialektdrag i Skjold.

Variabel 4. Endinga ll er segmentert til dl

Skjekkeland (2005:82) skriv: "Opphavleg ll er i det meste av det sørvestlandske a-målet segmentert til dl, døme: *adle* (alle) og *fudle* (fulle)" I kap. 5.4.3.4 ser med at segmentasjonar i ord som *adle*, *fudle* og *kjedlaren* tilhøyrer den tradisjonelle dialekten. Også dette talemålstrekket blir nemnt som eit markert trekk i den tradisjonelle skjoldadialekten (om markertheit, sjå kap. 3.11). Korleis er utviklinga til desse segmentasjonane i skjoldadialekten?

Variabel 5. Utviklinga av diftongen eu i skjoldamålet

Skjekkeland (2005:49) skriv: "I stilling framfor lang konsonant eller konsonantsamband er det heller vanleg å finna spreidde døme på monoftongering i dei fleste norske dialektane". Her vil eg undersøke eventuelle monoftongeringstendensar, der den tradisjonelle skjoldadialekten har uttalt diftongen *eu*.

Morfologiske variablar

Variabel 6. Presens av sterke verb mistar i-omlyden

Skjekkeland (2005:121) skriv om i-omlyden i presens: "vidare vantar omlyden i talemålet i Stavanger og dels i Haugesund". Dette er også ein variabel hos Røyneland (2005:166) der ho skriv: "Det ser ut til å vere ein sterk tendens til at ikkje-omlydde former som *kåmmer*, *graver* og *såver*, tek over i byar og tettstader på Vestlandet og Austlandet". Av nyare oppgåver som bygger på TEIN (1998-2002) skriv Hernes (2006:96) "at opphavleg hadde dei sterke verba også vokalskifte i presens i osmålet. Dette er i stor grad på veg ut og var det alt i 1974"

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

(Aarseth 1974:163 etter Hernes 2006:96). Solheim (2005:227) skriv: ”mange av dei sterke verba i høyangermålet har etter kvart fått bøyning utan vokalskifte etter austnorsk mønster, som komme-kommer og sove-sover”. Det vil vere interessant å sjå om dei sterke verba held på omlyden i presens eller om svake former er i ferd med å overta i Skjold.

Variabel 7. Partisipp av sterke verb der sterke former vekslar med svake former

Røyneland skriv (2005:167): ”det er som nemnt ikkje uvanleg at svake former kjem inn i perfektum partisipp av sterke verb. Verba held elles på vanleg sterk bøyning, men supinumsforma blir einstava og får altså svak bøyning (bært, kåmt, jitt, tatt for bore, kome, jeve og teke)”. Denne dialektutviklinga er noko eg ønskjer å finne ut om også har råka bygda Skjold.

Variabel 8. Svak bøyning i preteritum av sterke verb

Skjekkeland (2005:125) skriv: ”Ved nokre av dei verba som er nemnde ovanfor, kan ein i fleire norske dialektar finna døme på full overgang til svak bøyning, jf. å be-bedde-bett, å je-jedde-jett osv”. Eg vil her undersøke om tidlegare sterke preteritumsformer i dag blir bøygd svakt i denne kategorien blant unge.

Variabel 9. I preteritum av 2. klasse sterke verb har former med diftongen øy breidd seg på bekostning av eu.

Eg vil her undersøke i kva grad den ”søraustlandske byforma” av typen *brøyt* har kome inn i skjoldamålet. Skjekkeland (2005:145) skriv: ”I pret. av den 2. sterke verbalklassa har formene med øy breidd seg dei seinare åra. Dette var tidlegare søraustlandske bymålsformer, men dei finst i dag, forutan i byar og tettstader på Austlandet og Sørlandet, m.a. også i Haugesund”.

Leksikalske variablar

Variabel 10.

Under denne leksikalske variabelen vil eg finne ut i kva grad tradisjonelle einskildformer held seg i skjoldamålet. Dei einskildformene eg vil undersøke, er formene *frå/fra*, *låge/lave*, *møkje/mye*, *son/sønn*, *skule/skole* og *stela/stjela*. Av desse seks ordformene er det bare formene *mye* og *skole* som er godkjente former innanfor den nynorske skriftnorma. Desse formene blei tillatne i den store språkreforma i 1959. Ei grunngjeving for val av leksema *mye* og *skole* blir då å undersøke om desse to ordformene gjennom skriftspråkaksept også har kome inn i talemålet til skjoldabuen. Dei fem leksema *fra*, *lave*, *mye*, *sønn* og *skole* tilhøyrrer ikkje den tradisjonelle skjoldadialekten. Derimot blir alle desse variantane brukte i regionbyen Haugesund og i talt bokmål (standarddimensjonen). Sjølve nivelleringsretninga blir det difor vanskeleg å seie noko eintydig om, anna enn at nivelleringa går mot eit meir prestisjefyllt språk der haugesundbymål og talt bokmål står som representantar for desse nivellerte formene.

6.1.3 Handsaming av språkleg materiale

Det innsamla materialet i gruppe YG er delt inn i ein språkleg og ein sosiolingvistisk del. Den språklege delen er delt inn i ti variablar der eg brukar tre ordformer under dei ni første variablane (til saman 27 ordformer). Under siste variabel, som gjeld dei leksikalske formene, har eg brukt seks morfem, noko som gjer at eg til saman har brukt ti variablar og 33 ordformer i undersøkinga. Vidare har eg på grunnlag av utfyllingslista (sjå kap. 4.4) og ordformene som kom ut av denne, gruppert dei ulike orda i tradisjonelle og nivellerte ordformer. Eg har også tatt med eit tredje alternativ som viser dei tilfella der informantane varierer mellom tradisjonelle og nivellerte former. I variabel sju, som gjeld den svake bøyinga

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD


i preteritum av sterke verb, har eg nytta ordformene *ga:v* og *ga:* under tradisjonell form. Ei anna løysing kunne vore å plassert ordforma *ga:v* under tradisjonell form, medan ordforma *ga:* då hadde blitt ei mellomform mellom *ga:v* og den nivellerte forma *jidde*. Eg har valt å gruppere *ga:v* og *ga:* under tradisjonelle former sidan eg under denne variabelen er mest interessert i utviklinga av eventuelle svake former.

Det innsamla materialet i gruppe MG har i den språklege delen blitt handsama på same måten som materialet i YG-gruppa. Også oversikta over det tradisjonelle skjoldamålet som bygger på informasjon frå EG-gruppa, har metodiske fellestrekk med datainnsamlinga i MG- og YG-gruppa. I EG-gruppa nytta eg også utfyllingslista som utgangspunkt for sentrale data. I tillegg gjekk eg gjennom sentrale ordklassar med informantane der eg fekk inn deira rapporteringar rundt eigen språkbruk. Kvart intervju varte i ca to timar, og blei tatt opp på band. Eg hørde gjennom alle intervjuar og plukka ut aktuelle ordformer som eg samanlikna med dei rapporterte data. Inntrykket mitt i EG-gruppa var at eg fann stort samsvar mellom dei rapporterte og dei registrerte ordformene, men dette er ikkje talfesta i denne undersøkinga.

6.2 Resultat frå den språklege granskinga

6.2.1 MG-gruppa (mellomgenerasjonen)

6.2.1.1 Resultat språkleg gransking pr. informant i MG-gruppa



6.2.1.2 Gjennomsnitt for dei ulike språkformene i MG-gruppa

Tradisjonelle former: 69%

Nivellerte former: 15%

Variasjon: 16%

6.2.1.3 Fordeling pr. variabel innanfor dei tre ulike språkformene

Fonologiske variablar

Variablar	Tradisjonell	Nivellert	Variasjon
Var 1: Samanfall av <i>sj</i> og <i>kj</i> -lyd	100 %	0 %	0 %
Var 2: Palatalisering av <i>k</i> og <i>g</i> i innlyd	33 %	50 %	17 %
Var 3: Differensiasjonen <i>rn > dn</i> i trykksterk staving	8 %	25 %	67 %
Var 4: Endinga <i>ll</i> er segmentert til <i>dl</i>	58 %	33 %	8 %
Var 5: Utviklinga av diftongen <i>eu</i> i skjoldamålet	58 %	17 %	25 %
Gjennomsnitt fonologiske variablar:	52 %	25 %	23 %

Morfologiske variablar

Variablar	Tradisjonell	Nivellert	Variasjon
Var 6: Presens av sterke verb mistar i-omlyden	58 %	8 %	33 %
Var 7: Partisipp av sterke verb der sterke former vekslar med svake former	92 %	0 %	8 %
Var 8: Svak bøyning i preteritum av sterke verb	100 %	0 %	0 %
Var 9: Pret. av 2. klasse sterke verb har former med diftongen <i>øy</i> breidd seg på bekostning av <i>eu</i> .	92 %	8 %	0 %
Gjennomsnitt morfologiske variablar:	85 %	4 %	10 %

Leksikalske variablar

Variablar	Tradisjonell	Nivellert	Variasjon
Var 10: Totalt	79 %	13 %	8%

6.2.1.4 Kommentar til gjennomsnittleg førekomst av tradisjonelle, nivellerte og variasjonsformer pr. variabel for MG-gruppa

Fonologiske variablar

Variabel 1. Samanfall av sj og kj-lyden

Her er den rapporterte førekomsten av tradisjonelle språkformer 100 %. I aldersgruppa 32-37 år kan ein konkludere med at samanfallet mellom kj-og sj-lyden er lite utbreidd i Skjold.

Variabel 2. Palatalisering av k og g i innlyd

Her ser me ei rapportering av tradisjonelle former på 33 %, medan dei i 50 % av tilfella nyttar dei nivellerte formene. Me ser og ein rapportert førekomst av variasjon mellom tradisjonell og nivellert form på 17 %. Dette tyder på at dette språktrekket er i ferd med å forsvinne i denne generasjonen. Det er elles tydeleg at Olav Kåre og Liv, som bur perifert i bygda, held på dei tradisjonelle formene eller varierer, medan dei to som bur sentralt, uttalar konsekvent dei nivellerte språkformene.

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

Olav Kåre er den einaste som opplyser at han varierer. Heime og blant venner i Skjold brukar han formene *tenkja* og *byggja*, medan han blant haugesundarar av og til nyttar formene *tenka* og *bygga*. Substantivet *veggen* palataliserer han uavhengig av situasjon.

Variabel 3. Differensiasjonen *rn>dn* i trykksterk staving.

Innanfor denne kategorien finn me ein rapportert førekomst av tradisjonelle former på 8 %. Det interessante her er at informantane rapporterer at dei varierer mellom tradisjonell og nivellert form i heile 67 % av tilfella, medan den rapporterte førekomsten av dei nivellerte formene er 25 %. Dette viser at dei tradisjonelle formene blir brukt i stort monn i denne gruppa, samstundes som den store variasjonsprosenten kan tyde på at denne generasjonen er på glid mot den nivellerte forma. Dei tradisjonelle formene *hå:dn* og *kå:dn* er klart mest brukte, medan den tradisjonelle forma *bjø:dn* er på veg ut. Alle fire informantane varierer mellom tradisjonell og nivellert form i substantivet *horn*, der alle brukar den tradisjonelle forma *hå:dn* heime, medan forma *horn* blir nytta i Haugesund og blant enkelte urbant innstilte venner i Skjold. Olav Kåre, Liv og Berit rapporterer intraindividuell variasjon ved bruk av substantivet *korn*. Det er bare dei to som bur i periferien, Olav Kåre og Liv, som varierer likeeins i substantivet *bjørn*. Gjennom intervjuet eg hadde med desse fire informantane, kom det fram at tre av dei forklarte den store variasjonsprosenten med at dei tradisjonelle formene her kunne oppfattast som typisk ”bondske”, altså at dei var svært markerte i forhold til den meir akseptert nivellerte forma (sjå markertheit kap. 3.11). Kanskje kan den store variasjonsprosenten tyde på at differensiering *rn>dn* kan kjennast stigmatiserande på brukarane, og at dei difor i mange situasjonar vel å leggje om?

Variabel 4. Endinga ll blir segmentert til dl

Her finn me ein rapportert førekomst av tradisjonelle former på 58 %, medan førekomsten av nivellerte former er 33 %. Dette tyder på at dette språktrekket er i endring i denne generasjonen. Det går også her eit klart skilje mellom dei sentrumsnære og dei meir rurale, der dei rurale rapporterer at dei nyttar tradisjonelle former i 100 % av tilfella. Når det gjeld dei enkelte orda innanfor denne variabelen, brukar alle segmentert uttale av ordet *fudle* (*full*). Orda *kjedlaren* (*kjellaren*) og *adle* (*alle*) er bare i bruk av dei informantane som bur i periferien, Olav Kåre og Liv. Den einaste intraindividuelle variasjonen innan denne variabelen finn me hos Klaus som brukar den nivellerte forma *fulle* blant haugesundarar og av og til i klasserommet der han arbeider som lærar.

Variabel 5. Utviklinga av den norrøne diftongen au i skjoldamålet

Her er førekomsten av rapporterte tradisjonelle former på 58 %, medan det er ein variasjon mellom tradisjonelle og nivellerte former på 25 %. I 17 % av tilfella rapporterer informantane at den nivellerte forma vert uttala. Alle informantane brukar enten tradisjonell form eller varierer i orda *heusten* (*hausten*) og *fleum* (*flaum*), medan alle utanom Olav Kåre brukar den nivellerte forma *strømm* enten aleine eller i variasjon med *streum* (*strøm*). Intraindividuell variasjon finn me hos Klaus som varierer i substantiva *flomm* og *høsten*, der variasjonen er avhengig av same type situasjonar som ovanfor.

Morfologiske variablar

Variabel 6. Presens av sterke verb mistar i-omlyden

Førekomsten av tradisjonelle former er her rapportert til å vere 58 %, medan den rapporterte variasjonen er på 33 %. Bare i 9 % av tilfella vert det rapportert bruk av nivellerte former. Det tyder på at dette språktrekket held seg godt i mellomgenerasjonen, men samstundes viser den

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

høge prosentvise variasjonen at i-omlyden kan vere i ferd med å bli svekka. Ein ser også her ei klar todeling mellom dei som bur i periferien, Olav Kåre og Liv, som bare brukar tradisjonelle former, og sentrumsinformantane Klaus og Berit som begge varierer ved verba *kje:me* og *gre:ve*. Også her er bruken avhengig av situasjon. Begge opplyser at dei vil seie *kje:me* og *gre:ve* heime, medan dei i Haugesund og blant urbant orientert omgangskrets brukar dei nivellerte formene *kåmme* og *gra:ve*

Variabel 7. Partisipp av sterke verb der sterke former vekslar med svake former

Her finst ein rapportert førekomst av tradisjonelle former på 92 %. Ein informant, Berit, seier ho av og til brukar forma *bert* for *bå:re* (har *bore*). Dei sterke verbformene held seg altså godt i MG-gruppa.

Variabel 8. Svak bøyning i preteritum av sterke verb

Alle MG-informantane held på den sterke bøyinga i preteritum av sterke verb, og dermed blir resultatet 100 % førekomst av tradisjonelle former.

Variabel 9. Preteritum av 2. klasse sterke verb

I 92 % av tilfella rapporterer informantane at dei nyttar tradisjonell form. Tre av informantane har her 100 % førekomst av tradisjonelle former, medan Berit uttalar forma *brøyt* som einaste nivellerte form.

Variabel 10. Leksikalske ord

Ved denne variabelen er det bruk av enkeltord som er av interesse. Det viser seg at dei tradisjonelle leksema *frå:.*, *lå:ge*, *mø:kje* og *sku:le* har ein rapportert førekomst på 100 % i denne gruppa. Den nivellerte forma *stje:la* (for *ste:la*) er komen inn hos tre av fire

informantar, medan to av informantane varierer mellom *så:n* og *sønn*, der dei to hine har *så:n* som einaste form.

Klaus og Liv er dei to som opplyser at dei har intraindividuell variasjon. Begge varierer mellom tradisjonell og nivellert form i substantivet *så:n*. Også her er bruken avhengig av situasjon. Begge seier *så:n* heime, medan dei i Haugesund og blant urbant orientert omgangskrets brukar den nivellerte forma *sønn*.


6.2.1.5 Oppsummering av resultatata til MG-gruppa

I MG-gruppa finst ein førekomst av tradisjonelle former på 69 % og variasjon i 16 % av tilfella. Av dei ti variablane eg har observert, finn me fem variablar som har ein førekomst av tradisjonelle former på over 79 %. Viss ein ser på forskjellar mellom dei fonologiske, morfologiske og leksikalske variablane, ser ein at gjennomsnittleg førekomst av tradisjonelle former varierer frå 52 % for dei fonologiske, 85 % for dei morfologiske og 79 % for dei leksikalske. Resultata tyder altså på at det er dei fonologiske variablane som blir nivellerte først. Her er det i om lag halvparten av tilfella den tradisjonelle forma som er einerådande. Fonologiske språktrekk som ser ut til å vere på tilbakegang, er palataliseringa av *k* og *g* i innlyd, differensiasjonen *rn > dn* i trykksterk staving og til dels segmenteringa av *ll* til *dl*. Morfologiske språktrekk som kan seiast å vise små teikn på tilbakegang, er presens av sterke verb som ser ut til å begynne å miste *i*-omlyden og ein monoflongeringstendens som erstattar den typiske skjoldadiftongen *eu*. Elles ser me at ord som *stje:la* og *sønn* kjem inn som nivellerte former av dei tidlegare tradisjonelle formene *ste:la* og *så:n*.

6.2.2 YG-gruppa (den yngre generasjonen)

6.2.2.1 Resultat språkleg gransking pr. informant YG-gruppa

Førekost av tradisjonelle, nivellerte og variasjonsformer i YG-gruppa



6.2.2.2 Gjennomsnitt for dei ulike språkformene i YG-gruppa

Tradisjonelle former	36 %
Nivellerte former	54 %
Variasjon	9 %

6.2.2.3 Fordeling pr. variabel innanfor dei tre ulike språkformene

Fonologiske variablar

Variablar	Trad.form	Niv.form	Variasjon
Var 1. Samanfall av <i>sj-</i> og <i>kj-</i> lyd	90 %	10 %	0 %
Var 2. Palatalisering av <i>k</i> og <i>g</i> i innlyd	0 %	90 %	10 %
Var 3. Differensiasjonen <i>rn > dn</i> i trykksterk staving	7 %	80 %	13 %
Var 4. <i>ll</i> er segmentert til <i>dl</i>	17 %	67 %	17 %
Var 5. Utviklinga av diftongen <i>eu</i>	20 %	67 %	13 %
Gjennomsnitt fonologiske variablar	27 %	63 %	10 %

Morfologiske variablar

Variablar	Trad.form	Niv.form	Variasjon
Var 6. Presens av sterke verb mistar i-omlyden	47 %	50 %	3 %
Var 7. Partisipp av sterke verb	23 %	67 %	10 %
Var 8. Svak bøying i preteritum av sterke verb	80 %	20 %	0 %
Var 9. Pret. av 2. klasse sterke verb har former med diftongen <i>øy</i> , breidd seg på bekostning av <i>eu</i>	20 %	70 %	10 %
Gjennomsnitt morfologiske variablar	42 %	52 %	6 %

Leksikalske variablar

Variablar	Trad.form	Niv.form	Variasjon
Var 10: Totalt	50 %	37 %	13 %

6.2.2.4 Kommentar til gjennomsnittleg førekomst av tradisjonelle, nivellerte og variasjonsformer pr. variabel for YG-gruppa
Fonologiske variablar
Variabel 1. Samanfall av sj-og kj-lyden

Her er den rapporterte førekomsten av tradisjonelle språkformer 90 %. Det er bare ein informant, Dina, som har uttalt samanfall av *sj*-og *kj*-lyden. Me kan seie at i aldersgruppa 15-23 år er dette samanfallet lite utbreidd, men likevel påvist. Dette kan vere eit signal om at dette samanfallet er på veg inn i skjoldadialekten.

Variabel 2. Palatalisering av k og g i innlyd

Den rapporterte førekomsten av nivellerte former er 90 %. Variasjonen mellom tradisjonell og nivellert uttale er 10 %. Det er altså ingen som rapporterer at dei bare nyttar den tradisjonelle forma. To informantar, Aud og Sigfred, rapporterer at dei varierer i bruken av forma *å tenkja*. Substantivet *kjedlaren* (kjellaren) har heilt mista den palatale uttalen i denne generasjonen. I MG-gruppa var det ein rapportert bruk av tradisjonelle former på 33 %. Dette viser at dette språktrekket har hatt ein formidabel tilbakegang dei siste 15-20 åra.

Variabel 3. Differensiasjonen *rn>dn* i trykksterk staving.

I den yngre generasjonen er det rapportert 7 % bruk av tradisjonell form, og 13 % variasjon. Det er då ein førekomst av nivellerte former på heile 80 %. I MG-gruppa var det få førekomstar av tradisjonelle former som eineformer, men mange førekomstar (67 %) av variasjon. Dette tyder på at den store variasjonen i MG-gruppa har blitt til reine nivellerte former i YG-gruppa. Det er orda *hå:dn* og *kå:dn* som framleis er levande av dei tradisjonelle formene, og dette språktrekket er bare observert blant informantar som bur perifert i bygda. Både Sigfred, Astrid og Aud varierer mellom tradisjonell og nivellert form i substantivet *horn*. Aud og Sigfred, som kjem frå perifere strøk av bygda, brukar den tradisjonelle forma *hå:dn* heime og blant dei fleste skjoldabuar, medan dei brukar nivellert form i Haugesund og blant urbant innstilte på bygda. Aud handlar på same måte i forhold til substantivet *korn/kå:dn*. Astrid, som bur sentralt, men har begge foreldra frå Haugesund, brukar vanlegvis den nivellerte forma *horn*, men ho seier at ho av og til brukar den tradisjonelle forma i møte med haugesundarar og dermed vel ein divergerande strategi.

Variabel 4. Endinga *ll* blir segmentert til *dl*

Blant dei unge er det ein rapportert førekomst av nivellerte former på 67 %, medan førekomsten av tradisjonelle former er på 17 %. Det er såleis ein førekomst på 17 % variasjon. Også her ser me sterk tilbakegang i forhold til MG-gruppa, der over halvparten nytta tradisjonelle former som einaste form.

Den mest brukte tradisjonelle forma er *fudle* som blir brukt av seks informantar enten som eineform eller i variasjon med *fulle*. Gudmund og Sofus uttalar vanlegvis adjektivet *fudle*, men brukar forma *fulle* når dei snakkar med folk i Haugesund. Formene *adle* og *kjedlaren* er bare brukte av Aud og Alice, der Alice varierer i begge desse orda, medan Aud bare varierer i fleirtalsforma *kjellaren/kjedlaren*.

Som eit gjennomgåande trekk er det informantar som er busette perifert i bygda som held på dei tradisjonelle formene.

Variabel 5. Utviklinga av den norrøne diftongen au i skjoldamålet

Her er den rapporterte førekomsten av den tradisjonelle *eu*-diftongen på 20 %, medan det er ein førekomst av nivellerte (monofongerte) former på 67 %. Dette tyder igjen at me ser ein klar nedgang i bruken av tradisjonelle former i YG-gruppa samanlikna med MG-gruppa. Når det gjeld dei enkelte ordformer brukar alle informantane bare ordet *strømm*, der den tradisjonelle forma er *streum*. Åtte av informantane brukar ordet *heusten* enten som eineform eller i variasjon med den nivellerte forma *høsten*. Det er to informantar som brukar den tradisjonelle forma *fleum* i sin tale. Variasjon finn me bare i substantivet *hausten*, der fire informantar, Børge, Dina, Aud og Sofus, seier dei nyttar den tradisjonelle forma *heusten* heime og i dei fleste samtalsituasjonar i bygda, men at dei i møte med byfolk (haugesundarar) kan uttale den nivellerte forma *høsten*.

Morfologiske variablar

Variabel 6. Presens av sterke verb mistar i-omlyden

I YG-gruppa er det ein rapportert førekomst på 47 % tradisjonelle former, medan dei nivellerte formene vert nytta i 50 % av tilfella. Astrid brukar forma *kåmme* heime, men meiner ho også i dette ordet (som *horn* ovanfor) brukar *kje:me* i møte med haugesundarar. Samanlikna med MG-gruppa ser me at dette talemålstrekket er relativt uendra i YG-gruppa. Det er også her eit tydeleg mønster som viser tradisjonelle former vert nytta av informantar som bur perifert i bygda.

Variabel 7. Partisipp av sterke verb der sterke former vekslar med svake former

I partisipp av sterke verb finst ein langt større nedgang i bruk av tradisjonelle former enn presensformene av sterke verb (var 6). I YG-gruppa er det ein rapportert førekomst på 23 % tradisjonelle former, medan førekomsten av nivellerte former er 67 %. Variasjonen blir såleis 10 %. I MG-gruppa var det ein rapportert førekomst av tradisjonelle former på 92 %. Dette viser ein formidabel nedgang i den rapporterte bruken av tradisjonelle former mellom MG og YG-gruppa. Det er hjelpeverbet *vå:re* som her står sterkast, der åtte av ti informantar brukar dette enten som einaste form eller i variasjon med nivellert form. Variasjon finn me i hjelpeverbet *vå:re*, der Børge og Sofus seier dei uttalar forma *vært* i møte med haugesundarar blant anna gjennom arbeid i byen. Også i denne forma hevdar Astrid at ho divergerer til den tradisjonell forma *vå:re* i møte med haugesundarar blant anna gjennom arbeidet hennar. Dette er truverdig fordi Astrid er spesielt oppteken av språk som identitetsmarkør (sjå kap. 7.3.1.3). Partisippa *skå:re* og *bå:re* er nesten borte i denne generasjonen, men eg finn ein informant, Aud, som nyttar begge desse som einaste form.

Variabel 8. Svak bøyning i preteritum av sterke verb

Det viser seg at det er 20 % rapportert førekomst av svake bøyingsformer i YG-gruppa, noko som betyr at sterk bøyning i preteritum vert nytta i 80 % av tilfella. Sett i høve til MG-gruppa som bare brukte tradisjonelle former, tyder dette på at den svake bøyninga i preteritum av sterke verb kan vere på veg inn i skjoldadialekten.

Variabel 9. Preteritum av 2. klasse sterke verb

Innanfor denne variabelen finn me ein rapportert førekomst av den tradisjonelle *eu*-diftongen på 20 % i YG-gruppa mot 92 % i MG-gruppa. Her er det altså svært sterk nedgang i bruken av dei tradisjonelle formene. Den rapporterte førekomsten av nivellerte former i YG-gruppa er

på 70 %, medan variasjonen er på 10 %. Blant informantane i YG-gruppa har alle gått over til den nivellerte forma *brøyt*, medan fire informantar brukar dei tradisjonelle formene *skeut og freus* enten som eineformer eller i variasjon. Ann Veronica, som kjem frå periferien i bygda, brukar oftast dei nivellerte formene *sjøyt og frøys*, men kan variere til dei tradisjonelle formene *skeut og freus* blant anna med far sin som er født og har budd heile livet i Skjold. Aud uttalar den tradisjonelle forma *skeut* i bygda og heime, men kan uttale *sjøyt* i byen.

Variabel 10. Leksikalske ord

Det viser seg at orda *lå:ge*, *mø:kje* og *sku:le* held seg godt i YG-gruppa, sjølv om eg finn enkelt døme på ord som *la:ve*, *my:e* og *sko:le* blant informantane. Ordformene *frå:* og *så:n* er på vikande front i Skjold, der det viser seg at åtte informantar brukar *fra:* og *sønn* enten som eineform eller i variasjon med tradisjonell form. Me såg i MG-gruppa at den tradisjonelle forma *ste:la* var på retur, og i YG-gruppa fann eg 100 % førekomst av den nivellerte forma *stjela*. Tre informantar, Aud, Alice og Sofus, brukar den tradisjonelle forma *så:n* heime og i bygda elles, mens dei nivellerer til forma *sønn* i møte med haugesundarar. Ann Veronica seier ho brukar den tradisjonelle forma *så:n* heime, den nivellerte forma *sønn* på skulen, men at ho divergerer i møte med haugesundarar og difor nyttar tradisjonell form her. Børge held på tradisjonell form i preposisjonen *frå:*, men han konvergerer til *fra:* i møte med haugesundarar gjennom arbeid og elles. Sofus som arbeider i Haugesund, brukar ordet *mø:kje* (mye) heime og elles i Skjold, men kan av og til bruke den nivellerte og byprega forma *my:e* i møte med folk frå Haugesund. Henning, som har begge foreldra frå Haugesund, brukar både heime og i møte med haugesundarar den nivellerte forma *la:ve*, men konvergerer til den tradisjonelle forma *lå:ge* på Skjold skule og elles når han møter skjoldaungdom. Dette for å unngå godslig mobbing, som han sjølv forklarar det. Henning kan uttale den nivellerte forma *sko:le* når han

oppheld seg i Haugesund, men heime og elles i Skjold brukar han den tradisjonelle forma *sku:le*.


6.2.2.5 Oppsummering av resultatata til YG-gruppa

YG-gruppa har ein gjennomsnittleg førekomst av tradisjonelle former på 36 % og ein variasjon på 9 %. I MG-gruppa fann me ein førekomst av tradisjonelle former på 69 %. Dette viser ein markert nedgang i bruken av tradisjonelle former dei siste 15-20 åra. Ser me på fordelinga av tradisjonelle former for dei fonologiske, morfologiske og leksikalske variablane, er dette høvesvis 27 %, 42 % og 50 %. Me ser her den same tendensen som me såg i MG-gruppa, nemleg at det er dei tradisjonelle fonologiske variablane som har tapt mest terreng. I YG-gruppa er den tradisjonelle førekomsten av dei fonologiske og dei morfologiske variablane halvert i forhold til MG-gruppa, medan førekomsten av dei tradisjonelle leksikalske variablane ikkje er redusert i same grad. Mykje tyder på at resultatata frå YG-gruppa viser at følgjande fonologiske språktrekk er i ferd med å forsvinne blant dei unge: Palataliseringa av *k* og *g* i innlyd, differensiasjonen *rn > dn* i trykksterk staving, segmenteringa *ll > dl* og diftongen *eu* som forsvinn til fordel for monoftong i ord som *fleum*, *streum* og *heusten*. Blant dei morfologiske variablane ser det ut til at følgjande språktrekk er svekka: Den sterke bøyinga i partisipp av sterke verb og preteritumsformene med diftongen *eu* (som går over til *øy*). Av tradisjonelle språktrekk som held seg godt blant unge i Skjold, kan *kj*-lyden nemnast. Overgangen *kj > sj* som har råka store byar elles i landet, ser ikkje ut til å ha påverka Skjold i nemneverdig grad. Elles kan ein sjå at dei fleste unge i Skjold framleis held på den sterke bøyinga i preteritum av sterke verb, sjølv om ein her finn ein rapportert førekomst av svake former på 20 %. Den rapporterte førekomsten av *i*-omlyd i presens av sterke verb, viser marginal nedgang i YG-gruppa samanlikna med MG-gruppa. Innanfor dei leksikalske ordformene viser det seg at orda *lå:ge*, *mø:kje* og *sku:le* held seg godt i YG-

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

gruppa, sjølv om eg finn enkeltdøme på ord som *la:ve*, *my:e* og *sko:le* blant informantane. Ordformene *frå:* og *så:n* er på vikande front i Skjold, der det viser seg at åtte informantar brukar *fra:* og *sønn* enten som eineform eller i variasjon med tradisjonell form. Me såg i MG-gruppa at den tradisjonelle forma *ste:la* var på retur, og i YG-gruppa fann eg 100% førekomst av den nivellerte forma *stje:la*.

6.2.2.6 Samla resultat MG- og YG-gruppa



6.3 YG-gruppa sine resultat sett i forhold til Haugesund bymål

Mi talemålsgransking i Skjold viser eit mønster i form av ein nivelleringstendens i retning av Haugesund bymål (Hbm) og talt bokmål. Denne tendensen viser seg innanfor dei fleste variablane eg nyttar i arbeidet. Granskinga i Skjold viser ein generell avpalataliseringstendens, noko Gabrielsen påviste i Hbm allereie i 1991. Når det gjeld utviklinga av forma *brøyt* i preteritum av sterke verb, seier Gabrielsen at den var etablert i Hbm i 1991. Blant dei unge i Skjold realiserer majoriteten av YG-gruppa denne forma. Elles er det ein generell tendens til at dei tradisjonelle fonologiske variablane i granskinga mi, er svekka blant dei unge i Skjold. I Haugesund bymål uttalar dei den nivellerte forma innanfor desse variablane (Gabrielsen 1991). Dette gjeld differensiasjonen *rn > dn* i trykksterk staving, endinga *ll* som i tradisjonell tale blir segmentert til *ld* og diftongen *eu* som forsvinn til fordel

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

for monoftong. Når det gjeld i-omlyden i presens og preteritum av sterke verb, ser den ut til å halda seg brukbart blant dei unge i Skjold. Spesielt den sterke bøyinga i preteritum (ba), held seg godt (80 % tradisjonelle former). Samanfallet av *sje* og *kje*-lyden er registrert i Stavanger (Gabrielsen 1983). Dette samanfallet er ikkje registrert i Haugesund i 1991 (Gabrielsen 1991), men kan ha kome etter dette. I Skjold held *kje*-lyden seg blant dei unge, sjølv om ein informant gjennomfører dette samanfallet. Likevel viser dette språkfenomenet utviklingstrekk som gjer det sannsynleg at unge i Skjold i framtida kan realisere *sje*-uttale.

7.0 DEN SOSIOLINGVISTISKE GRANSKINGA

7.1 Handsaming av sosiolingvistiske resultat

I den sosiolingvistiske granskinga er det dei 10 informantane i YG-gruppa som er undersøkingsobjekt. Eg vil prøve resultatane frå den språklege granskinga (sjå kap. 6.0) opp mot dei tre sosiolingvistiske variablane kjønn, alder og bustad i bygda. Eg deler YG-gruppa inn i to grupper og resultatane vil vise om ein kan sjå samanhengar mellom graden av nivellering og desse tre sosiolingvistiske variablane. Denne delen av granskinga presenterer eg på ein kvantitativ måte, der basisen er talmaterialet frå den språklege granskinga.

I del to av denne granskinga har eg laga kvalitative språkportrett av fire informantar frå YG-gruppa. Eg ønskjer å vise dei ulike språklege strategiane desse informantane nyttar seg av, og sjå desse i samanheng med språk, identitet og samfunn hos desse einskildindividua. Eg meiner desse fire informantane representerer ulike "type"-ungdom i Skjold, og at dei difor representerer noko større enn seg sjølve. Det teoretiske belegget som ligg til grunn for analysane, er i hovudsak tilpassingsteorien og den sosiale nettverksteorien (sjå kap. 3.3 og 3.4), sjølv om også einskilde andre teoriar er nytta.

Det er informantane i yngste gruppe (YG) eg har valt å gje eit bilete av i den sosiolingvistiske granskinga. Eg vil setje resultatane frå den språklege granskinga mi opp mot dei tre sosiolingvistiske variablane. Målet er å teste ut desse tre sosiolingvistiske hypotesane:

Hypotese 1: Gutar vil ha fleire tradisjonelle språkformer enn jenter.

- Hypotese 2: Den eldste gruppa informantar i informantgruppe YG vil ha fleire tradisjonelle former enn den yngste gruppa.
- Hypotese 3: Informantar busette i perifere strøk av bygda vil ha fleire tradisjonelle former enn informantar busette i sentrum.

7.2 Resultat frå den sosiolingvistiske granskinga

7.2.1 Sosiolingvistiske variablar og resultat


7.2.1.1 Kjønn

Kjønn som sosial kategori har endra seg mykje dei siste hundre åra. Normene for kva som var passande åtferd for menn og kvinner har altså endra seg med tida. I takt med denne endringa har også forskinga rundt kjønn endra seg mykje. Før vart kjønn utelukkande handsama som ein biologisk storleik forskarar tok for gitt. No er det stor aksept for å tolke kjønn som ein sosial konstruksjon som i stor grad er skapt av samfunnet sine normer og reglar. Kjønn er ein variabel som har blitt og blir studert i forhold til språkval og språkbruk. Vikør (1991:145) skriv om undersøkingar av kjønnskilnader i språk: ”Utgangspunktet er at kjønnskilnaden er en sosial variabel som gjev kjennelege utslag i høve til språklege variablar”. I følge Labov (2001) synest gutar og menn å vere meir lojale mot lokale substandardnormer enn kvinner. Viss ein derimot ser på ei undersøking frå eit eldre bonde-og fiskarsamfunn i Utrøndelag, viser det seg at det er kvinnene som her brukar dei mest arkaiske formene i dialekten. Forklaringa på dette blir sagt å vere at mennene arbeidde som fiskarar og gjennom dette arbeidet kom i kontakt med andre folk, medan kvinnene var heime og arbeidde på garden (Stemshaug 1972:56 etter Hernes 2006:227). Samstundes viser Røyneland (2005) sin studie av ungdom på Røros og Tynset at det er gutane som der snakkar mest nivellert og standardnært. Same resultat kom Eriksson (2001) fram til i si undersøking av målet i Piteå.

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

Sjølv har eg brukt kjønn som sosial variabel i YG-gruppa. Eg har her intervjuua fem gutar og fem jenter, for å sjå kven av desse to gruppene som har størst gjennomsnittleg førekomst av nivellerte former.

Resultat av gransking:



Me ser av resultatata at kvinnene har ein rapportert førekomst av tradisjonelle former på 41 %, medan mennene rapporterer 33 %. Kvinnene har i tillegg ein høgare variasjonsprosent, noko som til saman viser at det er kvinner som i denne undersøkinga nyttar flest tradisjonelle former. Hypotesen min om at kvinner vil ha fleire nivellerte former enn menn, blei ikkje bekrefta. Dette resultatet viser same tendens som resultatata Røynealand (2005) og Eriksson (2001) kom fram til i forhold til kjønn og språk. Dette tyder på at den labovske sanninga om at kvinner er meir innovative språkleg enn menn, ikkje er så eintydig som ein kan få inntrykk av. I denne språkgranskinga må det likevel takast atterhald om at talmaterialet bygger på rapportert og ikkje registrert språkbruk, i tillegg til at eg nyttar få informantar.

7.2.1.2 Alder


Alder er ein av dei klassiske variablane i sosiolingvistiske undersøkingar. Inndelinga innanfor denne variabelen kan skje etter ulike prinsipp. Den klassiske inndelinga er ei etisk inndeling der ein deler tida inn i reine tidsavsnitt (jf. t.d Trudgill 1974, Cedergren 1973). Minuset med

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

denne type inndeling i sosiolingvistisk samanheng er at ein kan få svært samansette grupper innanfor same størrelse. For eksempel kan ein 30-åring vere student, yrkesutøvande, ungkar eller familiemann. Det vil altså vere store variasjonar i kva livsfase dei ulike 30-åringane er i. Her kjem me inn på ei annan type inndeling, nemleg den emiske. Her vil informantane delast inn i i ulike grupper etter kva for livsfase dei er i. Då vil ei inndeling der ein skil mellom ungdom, skuleelevar, studentar, ungevaksne, vaksne og pensjonistar vere interessant. Bakgrunnen for denne emiske inndelinga kjem av ei forventning om at språkbruken endrar seg like mykje mellom desse ulike livsfasane som den gjer ved den reint instrumentelle inndelinga i alderstidsrom. På denne måten vil ein lettare kunne skape homogene grupper med sams erfaringar og utgangspunkt.

Aldersvariabelen er undersøkt på to nivå i denne oppgåva, eit nivå som viser språkforskjellen på gruppene MG og YG, og eit nivå (sosiolingvistisk del) der eg har valt å dele YG-gruppa i to delar, gruppe ein der dei fire frå 10. klasse er med og gruppe to der ein finn dei resterande seks mellom 18-23 år. Sjølv om desse to gruppene ikkje skil mykje i alder, er hypotesen min at ein likevel vil finne fleire nivellerte former i den yngste gruppa. Når det gjeld motivasjonane mine for ei emisk livsfaseinndeling innanfor desse alderskategoriane, viser eg til kap. 4.2.

Resultat av granskinga:



EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

Resultata viser at eldste gruppe (18-23 år) har ein rapportert førekomst av tradisjonelle former på 41 %, medan yngste gruppe (15 år) rapporterer ein førekomst på 30 %. Dei eldste informantane rapporterer i tillegg meir variasjon enn dei yngre, noko som styrkar denne tendensen. I tillegg veit me at fleire av 18-23 åringane har budd borte frå bygda i kortare periodar, og fem av seks studerer eller arbeider i Haugesund. På tross av denne kontakten nivellerer yngste gruppe meir enn dei eldre, noko som skapar inntrykk av eit skjoldamål i rask endring. Inntrykket blir forsterka viss me ser på forskjellen i førekomst av tradisjonelle bruksformer mellom MG-gruppa og dei yngste i YG- gruppa. MG-gruppa oppnår ein bruk av tradisjonelle former på 69 % medan dei yngste i YG-gruppa oppnår 30 %, altså ein nedgang på nesten 40 %. Også i MG-gruppa er den rapporterte variasjonen større enn blant dei yngste i YG-gruppa, noko som forsterkar forholdet i bruk av tradisjonelle former. Hypotesen min om at den eldste gruppa informantar i gruppe YG vil ha færre nivellerte former enn den yngste gruppa i YG, blei bekrefta.


7.2.1.3 Sentrum/periferi

Bustad i bygda er i utgangspunktet ein geografisk storleik og slikt sett ikkje passande i ei sociolingvistisk undersøking. Eg synest denne variabelen likevel er nyttig fordi eg meiner dei sosiale vilkåra og den mentaliteten det skapar, her er viktig. Med sentrum i Skjold meiner eg områda frå Nygård i nord til og med Isvik i sør. Dette området vil då femne om Nygård, Skjoldavik og Isvik, samt byggefelta Skjoldali, Isvik hageby og Isvikfeltet. Innanfor dette området finn ein dei fleste offentlege velferds- og servicefunksjonar, og heile området er nært knytt opp til sentrale kommunikasjonsårer. Området som i dette tilfelle blir rekna til periferien i Skjold, er prega av spreidd busetnad, der små og store gardsbruk utgjer ein vesentleg del av denne busetnaden. Nergaard (1996) og Tunheim (1990 etter Haugen 2004), har gjort granskingar som har sett på den lingvistiske variasjonen mellom bustadfelt og meir periferie

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

område i bygdesamfunn. Konklusjonane deira seier at informantar buande i bustadfelt har fleire nivellerte former enn informantar buande i perifere strøk. Andersen (1988 og 89 etter Røyneland 2005:85) seier at lingvistiske innovasjonar utviklar seg som regel først i sentrale strøk og blir seinare spreidde til periferien. Det vil vere interessant å undersøke om så er tilfelle i mi inndeling mellom sentrum/periferi i Skjold.

Resultat av gransking:



Resultata viser at informantane perifert busette i bygda har ein førekomst av tradisjonelle former på 48 %, medan dei sentrumsnære oppnådde 25 %. I tillegg har dei som er busette i periferien større variasjonsprosent, noko som forsterkar inntrykket av at desse nyttar markert fleire tradisjonelle former enn sentrumsbebuarane. Hypotesen om at sentrumsbebuarane ville få fleire nivellerte former enn dei perifert busette, blei bekrefta.

7.3 Portrett av einskildindivid og språklege strategival


7.3.1 Om informantportrett

Etter å ha kvantifisert dei ulike språkdata i parametra kjønn, alder og bustad, ønskjer eg å


EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

presentere nokre meir inngåande portrett av ein skilde informantar i YG-gruppa. Desse informantane er ikkje berre interessante som enkeltmenneske, men som representantar for visse ”typar” ungdom i Skjold. Målet er å ta del i ungdomane sine tankar kring delar av eiga livsverd og på den måten meir kunne forstå deira motivasjonar for eigne språkstrategiar.

7.3.1.1 Aud



Leksikalske variablar



Informanten Aud bur i Austerheimsbygda, altså den inste delen av bygda som grensar til Vats. Ho har her vakse opp på gard, der ho har budd heile livet. Far har vore bonde på same garden heile livet medan mor kjem frå Sunnhordland, og har vore husmor fram til ca 1995. Etter dette

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

har ho arbeidd ved Skjold skule. Etter 10.klasse ved Skjold skule gjekk Aud tre år på Ølen vidaregåande skule. Etter dette arbeidde ho eit år i servicenæring i bygda, før ho reiste til Haugesund på høgskuleutdanning. Ho har også hatt mykje kontakt med besteforeldre som har budd nære garden. Bestemor kjem opphavleg frå Vats, medan bestefar flytta frå Suldal til Skjold som 11-åring. Begge desse må seiast å ligga nære den tradisjonelle skjoldadialekten. Når det gjeld andre fritidsinteresser, har Aud oppsøkt organisasjonslivet i Ølen. Ølen ligg to mil lenger nord-aust frå Haugesund, og nedslagsfeltet for deltakarane i dette koret ho her har delteke i, er Vats, Skjold, Ølen og Etne. Dialektane i desse områda må seiast å ligga nærare det tradisjonelle skjoldamålet enn dialektane lenger utover mot byen. I tillegg viser ho til gode venner i Etne i Sunnhordland. Ho seier: "Ein periode (2år sidan) budde eg nesten der inne". Ho fortel at dette førte til at ho tok i bruk o-ending i bestemt form eintal, sterke og svake substantiv, men dette fann eg ikkje døme på i min samtale med informanten. Denne o-endinga kan også vere påverknad frå mora som kjem frå Sunnhordland.

I den språklege undersøkinga der Aud har til saman 33 rapporteringar, får ho følgjande resultat: 20 tradisjonelle former, 6 nivellerte former og 7 døme på variasjon der ho som hovudform nyttar tradisjonell form, men varierer med nivellert form i møte med enkelte haugesundarar (sjå vedlegg nr. 6). Dette resultatet plasserer henne trygt blant dei unge tradisjonelle dialektbrukarane i Skjold.

I intervjuet gir Aud uttrykk for at forskjellen på by og bygdeungdom blant anna er annleis klesstil og "kulhet" og at dette smittar over på urbane skjoldabuar...

B: har annleis klesstil og kulhet (som informanten karakteriserer enkelte urbane skjoldabuar for) nåke å bety for dialekten deira?

A: : ja...absolutt..de får annleis "attitude" av de....meir fremmedord...endre og dialekt ellers..

B: annleis holdning?

A: Ja, å de gjere at de legge om...

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

Aud peikar her på samanhengen mellom stil/forbilde og språk, noko ho har erfart blant unge i bygda. Hennar eiga holdning til eit slikt personlegdomsskifte får ho fram når ho seier:

B: ka synes du om bydialekten?

A: e kje nåke stor fan av bydialekten..Når venninnene mine begynte i byen å de begynte å sei for eksempel noe..., sa eg nei, nei, nei.....ikkje gjer de...de hette ikkje de...

B: E du opptatt av å holda på dialekten din?

A.: e kje den som legge fort øve.. e jo folk som reise til Stavanger å har kav stavangerdialekt ette kort tid...idiotisk..

Aud viser gjennom dette sitatet at ho ikkje berre har meiningar om dialektbruk, men at dette betyr så mykje at ho iretteset venninner som ”knotar”. Aud er tydeleg svært skeptisk til nivellering av tradisjonelle språkformer. Røyneland (2005:494) seier at ”haldningar og handlingar som dette finn vi mest av blant lokalt orienterte yrkesfaggutar”. I dette tilfelle finn eg dette hos ei lokalt orientert yrkesfagjente, men som går på sjukepleieutdanning i Haugesund.

Ho seier også:

Sitat:

B: kossen e skjoldaungdommen sitt forhold til dialekt?

A: de e veldig lett påvirkelige...legge veldig fort om..

B: e de positivt?

A: syns ikkje de..

B: kaffor ikkje?

A: må holda på dialekten..akkurat de sama som å holda på kulturen...me har lite kultur igjen i Norge..

B: ka meine du me det?

A: 1800-tallet --. Ingenting som e typisk norsk lenger..

B: språk da?

A: ja, de e kultur

B: kaffor e du opptatt av det?

A: kaffor eg syns de e viktig at me ikkje skal snakka likt heile gjengen?

B: ja..ja.

A: de e her eg kjeme frå..de e ein av dei tingå i Norge som e spesielle....”å... e du derifrå??” me har tusen forskjellige dialektar..

Igjen viser Aud seg som ei jente som vil halda tradisjonane og dialekten ved lag. Ho ser på dialekt som ein sentral del av kulturarven i Noreg, og syns difor dialekt er ein vesentleg del av personlegdommen. Ho seier også at for ho er skjoldadialekten ein vesentleg del av

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

identiteten, noko som forsterkar budskapet hennar. Ho fortel også at ho ikkje kunne tenke seg å bu i byen, nei, ho vil ikkje prøve eingong. Ho vil bu i periferien, helst på gard, i bygda. Blant majoriteten av dei unge elles er mengda nivillerte former mykje høgare enn hos Aud. Ein kan difor gå ut frå at ho har vore utsett for eit visst språkleg konformitetspress i oppveksten både på skule i Skjold, og seinare i livet.. Kvifor har ho stått mot dette språklege presset frå jamaldringar?

Noko av svaret finn me i hennar nettverksprofil. Både næraste familie og venner er opptekne av dialekt og meiner ho bør unngå nivellerte former. Dette ser med i følgjande sitat:

B: e slektå og omgangskretsen din elles opptatt av dialekt?

A: dei fleste hadde reagert visst eg hadde kome inn i ståvå ein lørdag og sagt "ska me gjør de" ...seie ikkje de..

B: Reagert?

A: alle hadde reagert...seie ikkje gjør, grøt og spise.....

B: du hadde altså blitt irettesatt?

A: Ja

B: både hima i huset og med vennene innøve?

A: ja, du blir nesten mobba visst du legge om..

I tillegg fortel ho at besteforeldra er/var særst tradisjonsbundne, og at desse også markerte verdien av å halda på dialekten. Ho seier også at slekta møtes ofte og slike møte representerer ein stor verdi for ho. Elles er ho oppteken av venner "innøve", altså vekk frå byen. Med "innøve" meiner ho bygdene Ølen, Etne og Vats. Det er desse områda ho har reist til på fritida, og ho legg vekt på denne språkpåverknaden ho her har fått. Dette viser eit stort press for å halda på dei tradisjonelle formene blant dei næraste i nettverket hennar, og forklarar nok ein del av Aud sitt sterke engasjement for dialekt. Aud sitt nettverk kan nok seiast å vere tett og multiplekst og difor høve godt til Milroy (1980) si tolking av den sosiale nettverksteorien om språkending (sjå kap. 3.4). Milroy meiner at desse tette og multiplekse nettverka fungerer som kontrollinstans for dialektbruk, og difor er viktige faktorar for å holde på den tradisjonelle dialekten. Ho har og funne ut at menneske som har eit tett nettverk rundt seg,

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

lettare står imot eit eventuelt sosialt nivelleringspress. Om haugesundsdiakten seier Aud vidare:

Sitat:

B: Blir du flau når du høre skjoldadiakten på tv eller radio??

A: Nei, men flau visst eg høre fine haugesundsdiakten... litt kvalmande må eg sei..

B: kor har du fått denne holdningen??

A: alle e jo oppvokst me at de e østlandsk å bokmål de ska vera....

Igjen er ho svært skeptisk til haugesundarar og byfolk generelt. Ho koplår også haugesundsdiakten med bokmål og austlandsk, noko ho tar sterk avstand frå. Ordet ”kvalmande” står nok som reaksjon på ein opplevd arroganse frå Austlandet, i dette tilfelle symbolisert gjennom talemålet i Haugesund. Ho markerer sterk irritasjon overfor denne majoriteten, og dette kan nok forklare situasjonar der informanten påstår at ho divergerer i møte med haugesundarar. Ho fortel ei historie fleire år tilbake i tid om eit dansekurs i Oslo der ho måtte overta instruksjonen ein kort periode. Ho fortel at alle (austlendingane) stoppa opp etter få sekund og spurte på ein seriøs måte om ho verkeleg snakka slik, nokon flirte.....

Aud svara: ”eg bryr meg ikkje ..ikkje sånn at eg går rundt å tenke på det..dei meinte nok at eg var bondeknøl.. men eg bryr meg ikkje...lite...”


Dette var ei fleire år gammal historie som nok har gjort inntrykk på Aud. Uansett har nok slike opplevingar gitt ei kjensle av ei ovanfrå og ned holdning og difor vore med å skapa den irritasjonen informanten viser overfor byfolk og austlendingar. Ei slik oppleving vil for mange føre til konvergering av språkbruk, men Aud og liknande personar, opparbeidar her ein irritasjon som heller lokkar fram divergerande strategiar og klar markering av identitet (sjå tilpassingsteorien kap. 3.3). Denne divergensen er nok både eit uttrykk for Aud sitt ønske om å framheva si eiga sosiale tilhøyrse, men også ein måte å markere avstand til samtalepartnaren. I sitt virke som sjukepleiarstudent hender det likevel at Aud konvergerer. Dette gjer ho først og fremst for å bli forstått, seier ho. Det tidvis eldre klientellet gjer

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD


konvergering praktisk og nødvendig. Ho meiner sjølv at dette er einaste grunnen til dette fenomenet. Sjølv om Aud er oppteken av tradisjonar og kulturarv, deltek ho ikkje aktivt i organisasjonsarbeid som til dømes folkeviseleik osv. der slike verdiar står i høgsetet. Ho ser lite på tv, men likar danse-og syngeprogram, noko kordeltakinga hennar kan setjast i samband med. Elles likar ho å vere ute i friluft, ”i guds frie natur”, som ho sjølv kallar det. Ho vektlegg natur og ektheit som noko vesentleg og verdifullt. Aud kan difor seiast å ha ein tradisjonell habitus (jf. Bourdieu), men er likevel ei jente som tek del i enkelte moderne kulturuttrykk. Sjølv om ho lever i ei verd som på mange vis har retning mot moderne kulturuttrykk, posisjonerer ho seg trygt i det tradisjonelle kulturelle feltet gjennom blant anna dialektbruk og friluftsiinteresse. Skogen (2001:61) er oppteken av at sosial endring fører til nye kulturelle uttrykk og måtar å forstå verda på. Dette meiner han fører til mobilitet frå tradisjonelle til moderne felt, men det kan også føre til at personar som identifiserer seg med tradisjonelle kulturuttrykk, får konsolidert denne ståstaden i ein slik prosess. Aud er som sagt deltakar i denne dynamiske verda, men språket hennar kan tyde på at denne vandringa frå det tradisjonelle til det moderne bare styrkar hennar posisjon i det tradisjonelle feltet. Aud er altså eit døme på ei lokalt orientert jente med tette lokale nettverk rundt seg. Ho identifiserer seg med tradisjonelle kulturelle uttrykk, og er oppteken av dialekt. I tillegg er hennar miljø prega av stort språkleg medvit og språksosiale kontrollmekanismer. Det at ho har vakse opp på gard ca 5 km unna sentrum av bygda, er nok også med å forklare dialektbruken hennar.

7.3.1.2 Henning

Henning



Leksikalske variablar



Henning er 15 år og går på Skjold skule. Han har budd i bygda heile livet, men foreldra kjem frå Karmøy og Haugesund og flytta til Skjold på 80-talet. Henning bur sentralt i bygda på byggefelt. I den språklege granskinga der han til saman har 33 rapporteringar, oppnår han 6 tradisjonelle, 25 nivellerte og 2 former der han varierer mellom tradisjonell og nivellert språkform (sjå vedlegg nr. 7). Dette plasserer han blant dei ungdommane i bygda som nivellerer flest av dei språklege variablane. Viss me ser på dei 6 tradisjonelle formene hans, er dei henta frå følgjande variablar: Samanfallet av *sj* og *kj*-lyden og preteritum av 2 klasse

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

sterke verb. Ingen av desse variablane har ei nivellert form som dominerer i haugesundsmålet eller i talt bokmål, og er difor lite aktuelle som kontaktlån frå desse meir prestisjefylte varietetane. Dette tyder på at Henning held på den tradisjonelle varieteten i desse to tilfella fordi prestisjedialekten for han, nemleg haugesundsk, ikkje er dominert av dei nivellerte formene innanfor desse språklege kategoriane. Konklusjonen blir då at av dei variablane i undersøkinga der den nivellerte varieteten er identisk med den mest frekvente haugesundsforma, nivellerer Henning i alle tilfelle.

Eg spør:

B: trivst du i Skjold

H: Ja, litt...

B: ka e greit me skjold?

H: ikkje måkje bråk, men de skjer lite..

B: men spele du ikkje fotball ?

H: jo, men ikkje i Skjold..spele fotball ute i Tysvær..

B: kafor i Tysvær når du bur i Skjold?

H: blei lei av Skjoldar (idrettslaget i Skjold).

B: kafor?

H: trenerane...

Gjennom den noko retoriske spørsmålsstillinga mi, greier han likevel å få fram at han berre trivst litt. Når eg held fram med å spørje han om positive sider ved bygdelivet, svarar han på spørsmålet, men kjem igjen inn på negative faktorar rundt bygdelivet. Henning gir altså gjennom dette utdraget tydeleg inntrykk av å vere negativt innstilt til delar av bygdelivet. Han hevdar også at det skjer lite i Skjold, eit typisk klagemål frå folk med meir urbane verdsett. Eg spør om han er stolt av bygda, noko alle dei andre informantane svarar meir eller mindre positivt på. Han svarar litt, men spør like etter kva ein eigentleg skal vere stolt av. I utdraget går det også fram at han driv organisert aktivitet i Tysvær, ein tettstad like utanfor Haugesund. Han seier sjølv at denne fotballsparkinga han her driv, skjer fordi trenarapparatet i Skjold er for dårleg. Litt seinare i samtalen går det fram at han også reiser til Tysvær og Haugesund på ungdomsklubb i helgane. Dette tyder på at at denne utanbygdsfartinga best kan forklarast gjennom hans noko negative holdning til Skjold. Han er også tydeleg på at han skal

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

til Haugesund på skule etter 10. klasse. Eg nemner Ølen skule som eit aktuelt alternativ, men då berre smiler informanten.

B: kossen e den typiske skjoldaungdom?

H: bønder..ja....bønder..

B: ka legge du i det?

H: holde seg i bygdå...nok me seg sjøl... burde vore meir utøve..di går glipp av masse..

B: ka e hovedforskjellen på skjolda og byungdom

H: kler seg bere og finne på meir i Hgsd..

I skjold sitte de inne....kjedlige

B: meir aktive i byen altså...?

H: ja, på ein måte..

B: e alle skjoldaungdom sånn?

H: Nei, noen reise te byen..ja, på fest. Di ska o gå på skule i byen neste år.. seie di..

B: E de forskjell på desse skjoldabuane og resten av skjoldabuen?

H: Ja, kulare.

B: Ka?

H: kler seg finare å hørre på bere musikk....kulare

Igjen hyllar han byen for dei ulike verdiane som der finst. Han er klar på at bygdeungdom ikkje veit sitt eige beste og dermed går glipp av mykje ved å halde seg i Skjold. Henning verkar til å vere svært urban i tankegangen. Han viser også tydleg at det "kule" er noko han assosierer med byliv, i dette tilfelle Haugesund.

B: Ka betyr dialekten for deg?

H: Litt viktig me dialekt..identitet..

B: Ka meine du?

H: Kim du e.. men viktigast å bli forstått..

Henning får fram det politisk korrekte ved å vere positiv til dialekten, samstundes som han først og fremst ser på språk som kommunikasjon. Seinare i samtalen gjentek han at språket som kommunikasjonsmiddel er overordna andre vesentlege sider ved språkbruk. Han er også medviten si eiga nivellering og fortel at han blir "kosemobba" av ein del skjoldabu når han seier *my:e*, *no:e*, *sko:le* og liknande typiske haugesundsord. Han seier at han ikkje bryr seg om denne mobbinga, men rapporterer samstundes at han blant anna nyttar adjektivet *lå:ge* på skulen i Skjold, sjølv om det naturlege for han er å seie *la:ve*. Dette tyder på at denne

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

kosemobbinga likevel påverkar han språkleg i sosial omgang med ein del skjoldabu. Det verkar som om Henning nyttar ein konvergerande strategi både i Haugesund og i Skjold. Gjennom intervjuet får ein inntrykk av at Henning ønskjer å distansere seg frå delar av skjoldakulturen. Dette fordi han er skeptisk til den holdningen og dei interessene dei typiske skjoldaungdommane står for. Denne distanseringa frå skjoldakulturen har nok i Henning sitt tilfelle fått eit språkleg tilsnitt, og kan forklara konvergeringsstrategien hans. Samstundes er det også truleg at Henning har eit ønske om å identifisere seg med den urbane livsstilen, i dette tilfelle Haugesund, og at dette også forklarar konvergeringa.

Dette urbane fokuset til Henning gjer at han også er oppteken av moderne kulturuttrykk som klesstil og utsjånad generelt. Han fortel at han ofte ser på amerikanske tv-seriar og er elles oppteken av å vere kul. Dette i tillegg til hans skeptiske forhold til ein del sider ved den tradisjonelle skjoldakulturen, gjer at Henning kan seiast å vere på veg bort frå det tradisjonelle feltet og over i eit meir kulturelt sett moderne felt. Ovanfor var Aud på mange måtar ein motpol til Henning gjennom å plassere seg trygt i det tradisjonelle feltet. Skogen (2001:61) er oppteken av at sosial endring fører til ein overgang frå tradisjonelle til meir moderne kulturuttrykk. Dette stemmer nok med den mentalt urbaniserte Henning og hans ferd mot meir moderne kulturelle felt.

Eg er vidare interessert i å kartleggje Henning sin sosiale nettverkstilknytning.

B: Kim e du samem me på fritid?

H: På skulen e eg i lag me skjoldabuen ...o ein del på fritid.. men

B: men..

H: Eg e o samem me folk utante (mot Haugesund) ..ungdomsklubb i Tysvær..fotball..

B: ofte?

H: tja, av å te. helgene. Litt i vekene o.

B: kaffår?

H: di e kjekke å vær me..

Henning er igjen inne på nettverket sitt som både består av skjoldabu og personar ut mot Haugesund. Han gir uttrykk for at det er haugesundarane han eigentleg ønskjer å bruka mest tid saman med. Elles gir han uttrykk for å ha eit godt forhold til foreldra, og saman reiser dei


EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

ofte inn til byen. I sitt nettverk har Henning ulike personar og miljø som ikkje er relasjonelt bunde til kvarandre. Det verkar difor som om nettverksstrukturen til Henning er meir åpen og unipleks enn tilfelle er for Aud, som meir er del av eit multipleks nettverk der alle kjenner alle. Den sosiale nettverksteorien seier at uniplekse nettverk vil svekke presset for å halde oppe tradisjonelle språkformer. Dette skapar då mindre språksosial kontroll for Henning og gjer at han difor står friare til å velje talemålsstrategi. Dette fører ofte til større talemålsvariasjon både intra-og interindividuellt, noko Henning er eit døme på.

Den nivellerte talemålsstrategien til Henning kan forklarast gjennom hans noko negative holdning til det rurale Skjold og det tradisjonelle kulturelle tankegods som her dominerer. I tillegg verkar han til å vere noko prestisjeorientert, der han set bykulturen over skjoldakulturen, og sjølv identifiserer seg med førstnemnde. Foreldra og vennene ut mot byen er nok også viktige påverknadskjelder når ein skal forklare det nivellerte talemålet Henning nyttar.


7.3.1.3 Astrid

Astrid



Antall ordformer
pr. variabel : 1 2 3

Leksikalske variablar



Astrid er ei jente som har budd heile livet i Skjold, men der begge foreldra opphavleg er frå Haugesund. Dei flytta til Skjold tidleg på 80-talet. Etter 10. klasse ved Skjold skule gjekk ho allmennfagleg studieretning ved Ølen vidaregåande skule før ho reiste tre år til Austlandet på skule. Ho har arbeidd i Haugesund sidan sommaren 2007. Astrid har delteke aktivt i ulikt organisasjonsliv i bygda som blant anna gammaldans og speidarrørsle. Holdninga til skjoldabygda er positiv. Ho meiner Skjold er ei god bygd å veksa opp i, og at folk her bryr seg om einannan. Talet på innbyggjarar er også så stort at bygda består av ulike

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

personlegdomar, noko som skulle gjere det mogleg å finne passande interessefellesskap.

Skjold er også ei bygd ho kan tenka seg å busetja seg i når ho blir eldre.

Eg spør:

B: Kor ville du helst vokst opp om du kunne velge?

A: Syns de e ganske fint å veksa opp i Skjold ,eg..

B: Ka e bra me skjold da?

A: Ka som e bra me Skjold..?...møkje å finna på..elle...ikkje så møkje for ungdom kanskje??..men godt oppvekstmiljø..folk bryr seg om kvarandre...alle kjenne alle..på godt å vondt..,men meste godt. Ja..folk bryr seg..viktig.

Det tette nettverket kan også opplevast negativt. Tabbekvota er lågare her enn i ein by fordi heile bygda får innsyn i eventuelle normbrot. Dette kan nok opplevast litt slitsamt i somme tilfelle, seier Astrid. Ho er i utgangspunktet positiv til organisasjonstilbodet, men seier også:

B: godt organisasjonstilbud?

A: ja, møkje å finna på som speidar, 4H og fotball...men nok mest for ungar..mindre for ungdom..når folk blir 15-16 år begynne de kanskje å bli litt kjedligt..

B: kjedligt?

A: ja, då reise folk vekk på kino elle nåke ant..

Sjølv om ho meiner bygda er god å veksa opp i, ser ho også klare minussider når det gjeld tilbudsstruktur for eldre ungdom.

I språkundersøkinga der ho rapporterer til saman 33 ordformer, oppnår Astrid følgjande resultat: 11 tradisjonelle former, 19 nivellerte og tre former der ho varierer mellom tradisjonell og nivellert form avhengig av situasjon (sjå vedlegg nr. 8). Dette resultatet plasserer Astrid i eit mellomsjikt i YG-gruppa i Skjold når det gjeld bruk av tradisjonelle former i dialekten. Astrid varierer i differensiasjonen *rn>dn* der ho seier *horn* heime hos foreldra, men *hå:dn* blant dei fleste venner i Skjold og i Haugesund. Det same gjentek seg i partisipp av sterke verb der ho uttalar *vært* heime, men *vå:re* blant vennene i Skjold og i

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

Haugesund. Kvifor denne divergeringa i Haugesund? Dette utdraget kan kanskje forklare noko av dette:

Eg spør:

B: Kaffår seie du ikkje vært i jobbsammenheng i byen? Der og møte du personar som seie vært.

A: Eg e opptatt av å holda på dialekten... blei bevisst dette når eg gjekk på skule sammen med mange andre på Auslandet..

B: Kaffår det?

A: de e ein del av meg av min identitet, egentlig.

B: Du kunne altså ikkje like godt brukt ein annen dialekt bare du blei forstått??

A: nei, de blir heilt feil..

Astrid markerer seg som ei medviten jente som har klare mål for dialektbruken sin. Ho påstår at dette medvitsnivået først kom til overflata i møte med andre dialektar ved skulen på Auslandet. Det er komplekse psykologiske og sosialpsykologiske mekanismar som ligg til grunn for val av språkstrategi. Tilpassingsteorien legg vekt på at divergerande strategi kan vere eit uttrykk for ønske om å markere auka integritet og personleg identitet. Mange ville lagt seg på ein konvergeringsstrategi i møte med blant anna austlandske talemål. Det at Astrid i dette miljøet vel å halde sterkare på sin eigen dialekt, og heller divergere enn konvergere, seier noko om hennar ønske om å markere integritet og personleg identitet (jf. tilpassingsteorien kap. 3.3). I Astrid sitt tilfelle verkar det som om denne divergeringa først og fremst kan forklarast ved at ho ønskjer å framheve si sosiale tilhøyrse, ikkje for å skape avstand til haugesundskulturen. Ho markerer ikkje i intervjuet avstand til Haugesund og dei kulturelle verdiane som ligg der, men er nyansert i sine refleksjonar rundt desse to kulturane.

Når det gjeld nettverksstrukturen til Astrid, består den for det meste av venner frå Skjold. Då ho studerte på Auslandet, hadde ho sjølv sagt kontaktar utanfor bygda, og det same kan seiast om det siste halve året ho har arbeidd i Haugesund. Likevel held ho seg som oftast saman med

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

skjoldabu, noko som tyder på at det er denne gruppa som påverkar henne mest språkleg utanom foreldra. Sosiolingvistiske granskingar har vist at ungdom ofte snakkar slik jamaldringane snakkar, og ikkje slik foreldra snakkar når foreldra har eit anna talemål enn talemålet på staden (jf. Trudgill 1986:31 og Mæhlum 1992:74). Dette skulle tyde på at Astrid med bakgrunn i vennenettverket sitt skulle nytte seg av ein del tradisjonelle språktrekk i sin tale. Me skal samstundes vere klar over at haugesundsdiakten nok har høgare prestisje enn skjoldadiakten innanfor denne regionen. Den tradisjonelle skjoldadiakten kan nok kjennast stigmatiserande på enkelte brukarar. Mæhlum (1992:65) meiner at kva dialekt barn vel, er avhengig av kva prestisje dialekten har. Såleis blir dei sosiokulturelle og individualpsykologiske mekanismene avgjerande hos kvart enkelt individ. I Astrid sitt tilfelle verkar det som om hennar sterke dialektmedvit og sterke sjølvkjensle gjer dette prestisjemomentet underordna.

Eg spør:

B: Har foreldrå dine påvirka deg dialektmessig?

A: Har ikkje vore nåke stort tema..

B: Ka holdning har dei te skjoldabygdå da?

A: Positive, trur eg.

Men pappa legge om tydeligt i ein del sammenhengar, å då seie eg de te han ittepå..men han e ikkje klar øve de sjøl..

B: Men kaffår seie du sønn, fra og først, trur du?

A: Fra og sønn seie mange, men først e nok nåke eg har fått himante (foreldre)..e nok litt påvirka av dei ja..

Det at Astrid nivellerer ord som *kåmme*, *vært og horn* heime, men ikkje ute blant skjoldabu, viser at påverknaden mot haugesundsmålet er stor innad i heimen. Ein kan nok gå ut i frå at denne påverknaden har gjort noko med andre språktrekk hos Astrid på tidlegare stadium i oppveksten hennar. Eg vil her trekka inn Mead (1934) og hans tankar om "the significant other". Denne teorien handlar om sentrale personar i nettverket til eit individ og korleis slike

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

personar kan påverka handlingsmønstra til individet, i dette tilfelle talemålet. Utdraget ovanfor viser igjen det språklege medvitsnivået til Astrid i og med at ho påpeikar konvergering hos far i visse situasjonar. Også når me snakkar om *kj*-lyden som er i ferd me å gå over til *sj*-lyd, reagerer ho spontant. Dette er ho imot. Ho har høyrte dette i Haugesund og tar avstand frå endringsfenomenet. Dette er eit nytt døme på hennar medvitne forhold til språk. Sjølv om Astrid godt kan tenka seg ei framtid i Skjold, er ho ikkje negativ til å busetje seg i Haugesund.

B: trur du foreldrene dine har påverka deg i retning by?

A: ja..me reise ein gong i vekå te byn...andre skjoldabu reise kanskje ikkje meir enn ein gong i månen..de e stedbundne,.

B: Stedbundne?

A: Ja, mange av dei har nok me Skjold... Haugesund er et nødvendig onde ...Eg har vore møkje i byn og kan godt bu der og...

Besteforeldrene mine bur i byn, men trur ikkje dei har påvirka så møkje.

Astrid markerer ei open holdning til Haugesund, i motsetnad til Aud som var sterkt imot alle urbane verdiar. Likevel er Astrid tydeleg når det gjeld kva talemål ein bør ha om ein er skjoldabu:

B: ka synst du om at skjoldabu legge om dialekten?

A: Teit, rett å slett..

B: Kaffår de?

A: Kaffår ikkje snakka si eigen dialekt..eg ønske iallefall de.

B: Er dei skjoldabu sjøl om dei legg om store deler av dialekten?

A: Ja, vil nå sei de...men forstår ikkje poenget med å forlata sitt eget språk..

Astrid viser altså ei klar pro-dialekt holdning, men er likevel ikkje intolerant ovanfor dei som vel å konvergere mot andre dialektar i området, i dette tilfelle først og fremst haugesundsmålet. I tilknytning til ei slik pro-dialekt holdning er det naturleg å undersøke informantens si holdning til nynorsk/bokmålsordskiftet:

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

B: Ka me nynorsk og bokmålsdebatten?

A: Eg skrive bokmål sjøl om eg hadde nynorsk fram te 10 klasse..

B: Kaffår?


A: Vanskeligt å bli tatt seriøst på nynorsk viss eg skrive te ein bokmålsbrukar i feks Oslo..de blir meir opptatt av nynorsken enn innholdet..

Astrid er ikkje så oppteken av samanhengen dialekt-skriftspråk sidan ho alt etter 10. klasse valde å gå over til bokmålet. I seinare tid har ho av og til prøvd å skrive nynorsk, men fortel at dette språket i dag fortonar seg vanskeleg og i tillegg lett blir oppfatta useriøst. Ho nemner oslofolk i samband med personar som oppfattar nynorsk som useriøst. Dette kan tyde på at ho assosierer ein språkleg arroganse frå denne kanten, og at holdninga til denne gruppa er med og styrer hennar skriftspråklege val. Ein kan kanskje også slutte ut frå dette at Astrid ser på oslodialekten som standarden i det språklege hierarkiet?


Samla sett kan ein seie at Astrid representerer nivelleringsgjennomsnittet blant mine informantar i YG-gruppa. Ho er positiv til skjoldabygda, og ønskjer å halda på skjoldadialekten. Dei fleste vennene og ikkje minst hennar språkmedvitne haldning, skulle tilseie at ho nytta mange tradisjonelle talemålstrekk i mi undersøking, noko ho for så vidt gjer. Likevel finn ein også ein del nivellerte former. Den relativt store nivelleringsendensen som ikkje harmonerer med hennar holdning til dialekt, må då forklarast gjennom foreldrepåverknad og hennar opne holdning til blant anna haugesundsregionen. Her skil ho seg frå Aud som er meir avvisande til haugesundsregionen og som dermed nyttar fleire tradisjonelle former.

7.3.1.4 Børge

Børge



Leksikalske variablar



Børge rapporterer at han nyttar følgjande språkformer etter den språklege granskinga: 6 tradisjonelle former, 24 nivellerte former og 3 ordformer der han varierer mellom tradisjonell og nivellert form (sjå vedlegg nr. 9). Dette plasserer han blant dei ungdommane i bygda som har flest nivellerte former i sitt talemål. Børge nyttar som me ser, langt færre tradisjonelle dialektformer enn det Aud gjer. Far til Børge kjem frå Skjold og har budd her heile livet, medan mor er oppvaksen i Vats, og flytta til Skjold på siste delen av 60-talet. Verken far eller mor har høgare utdanning men arbeider i høvesvis Skjold og Vats. Etter grunnskulen ved Skjold skule, begynte Børge på yrkesskulen i Ølen der han gjekk eitt år. Han fortsette på

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

yrkesskule i Sauda før han begynte å arbeide i Haugesund. Han har arbeidd siste året i Haugesund. Børge fortel at han har vore aktiv i organisasjonsarbeid gjennom både speidar og fotball, men at han har slutta med desse aktivitetane nå. Utanom arbeidet i byen brukar han det meste av tida i ”mekkegarasjen” der han og kameratane møtes ofte. Han fortel at han driv med bilsport, noko som også kan forklare dei mange timane i denne mekkegarasjen.

Eg spør:

B: Ka forhold har du te haugesundarar?

Bø: Jo, greie dei..

B: e de forskjell på haugesundarar og skjoldabu?

Bø: egentlig ikkje..de e kanskje litt meir fine..fisefine , tåle ikkje skikkligt arbeid.

B: trur du de har nåke å sei for språket deira?

Bø: ja, snakke meir pent..

B: pent?

Bø: ja, meir finslig...

Børge er ikkje i direkte opposisjon til haugesundarar slik Aud markerte at ho var. Han peikar på enkelte dialektforskjellar mellom skjoldabuar og haugesundarar, og meiner haugesundarane er meir fisefine. Han relaterer elles spørsmålet mitt til fysisk arbeid, og påpeikar deira avgrensa evner i denne samanhengen. Kva legg så Børge i karakteristikane han her nyttar på haugesundarane?

Eg spør:

B: kan du tenka deg å bu i by sjøl?

Bø: like meg godt her eg (i skjold)..meir romslig..

B: romslig?

Bø: ikkje så tett..

Sjølv om han er relativt positiv til haugesundarane, ønskjer han å busetje seg i Skjold, og markerer trivsel rundt bygd livet.

Når det gjeld nettverkstrukturen hans, er han for det meste saman med jamaldringar frå Skjold. I tillegg bur han framleis heime hos far og mor, og begge foreldra må seiast å ha ein

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

dialekt som ligg nære den tradisjonelle skjoldadialekten. Børge har valt same yrke som far, og dei har brukt mykje tid saman rundt felles fritidsinteresser. Det at han framleis bur heime og har brukt mykje tid saman med far på fritida, kan tyda på nære band mellom Børge og foreldra. Samstundes er Børge sitt nære sosiale nettverk prega av skjoldabuar. Med unntak av arbeidskollegaer i Haugesund, er heile det sosiale nettverket til Børge forankra i Skjold, og kan slikt sett til dels kallast tett og multiplekst (sjå kap. 3.4). Ein ville såleis forventa ei opphopning av tradisjonelle former i Børge sitt talemål. Dei mange nivellerte formene harmonerer ikkje med nettverksteorien og spørsmålet blir då korleis me kan forklare nivelleringa til Børge?

Dei to informantane, Aud og Astrid, er svært medvitne sin eigen dialektbruk, og begge utøver og opplever sjølve den språksosiale kontrollen på kroppen. Børge fortel i intervjuet at det er lite språkleg interesse og språkleg korreksjon i venegjengen og i hans eigen familie. I samband med intervjuet av Børge, spurde eg foreldra litt om sonen sitt talemål. Dei gav då uttrykk for at dette talemålet nok låg relativt nært deira eigen språkbruk, noko som viser seg ikkje å stemme heilt.

Eg er interessert i finne ut om Børge er opptatt av sin eigen dialektbruk, og spør:

B: E du opptatt av din egen dialekt?

Bø: legge ikkje spesielt merke te han.

B: ikkje i møte me haugesundarar helle?

Bø: viss de e vanskelig å skjøna meg..då legge eg om.

B: kaffor legge du om i jobben?

Bø: vett ikkje heilt..egentligt..men av og te reagere eg på at eg prøve å snakka sånn andre snakke..altså at eg legge om , på ein måte..

Børge stadfestar gjennom denne utsegna at han er lite opptatt av sin eigen dialekt. Dette forsterkar han ved å seie:

B: Ka synes du om de å legga om?

Bø: greiast å snakka ein dialekt føle eg..

B: sama ka dialekt bare du snakke ein?

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

Bø: ja..

B: så de e kje nåke spesielt med skjoldadialekten si du e fødd å oppvokst her?

Bø: Nei, egentlig ikkje..så lenge du forstår kvarandre så e de vel greit...

Begge dei siste utdraga kan tyde på at Børge er lite oppteken av samanhengen mellom språk og kultur. Han ser ikkje på dialekten som unik for skjoldabygda, og dei eventuelle verdiane som kan ligge i dette. Han har eit praktisk forhold til dialekten, og er nøgd viss han blir forstått. Børge er med andre ord lite oppteken av språk som identitetsmarkør, og han er ikkje oppteken av kulturgrunnlaget dialekten representerer. Han konvergerer når han treffer urbant innstilte personar i Skjold og elles i kontakt med haugesundarar gjennom arbeidet. Han er medviten desse prosessane og fortel seinare i intervjuet at dess meir han oppheld seg i Haugesund, dess meir haugesundsformer nyttar han. Dette tyder på eit visst medvitsnivå rundt kva dialektbruk som passar inn i ulike situasjonar, sjølv om han elles er lite oppteken av sin eigen språkbruk. Børge tilpassar seg haugesundarar gjennom å konvergere sin språkbruk mot haugesundsmålet. Sjølv meiner han dette skjer fordi det er praktisk å snakke same dialekt, noko det kan verke som han meiner. Likevel kan følgjande utdrag kanskje gje oss ei nærare forklaring på denne konvergeringsstrategien:

B: Har du blitt kalt bonde i byn?

Bø: ja, monge gonger...

B: ka tenke du då?

Bø: litt kjedligt i lengden..

B: Kaffår blir du kalt bonde, trur du?

Bø: får eg bur i Skjold..

B: dialekten da?

Bø: trur ikkje den har nåke å sei..vett ikkje..kanskje litt..

Han seier her at det å kome frå bygda kan kjennast stemplande i visse høve. Sjølv hevdar han at han konvergerer av praktiske årsaker, men dette sitatet tyder på at han ikkje trivest med dei assosiasjonane skjoldabygda skapar i byen og at han difor konvergerer i retning majoriteten, altså haugesundsk. Ovanfor karakteriserte han haugesundarar som pene, finslige og fisefine, noko som tyder på at Børge markerer ein kulturell avstand til desse. Han signaliserer språkleg

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

at han vil skape avstand til si eiga sosiale gruppering og dermed unngå bestemte stereotype oppfatningar knytta til språkbruken. Tilpassingsteorien forklarar konvergerande tilpassingsstrategi med eit ønske om å være sosialt akseptert av motparten, og dette kan nok spele ei viktig rolle for Børge i møte med haugesundarar. Innbyrdes status- og prestisjeforhold mellom samtalepartnarane er vidare ein avgjerande faktor for grad av konvergens. Børge vil etter alt å døme markere avstand til "det bonske" i skjoldadialekten. Det verkar som om han er oppteken av å passe inn, og slik sett tilpassar dialekten til dei ulike situasjonar han er oppe i. Han seier sjølv at han reagerer på at han "prøve å snakka sånn andre snakke".

Tilpassingsteorien prøver å forklare språktilpassing i situasjonar subjektet er i kontakt med andre individ. Den relativt sterke nivelleringa Børge viser, kan tyde på at denne nivelleringa har byrja som ei "short term accomodation" gjennom arbeidet i byen, men har utvikla seg over tid til det som i dag framstår som eit meir permanent talemål, såkalla "long term accomodation".

Det at foreldra til Børge gjev uttrykk for at hans talemål ikkje skil seg vesentlig frå deira eige talemål, kan og skuldast at Børge rett og slett pratar meir tradisjonelt i lag med dei. I så fall praktiserer han umedvite intraindividuell variasjon. Børge meiner sjølv at dette ikkje er tilfelle når eg konfronterer han med denne teorien. Det kunne vore interessant å observerte Børge og kameratane i lag for å studera om han pratar meir tradisjonelt saman med desse.

Børge er representant for den type ungdom som enten går på skule eller arbeider i haugesundsregionen, men som elles held seg i og saman med skjoldabu. Børge er eit døme på ein lokalt orientert person som likevel i stor grad nivellerer språket sitt. Det forholdsvis høge nivelleringsnivået til Børge er likevel vanskleg å forklare i og med at nettverksstrukturen hans hovudsakleg er dominert av folk som kjem frå, og bur i Skjold.

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

Han verkar til å kjenne seg noko underlegen i møte med urbant innstilte personar, og konvergeringa kan kanskje forklarast gjennom dette. Det elles multiplekse og tette nettverket hans, med den tradisjonelle tilknyttinga dette ber med seg, blir såleis underordna det dominante prestisjemålet i Haugesund. Børge er på sett og vis "unntaket som bekrefter regelen".

8.0 OPPSUMMERING

8.1 Forklaringar på språklege endringsprosessar i Skjold

Når ein skal forklare den språklege endringa som ein ser i Skjold, er det naturleg å peike på vesentlege ytre faktorar. Det har skjedd store endringar på samfunnsnivå (makroplanet) dei siste åra. Generelt flyttar folk meir, og busetjinga har gått i retning av auka sentralisering og urbanisering. Dette gjeld også i Skjold der unge skjoldabuar og tilflyttarar i stor grad har busett seg på dei fire byggefelta i sentrum av bygda (sjå kap. 2.5). Eit anna viktig moment er den utvida kontakten skjoldabuen har med haugesundsregionen. Før i tida var ein tur til Haugesund noko ein gjorde ein hende gong, men dei siste 20-30 åra har turar til byen blitt meir og meir vanlege. Nå reiser mange skjoldabuar til byen fleire gonger i veka både i skule, jobb og fritidssamanheng. Vidare er massemedium og internett viktige påverknadskjelder i dagens samfunn. Det auka utdanningsnivået er også med og skapar ein auka bruk av skriftspråk blant folk flest. Det meste folk les og skriv, er majoritetsspråket bokmål, og denne bokmålifiseringa er difor ei sterk påverknadskjelde for dei norske dialektane. Kontakten med eit meir urbant språk, skapar sannsynlegvis språkendring der bygdemålet ofte må vika for det meir prestisjefylte urbane språket. Hompland (1984:15) seier at ”Vi kan snakka om ei mental- eller ei symbolsk side av urbaniseringsprosessen”. Med dette meiner Hompland at ein moderne livsstil i abstrakt forstand vinn fram på kostnad av dei tradisjonelle bygdeverdiane. Ein finn mentale endringar hos det einskilde individ som går i retning av eit meir urbant tankesett.

8.2 Oppsummering språkleg gransking

Resultata frå mi språkgransking kan tyde på at skjoldamålet utviklar seg i retning av haugesundsmålet og talt bokmål. Det må likevel presiserast at mitt utval består av få personar, og resultata må tolkast i lys av dette.

Eg samanlikna ei gruppe frå mellomgenerasjonen (MG-gruppa) med ei gruppe frå den yngre generasjonen (YG-gruppa). I MG-gruppa rapporterte dei ein gjennomsnittleg førekomst av tradisjonelle former på 69 %. I YG-gruppa var denne andelen redusert til 36 %, altså om lag ei halvering tradisjonelle former i forhold til MG-gruppa. Ein ser i YG-gruppa store forskjellar innanfor dei ulike variablane. Når det gjeld dei fonologiske variablane, ser ein at pataliseringa av *k* og *g* i innlyd, differensiasjonen *rn>dn* i trykksterk staving, segmenteringa *ll>dl* og diftongen *eu* som forsvinn til fordel for monofong, er sterkt svekka. Med unntak av samanfallet *kj>sj*, er det dei tradisjonelle fonologiske variablane som i størst grad vert nivellerte. Blant dei morfologiske variablane ser det ut til at følgjande språktrekk er svekka: Den sterke bøyinga i partisipp av sterke verb og preteritumsformene med diftongen *eu* (som går over til *øy*). Dei fleste unge i Skjold held framleis på den sterke bøyinga i preteritum av sterke verb. Den rapporterte førekomsten av *i*-omlyd i presens av sterke verb, viser marginal nedgang i YG-gruppa samanlikna med MG-gruppa. Innanfor dei leksikalske ordformene viser det seg at orda *lå:ge*, *mø:kje* og *sku:le* held seg godt i YG-gruppa, sjølv om eg finn enkeltdøme på ord som *la:ve*, *my:e* og *sko:le* blant informantane. Ordformene *frå:* og *så:n* er på vikande front i Skjold, der det viser seg at åtte informantar brukar *fra: og sønn* enten som eineform eller i variasjon med nivellert form. Me såg i MG-gruppa at den tradisjonelle forma *ste:la* var på retur, og i YG-gruppa fann eg 100 % førekomst av den nivellerte forma *stje:la*.

Om dialektutviklinga seier Skjekkeland (2005:23) at dei fleste granskarane meiner at

”det går mot ei regionalisering, dvs. ei utjamning av dialektskilnadene innafor eit avgrensa område, innafor ein region. ” Omgrepet regionalisering har vore mykje debattert (sjå kap. 3.8), og det er slik sett vanskeleg å seie om språkutviklingstendensen i Skjold er uttrykk for ei regionalisering eller ei standardisering. Eg har i denne oppgåva ikkje valt å vektlegge dette forholdet.

8.3 Oppsummering sosiolingvistisk gransking

I den sosiolingvistiske granskinga finn eg tendensar i retning av at dei perifert busette i Skjold realiserer fleire tradisjonelle former enn dei som er busett sentrumsnært. Resultata viser også tendensar i retning av at dei yngste i YG-gruppa nivellerer meir enn dei som er ca fem år eldre. Når det gjeld variabelen kjønn, viser det seg at det er gutane i denne granskinga som har flest nivellerte former.

Sjølv om ytre omstende sannsynlegvis har påverka språkforholda i Skjold, er det likevel på mikroplanet, hos individa, språket endrar seg. Ein må difor prøve å finne ut kva endringar på individplanet som skapar desse språkendingane. Le Page og Keller (1985) meiner at språk er identitetshandlingar (sjå kap. 3.2). Ifølgje deira tankar tek altså språkbrukaren i bruk dei språkkodane som signaliserer den identiteten han har eller ønskjer å ha.

I den kvalitative granskinga mi har eg intervjuar fire personar frå YG-gruppa. Aud representerer tradisjonisten blant desse fire. For ho er språket ein viktig del av identiteten. Gjennom heile intervjuet markerer ho ei sterk haldning til bygda og talemålet sitt. Dette harmonerer godt med den divergeringsstrategien ho legg for dagen i kontakt med identitetstrugande personar og grupper frå haugesundsregionen (sjå kap. 3.3). Ho opplever stor grad av språksosial kontroll i det næraste nettverket sitt, eit nettverk som har større grad av tettleik og multipleksitet enn nettverka til dei tre andre informantane (sjå kap. 3.4). Desse

faktorane er nok ein del av forklaringa på at Aud nyttar relativt mange tradisjonelle former i samtalen med meg.

Henning representerer på mange vis motsetnaden til Aud. Han har begge foreldra opphavleg frå Haugesund og bur sentralt i bygda. Han er ein typisk urban informant som er lite oppteken av språket som kulturformidlar. Ifølgje han sjølv, er språket eit middel til å gjere seg forstått og lite anna. I tillegg er han orientert i retning Haugesund og praktiserer til dels urban livsstil på fritida, og det er her han planlegg sin framtidige skulegang. Den komplekse nettverksstrukturen hans gjer nok at han ligg nærare den uniplekse opne nettverksstrukturen, enn det tette multiplekse nettverket (sjå kap. 3.4). I intervjuet markerer han tydeleg at byen har høgare status enn bygda. Dette asymmetriske forholdet han opplever, resulterer i konvergering mot prestisjemålet i Haugesund. Samla sett resulterer dette i høg grad av språkleg nivellering hos Henning.

Børge er, som Henning, lite oppteken av språket som identitetsmarkør og legg avgjort mest vekt på kommunikasjonen. Han er busett i sentrum av bygda, og har begge foreldra frå det språklege nedslagsfeltet Skjold og Vats. Han har eit relativt multiplekst, tett nettverk rundt seg, med unntak av arbeidskollegaer i Haugesund. På tross av det tette, multiplekse nettverket, nivellerer han i stor grad i intervjuet med meg. Intraindividuellt konvergerer han i møte med haugesundarar. Mykje tyder på at haugesundsmålet for han har høgare prestisje enn hans eigen dialekt, noko som resulterer i denne konvergeringa (sjå kap. 3.3).

Børge representerer ei "språkleg nøtt", og stadfestar kompleksiteten i språkgranskning. Han kan være eit døme på at umedvitne psykologiske mekanismer som vanskeleg lar seg kvantifisere, spelar ei sentral rolle.

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

Astrid er busett i sentrum av bygda og har foreldre som kjem frå Haugesund. Ein skulle vente at ho var sterkt påverka av haugesundsdialekten, og difor nivellerte meir enn Børge. Som Børge har ho sin sosiale omgangskrets i Skjold, sjølv om ho arbeider i Haugesund. Foreldra har ei positiv haldning til bygda og er godt integrert i bygdelivet. Ho har sjølv ei positiv, men nyansert haldning til bygda si. Astrid er oppteken av språket som identitetsmarkør. I møte med både austlendingar og haugesundarar nyttar ho ein divergeringsstrategi, først og fremst for å markere eige opphav. Ho forklarar dei tradisjonelle språkformene sine med det tette skjoldanettverket ho har rundt seg, sjølv om ho arbeider i byen og elles har gått på skule på Austlandet. Dette resulterer i færre nivellerte former hos Astrid, enn hos Børge, noko som kan tyde på at eit medvite forhold til språk, spelar ei stor rolle når det gjeld dialektbruk.

I den kvalitative delen finn eg at personar som er medvitne deira eige språk, og som ser på språket sitt som ein sentral identitetsmarkør, gjennomgåande nyttar fleire tradisjonelle former i talemålet sitt. Eit relativt tett, multiplekst nettverk og positiv haldning til bygda, ser aleine ikkje ut til å vere avgjerande for val av språkstrategi. To informantar i denne kategorien har relativt mange tradisjonelle former, medan ein nivellerer i stor grad. Det verkar som om språk er ein viktig markør for identitetshandlingar blant dei fire informantane. To identifiserer seg med dei verdiane som ligg i det rurale Skjold, og får då relativt fleire tradisjonelle former. Ein identifiserer seg meir med det urbane og kule, og nivellerer i stor grad. Den siste informanten ønskjer å unngå stigmatisering og nivellerer i møte med urbane personar.

8.4 Veggen vidare

Der er lite talemålsforskning frå distriktet, og dialektane i naboombåda til Skjold burde vore meir granska. Dette området mellom Ryfylke og Sunnhordland representerer til ein viss grad ein svart flekk på kartet innanfor talemålsgransking. Gabrielsen har gjennomført ei større

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

talemålsgransking om Stavanger-bymål (1983), men også gjort eit mindre, men relativt grundig arbeid om Hbm (1991). I tillegg har Paul Kerswill skrive om morfologien i substantiv og adjektiv i Nedstrand som ligg heilt sør i Tysvær kommune. Passerer ein fylkesgrensa i nord, har det blitt utført to ulike talemålsgranskingar på Bømlo i Sunnhordland. Notland (2001) har skrive om variasjon og endring i bømlamålet og Stokka (1982) har gjeve ei utgreiing om lyd-og formverk i same målet. Han har også sett på målskilnader alt etter tilhaldsstad og alder. På tross av desse granskingane er hovudintrykket at i nedslagsfeltet rundt bygda Skjold, har det gått føre seg lite talemålsforskning.

Kva type granskingar kunne så vore gjort i dette området? Gamle Skjold kommune før 1965 besto av nordre delar av dagens Tysvær kommune pluss dagens Skjold. Observasjonar tyder på at det er markert forskjell på talemålet i dagens Skjold og den nordre delen av Tysvær kommune. Ei talemålsgransking i den nore delen av Tysvær kommune kunne vore interessant å samanlikna med talemålet i Skjold.

Mykje tyder på at dei unge i Skjold nivellerer talemålet sitt. Kva retning denne nivelleringsprosessen går, er meir usikkert. Det kunne vore interessant å sett resultatata av ei språkgransking der målsetjinga var å seie noko meir presist om nivelleringsretninga til skjoldamålet. Foregår det ei horisontal nivellering mellom dei ulike bygdedialektane, ei semivertikal nivellering der skjoldamålet vert konvergere mot haugesundsmålet eller er det standarden talt bokmål som er retningsgjevande for nivelleringsprosessane i Skjold?

Eg håpar dette arbeidet kan vere eit lite bidrag i den store samanhengen. Eg har prøvd å kartlegge talemålsutviklinga i Skjold og håpar at dette vil inspirere andre til å kartlegge

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

talemålsutvikling i tilgrensande bygder. I tillegg håpar eg at dette arbeidet kan vere eit lite bidrag til å kartlegge talemålsutviklinga i Nord-Rogaland, eit område som til no har vore lite granska.

Forkortingar

bf.e.	- bunden form eintal
bf.flt.	- bunden form fleirtal
ca.	- cirka, om lag
dvs.	- det vil seie
f.o.m.	- frå og med
han.kj.	- hankjønn
Hbm	- Haugesund bymål
ho.kj.	- hokjønn
inkj.kj.	- inkjekjønn
jf.	- jamfør
kap.	- kapittel
m.a.	- mellom anna
MG	- mellomgenerasjonen
n.	- nøytrum, inkjekjønn
osb.	- og så bortetter
osv.	- også vidare
perf.part.	- perfektum partisipp
pers.	- person
pr.	- for kvar
pret.	- preteritum
stk.	- stykke
subs.	- substantiv
t.d.	- til dømes
TEIN	- nasjonalt talemålsprosjekt
ubf. flt	- ubunden form fleirtal
v.	- verb
var.	- variabel
YG	- den yngre generasjonen

Forkortingar brukt i grafiske språkportrett:

dif.eu>ø/o	- Tradisjonell diftong eller ny monoftong av norrøn /au/.
diff.rn>dn	- Differensiasjonen <i>rn>dn</i> i trykksterk staving.
pal.-k/-g	- Palatalisering av <i>k</i> og <i>g</i> i innlyd.
pret.eu>øy	- Preteritumdiftongen <i>eu</i> gått over til diftongen <i>øy</i> .
pres.st.v	- Presens av sterke verb mistar i-omlyden.
pret.st.v	- Preteritum frå sterk til svak bøying.
samanf. kj>sj	- Samanfall av <i>sj</i> og <i>kj</i> lyd.
seg.ll>dl	- Konsonantsambandet <i>ll</i> er segmentert til <i>dl</i> .
sup.st>sv.v	- Supinum der sterke former vekslar med svake former.

Litteraturliste

- Akselberg, Gunnstein (1993): *Paradigmeutvikling i sosiolingvistikken. Om utviklinga mot ein post-labovsk sosiolingvistik* i Gilje, N. & Storebø (red): *Vitenskapsteori og lingvistik*: 11 vitenskapsteoretiske innlegg til dr. Art.- graden. S. 55-91. Bergen: Ariadne.
- (1995): *Fenomenologisk dekonstruksjon av det labov-milroyske paradigmet i sosiolingvistikken. Ein analyse av sosiolingvistiske tilhøve i Voss kommune*. Bergen: Universitetet i Bergen.
- (1999): Prosjektet Talemålsendring i Noreg (TEIN)- form og innhald. I Gunnstein Akselberg (red): *Talemålsendring i Noreg (Målbryting 2)*,8-17. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen.
- (2002): *Gransking av regiontalemål i Noreg – bakgrunn og særtrekk*. I *Nordica Bergensia* 28, 3-33.
- Attestog, Birgit (2004): *"Jeg er Setesdøl, jeg!". Setesdalsmålet- eit talemål i utvikling eller avvikling*. Hovudfagsoppgåve. Kristiansand: Høgskolen i Agder.
- Auer, Peter & Hiskens, Frans (1996): *"The convergence and divergence of dialects in Europe. "New and not so new developments in and old area"* i *Sociolinguistica-internationales Jahrbuch fur europaische Soziolinguistik*. Nr 10, s 1-25. Tubingen: Max Niemeyer.
- Bjoland, Lars: *Norges bebyggelse-Rogaland, nordre del*, 1959. Om Skjold, s. 862-881.
- Bourdieu, Pierre 1994a. *Tre former for teoretisk viden*. I Callewaert, S, M. Munk, M. Nørholm & K.A. Pettersen (red.) *Centrale tekster inden for sociologi og kulturteori*. København: Akademisk forlag, 72-109.
- Cedergren, Henrietta (1973): *The interplay of social and linguistic factors in Panama*. Cornell University dissertation.
- Chambers, J.K (1995): *Sociolinguistic Theory*. Malden/Oxford: Blackwell.
- Eriksson, Lisa (2001): *Absolutister, anpassare och andra – något om dialektens betydelse för ungdomars självbild*. I *Språk, Kön och Kultur*. Rapport från fjärde konferensen om språk och kön. Göteborg den 6.-7. oktober 2000, 101-107.
- Fossaskåret, Erik (2000): *"Surapalen som identitetsmarkør. Regionalisering, stad og sjølvforståing"* i *Målbryting*. Skrifter frå prosjektet Talemålsendring i Noreg. Nr. 4, s 27-46. Bergen: Nordisk institutt, UIB.
- Gabrielsen, Finn (1991): *Haugesund bymål*. Alvheim & Eide/ Målføresamlinga ved Nordisk institutt Bergen. Bergen.
- Grønmo, Sigmund (1980): *Forholdet mellom kvalitative og kvantitative metoder i samfunnsforskningen*. Manuskript presentert på etterutdanningskurs om kvalitative metoder, Oslo, 25-26. september 1980.
- (1996): *"Forholdet mellom kvalitative og kvantitative tilnærminger i samfunnsforskningen. I Kvalitative metoder i samfunnsforskning*, redigert av H. Holter og R. Kalleberg. Oslo: Universitetsforlaget. 73-108.

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

- (2004): *"Samfunnsvitenskaplige metoder"* Bergen: Fagbokforlaget.

Haugen, Ragnhild (2004): *Språk og språkhaldningar hjå ungdommar i Sogndal*. Dr. art.-avhandling. Nordisk institutt. Universitetet i Bergen, Bergen.

Hellvik, Ottar(1977): *Forskningsmetode i sosiologi og statsvitenskap*. Oslo-Bergen-Tromsø.

Hernes, Reidun (2006): *Talemål i endring? Ein longitudinell studie av talemålsutvikling og språkleg røyndomsoppfatning hjå ungdommar i Os*. Doctor artium. Bergen. Universitetet i Bergen.

Hompland, Andreas (1984): *Rurbaniseringsprosessen. Bygdebyen og det nye Norges ansikt*. Arbeidsnotat 9. Oslo: Institutt for samfunnsforskning.

Hårstad, Stian (2004): *"ikke så typisk trøndersk" En sosiolingvistisk studie av ungdoms talemål i Oppdal*. Hovudfagsoppgåve. Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap NTNU. Trondheim.

Kristoffersen, Gjert (1996): *"Noen grunnleggende banaliteter om tolkning av sosiolingvistiske forskningsresultater"* i Thelander, M. m.fl. *Samspel och variation*. Språklige studier tilegnade Bengt Nordberg på 60-årsdagen. Uppsala: Inst. for nordiska språk, Uppsala universitet.

Labov, William(1966): *The Social Stratification of English in New York City*. Washington, DC: Center of applied Linguistics.

-(1984). *Field Methods of the Projekt on Lingvistic Change and Variation*. I Baugh, &J. Sherzer (red.) *Language in use*. Englewood Cliffs, New Jersey: Prentice-Hall, 28-53.

-(2001) *Principles of Linguistic Change. Social factors*. *Language in Society* 29. Oxford UK & Cambridge USA: Basil Blackwell.

Le Page, Robert & Tabouret-Keller , Andree (1985): *Acts of identity*. Cambridge: Cambridge Universty Press.

Mead, Georg Herbert (1934): *Mind, self and society from the standpoint of å behaviorist*. Chicago: University of Chicago Press.

Milroy, Leslie (1980): *Language and Social Networks*. Oxford: Basil Blackwell.

Mæhlum, Britt (1992): *Dialektal sosialisering. En studie av barn og ungdoms språklige strategier i Longyearbyen på Svalbard*. Oslo: Novus forlag.

-(1996): Norsk og nordisk sosiolingvistikk – en historisk oversikt, i Henriksen, C..*Studies in the development of linguistics in Denmark, Finland, Iceland, Norway and Sweden*. Papers from the conference on the history of linguistics in the nordic countries, Oslo, November 20-22, 1994. Oslo. Novus forlag.

Nordberg, Bengt (1984): Sociolingvistisk datainnsamling i Thelander, M (red.): *Talspråkforskning i Norden. Mål-material-metoder*. Lund: Studentlitteratur.

Pedersen, Karen Margrethe (1991). *Selvrapportering – kan det bruges til noget*. *Danske folkemål* 33, 111-121.

EI SPRÅKGRANSKING AV TALEMÅLSUTVIKLINGA I SKJOLD

Røe, Atle (1976): *Hjelmelands-målet: eldre og yngre mål i ei Ryfylke-bygd*. Hovudfagsoppgåve. Universitetet i Bergen. Bergen.

Røyneland, Unn (1994): *Når bygdemål møter bymål. Ein individsentrert eksempelstudie av fire sunnmøringar i Oslo*. Hovudfagsoppgåve. Institutt for lingvistiske og nordiske studier. Universitetet i Oslo. Oslo.

-(1999): *Språkleg regionalisering på Røros og Tynset?* i *Målbryting 2*, s 98-119. Bergen: Nordisk institutt- Universitetet i Bergen.

-(2005): *Dialektnivellering, ungdom og identitet. Ein komparativ studie av språkleg variasjon og endring i to tilgrensande dialektområde, Røros og Tynset*. Dr. art. Oslo. Det humanistiske fakultet, Universitetet i Oslo.

Røsstad, Rune (2005): *Den språklege røynda. Om oppfatta og realisert talemål i austre Vest-Agder*. Doctor artium. Fakultetet for humanistiske fag. Høgskolen i Agder. Kristiansand.

Sandøy, Helge (2003) *Kontakt og spreiding*. I Britt Mæhlum, Gunnstein Akselberg, Unn Røyneland og Helge Sandøy: *Språkmøte. Innføring i sosiolingvistik*, kap. 11, s 225-247. Oslo. Cappellen Akademisk forlag.

-(2006). *Språk og region i historisk perspektiv*. I Jan Ragnar Hagland (red), *Regional språkhistorie. Rapport frå eit seminar i regi av Det kgl. Norske Videnskabers Selskab 14.-15. oktober 2005*. Oslo: Tapir, (s. 20-39).

Skjekkeland, Martin (2005): *Dialektar i Noreg-Tradisjon og fornying*. Kristiansand. Høyskoleforlaget.

Skogen, Kjetil (2001): *Friluftsliv som seismograf for sosial endring: Jegere og snowboardere i det senmoderne*. I Heggen, K. M.fl. (red.) *Ungdom i spenninga mellom det lokale og det globale*. Oslo: Det Norske Samlaget, 56-68.

Solheim, Randi (2006): *Språket i smeltegryta : sosiolingvistiske utviklingsliner i industrisamfunnet Høyanger*. Dr.art.-avhandling. Institutt for nordistikk. Norges-teknisk-naturvitenskaplige universitet, Trondheim.

Trudgill, Peter (1974): *The Social Differentiation of English in Norwich*. Cambridge: Cambridge University Press.

(1986): *Dialects in contact*. Language in society 10. Oxford: Blackwell.

Vikør, Lars (1991): *Språkhistorie og språkmedvett*. Eigenproduksjon nr. 43.

Aasen, Ivar (1864): *Norsk Grammatikk*. Christiania.

VEDLEGG

Vedlegg 1: Oversikt over tradisjonelle og nivellerte språkformer

Fonologiske variablar

Variabel 1. Samanfall av sj og kj-lyd

Tradisjonelle språkformer

ki:no
kjell
kinn

Nivellerte språkformer

sji:no
sjell
sjinn

Variabel 2. Palatalisering av k og g i innlyd

Tradisjonelle språkformer

tenkja
veggjen
byggja

Nivellerte språkformer

tenka
veggen
bygga

Variabel 3. Differensiasjonen $m > dn$ i trykksterk staving

Tradisjonelle språkformer

bjø:dn
hå:dn
kå:dn

Nivellerte språkformer

bjørn
horn
korn

Variabel 4. Konsonantsambandet ll er segmentert til ld

Tradisjonelle språkformer

fudle
adle
kjedlaren

Nivellerte språkformer

fulle
alle
kjellaren

Variabel 5. Tradisjonell diftong eller ny monoftong av norrøn /au/

Tradisjonelle språkformer

fleum
streum
heusten

Nivellerte språkformer

flomm
strømm
høsten

Morfologiske variablar

Variabel 6. Presens av sterke verb mistar i-omlyden

Tradisjonelle språkformer

Nivellerte språkformer

kje:me
gre:ve
se:ve

kåmme
gra:ve
så:ve

Variabel 7. Partisipp av sterke verb der sterke former vekslar med svake former

Tradisjonelle språkformer

vå:re
bå:re
skå:re

Nivellerte språkformer

vært
bert
skjert

Variabel 8. Svak bøyning i preteritum av sterke verb

Tradisjonelle språkformer

ba:
ga:v/ga:
glei

Nivellerte språkformer

bedde
jidde
glidde

Variabel 9. I preteritum av 2 klasse sterke verb har former med diftongen øy breidd seg på bekostning av eu

Tradisjonelle språkformer

breut
skeut
freus

Nivellerte språkformer

brøyt
sjøyt
frøys

Leksikalske variablar

Variabel 10.

Tradisjonelle språkformer

frå:
lå:ge
mø:kje
så:n
sku:le
ste:la

Nivellerte språkformer

fra:
la:ve
my:e
sønn
sko:le
stje:la

Vedlegg 2: Innfyllingsliste

1. Eg like å sjå film,så i kveld vil eg reisa til Haugesund på
2. I ansiktet ditt har du så rosenrøde ...
3. Eg vett han heite Bondevik, men ka er fornamnet hans?
4. Ein filosof er ein som leve av å t.....
5. Når nåken e heilt utkjørt seie me at di møte v.....
6. Om du vil ha et nytt hus må du kanskje b..... nytt
7. Han fekk nobelprisen i litteratur fordi han skreiv den goda b....
8. Ein hage. Du må klyppa plenen viss du har sådd gras i h.....
9. Utenfor huset stelle eg fint med h..... min
10. I Norge har me rovdyr som ulv å b.....
11. Den væren har store h.....
12. Kveite, bygg å havre e ulike typar k.....
13. Høyre du dårligt må du kanskje vaska ø.....
14. På ein travbane kan du klappa dei fleste h.....
15. I dobbelsenga ligg begge d..... flott reid opp
16. Ein alkoholikar har ofta drokke å e derfor f.....
17. Når ingen mangle, er a.....med
18. I etasjen under 1 etasje finne du k.....
19. Galdhøpiggen er norges høgaste f.....
20. Om hausten har sauene møkje u
21. Kristoffer Hæstad blir k..... Doffen
22. Diamant er den hardaste ste.....i verden
23. å koma. Nå k..... eg snart
24. Den store brøyten g.....ut ei tomt
25. Kjell e trøtt så derfor s.....han lenge i dag.
26. Brevet ligge i postkassen så postbudet har k..... fram
27. Å vere. Har du v.... i Oslo i år?
28. Det e kaldt i hyttå og derfor lure eg på om du har b..... inn ved?
29. I gudstenesten i går b...menigheten til Gud.
30. På tv-aksjonen i går g... regjeringå 10 millionar kronår
31. Å bryta- Kjell b..... løpet
32. Ein mann tok geveret og s..... ein hjort.
33. Reklameskilta løsna i den sterke vinden og f.....over gjerdet
34. I går va det minus 10 grader så då f.....eg
35. På ein travbane er det mange h.....
36. Katten ete ikkje i ei skål men i fleire s.....
37. På søppelplassen kan me sjå alt de folk k.....
38. Den lommelyktå ly.... godt
39. Når elvå blir store å renne inn på jordene, seie me at de e f.....
40. Å ha mareritt e å ha ein vond d.....

41. Me bygge kraftverk for at dei ska produsera elektrisk s.....
42. Etter sommaren kjeme h.....
43. Skal du ha dessert må du ete opp middagen din f.....
44. Når eg ete salt mat blir eg fort t.....
45. Det e farlig om kvelden i skogen så der må du i..... gå
46. er født i Skjold
47. Kom så går bort til Nonsliden
48. Her er ein presang til deg f... .meg
49. Om ikkje du er høge så e du l....
50. Ein som ikkje har lite, han har m.....
51. Du kan ikkje ta alt, men du kan ta n.....
52. Ekteparet hadde ei dotter så nå ønskte dei seg ein s....
53. Når de ikkje e ferie må alle ungar gå på s.....
54. Ytterjakka henger i et s.....
55. Når ein har migrene har ein vondt i h.....
56. Å naska e de sama som å s.....

Vedlegg 3: Spørjeskjema

Namn:

Telefon:

Alder:

Kjønn: _____

Gut

Jente

E-post adresse:

Kor mange år har du budd i Skjold?

Foreldre:

1. Begge frå Skjold

Ja

eller _____
nei

2. Dersom begge foreldra dine er frå heimkommunen kan du hoppe til punkt 5.

3. Far frå Skjold _____ **eller** _____ **Viss nei, kvar kjem far frå?** _____
Ja nei

4. Mor frå Skjold _____ **eller** _____ **Viss nei, kvar kjem mor frå?** _____
Ja nei

5. Kor i bygda kjem du frå? (set kryss)

Meland eller lenger ut mot bygrensa?

Mellom Meland og Eggatoppen?

Dalavik

Håkull mot Vikebygd?

Austerheimsbygda?

6. Kva type husholdning er du oppvaksen i? (set kryss)

På gard

I byggefelt

Hus verken på gard eller i byggefelt

7. Forholdet ditt til det å voksa opp i Skjold:

8. Kven er du saman med i fritida di? (set kryss)

Venner i nabolaget

Venner i Haugesund

9. Reiser du ofte til Haugesund?

10. Viss ja, kvifor reiser du til Haugesund?

11. Synes du det er forskjell på by og bygdeungdom?

12. Viss ja, skriv litt om kva du synes er forskjellen på desse to gruppene.

13. Er du stolt av å vere frå Skjold?

Ja

Nei


Litt

14. Nevn nokon positive sider med Skjold


15. Nevn nokon negative sider ved Skjold (noko du ikkje trivest med eller saknar)

16. Ein gong i framtida er du ferdig med utdanninga di. Kunne du då tenkje deg å bu i Skjold?

Vedlegg 4: Kart over Rogaland



Vedlegg 5: Kart over Skjold



Vedlegg 6: Språklege resultat - Aud

Fonologiske variablar

Var 1. Samanfall av sj og kj-lyd	
ki:no	tradisjonell uttale
Kjell	tradisjonell uttale
kinn	tradisjonell uttale
Var 2. Palatalisering av velarar eller palatalisering av k og g i innlyd?	
tenkja	variasjon
bygga	nivellert uttale
Veggen	nivellert uttale
Var 3. Differensiasjonen rn>dn i trykksterk staving	
hå:dn/horn	variasjon
kå:dn/korn	Variasjon
bjørn	nivellert uttale
Var 4. Endinga ll er segmentert til dl	
fudle	tradisjonell uttale
adle	tradisjonell uttale
kjellaren/kjediaren	variasjon
Var 5. Tradisjonell diftong eller ny monoftong av norrøn /au/	
fleum	tradisjonell uttale
strømm	nivellert uttale
heusten/høsten	variasjon

Morfologiske variablar

Var 6. Presens av sterke verb mistar i-omlyden / omlydvokal i presens av sterke verb	
kje:me	tradisjonell uttale
gre:ve	tradisjonell uttale
se:ve	tradisjonell uttale
Var 7. Partisipp av sterke verb der sterke former vekslar med svake former	
vå:re	tradisjonell uttale
bå:re	tradisjonell uttale
skå:re	tradisjonell uttale
Var 8. Svak bøying i preteritum av sterke verb	
ba:	tradisjonell uttale
ga:v	tradisjonell uttale
glei	tradisjonell uttale
Var 9. I preteritum av 2. klasse sterke verb har former med diftongen øy breidd seg på bekostning av au.	
brøyt	nivellert uttale
skeut/sjøyt	variasjon
freus	tradisjonell uttale

Leksikalske variablar

frå:	tradisjonell
lå:ge	tradisjonell
mø:kje	tradisjonell
så:n/sønn	variasjon
sku:le	tradisjonell uttale
stje:la	nivellert uttale

Aud sine samla språkrealiseringar 20 tradisjonelle og 6 nivellerte former. Ho varierer i 7 ordformer.

Vedlegg 7: Språklege resultat - Henning

Fonologiske variablar

Var 1. Samanfall av kj og sj-lyd

ki:no	tradisjonell uttale
Kjell	tradisjonell uttale
kinn	tradisjonell uttale

Var 2. Palatalisering av velarar eller palatalisering av k og g i innlyd?

tenka	nivellert uttale
bygga	nivellert uttale
Veggen	nivellert uttale

Var 3. Differensiasjonen ru>dn i trykksterk staving

horn	nivellert uttale
korn	nivellert uttale
bjørn	nivellert uttale

Var 4. Endinga ll er segmentert til dl

fulle	nivellert uttale
alle	nivellert uttale
kjellaren	nivellert uttale

Var 5. Tradisjonell diftong eller ny monoftong av norrøn /au/

flomm	nivellert uttale
strømm	nivellert uttale
høsten	nivellert uttale

Morfologiske variablar

Var 6. Presens av sterke verb mistar i-omlyden / omlydvokal i presens av sterke verb

kåmme	nivellert uttale
gr:ve	nivellert uttale
så:ve	nivellert uttale

Var 7. Partisipp av sterke verb der sterke former vekslar med svake former

vært	nivellert uttale
bert	nivellert uttale
sjert	nivellert uttale

Var 8. Svak bøyning i preteritum av sterke verb

ba:	tradisjonell uttale
ga:	tradisjonell uttale
glei	tradisjonell uttale

Var 9. I preteritum av 2. klasse sterke verb har former med diftongen øy breidd seg på bekostning av au.

brøyt	nivellert uttale
sjøyt	nivellert uttale
frøys	nivellert uttale

Var 10. Leksikalske variablar

fra:	nivellert uttale
lå:ge/la:ve	Variasjon
my:e	nivellert uttale
sønn	nivellert uttale
sku:le/sko:le	Variasjon
stje:la	nivellert uttale

Henning sine samla språkrealiseringar: 6 tradisjonelle og 25 nivellerte former. Han varierer i 2 ordformer.

Vedlegg 8: Språklege resultat - Astrid

Fonologiske variablar

Var 1. Samanfall av kj og sj-lyd

ki:no	tradisjonell uttale
Kjell	tradisjonell uttale
kinn	tradisjonell uttale

Var 2. Palatalisering av velarar eller palatalisering av k og g i innlyd?

tenka	nivellert uttale
bygga	nivellert uttale
Veggen	nivellert uttale

Var 3. Differensiasjonen rn>dn i trykksterk staving

há:dn/hom	variasjon
korn	nivellert uttale
bjørn	nivellert uttale

Var 4. Endinga ll er segmentert til dl

fudle	tradisjonell uttale
alle	nivellert uttale
kjellaren	nivellert uttale

Var 5. Tradisjonell diftong eller ny monoftong av norrøn /au/

flomm	nivellert uttale
stømm	nivellert uttale
heusten	tradisjonell uttale

Morfologiske variablar

Var 6. Presens av sterke verb mistar i-omlyden / omlydvokal i presens av sterke verb

kje:me/kåmme	variasjon
gra:ve	nivellert uttale
så:ve	nivellert uttale

Var 7. Partisipp av sterke verb der sterke former vekslar med svake former

vå:re	variasjon
bå:re	nivellert uttale
skå:re	nivellert uttale

Var 8. Svak bøyning i preteritum av sterke verb

ba:	tradisjonell uttale
ga:v	tradisjonell uttale
glei	tradisjonell uttale

Var 9. I preteritum av 2. klasse sterke verb har former med diftongen øy breidd seg på bekostning av au.

brøyt	nivellert uttale
sjøyt	nivellert uttale
frøys	nivellert uttale

Var 10. Leksikalske variablar

fra:	nivellert uttale
lå:ge	tradisjonell uttale
mø:kje	tradisjonell uttale
så:n/sønn	nivellert uttale
sku:le	tradisjonell uttale
stje:la	nivellert uttale

Astrid sine samla språkrealiseringar: 11 tradisjonelle og 19 nivellerte former. Ho varierer i 3 ordformer.

Vedlegg 9: Språklege resultat - Børge

Fonologiske variablar

Var 1. Samanfall av kj og sj-lyd

ki:no	tradisjonell uttale
Kjøll	tradisjonell uttale
kinn	tradisjonell uttale

Var 2. Palatalisering av velarar eller palatalisering av k og g i innlyd?

tenka	nivellert uttale
bygga	nivellert uttale
veggen	nivellert uttale

Var 3. Differensiasjonen rn>dn i trykksterk staving

horn	nivellert uttale
korn	nivellert uttale
bjørn	nivellert uttale

Var 4. Endinga ll er segmentert til dl

fulle	nivellert uttale
alle	nivellert uttale
kjellaren	nivellert uttale

Var 5. Tradisjonell diftong eller ny monoftong av norrøn /au/

flomm	nivellert uttale
strømm	nivellert uttale
høsten/heusten	variasjon

Morfologiske variablar

Var 6. Presens av sterke verb mistar i-omlyden / omlydvokal i presens av sterke verb

kåmme	nivellert uttale
grave	nivellert uttale
såve	nivellert uttale

Var 7. Partisipp av sterke verb der sterke former vekslar med svake former

vå:re	variasjon
bå:re	nivellert uttale
skå:re	nivellert uttale

Var 8. Svak bøyning i preteritum av sterke verb

bedde	nivellert uttale
jidde	nivellert uttale
glidde	nivellert uttale

Var 9. I preteritum av 2. klasse sterke verb har former med diftongen øy breidd seg på bekostning av au.

brøyt	nivellert uttale
sjøyt	nivellert uttale
frøys	nivellert uttale

Var 10. Leksikalske variablar

fra:/frå:	variasjon
lå:ge	tradisjonell uttale
mø:kje	tradisjonell uttale
så:n/sønn	nivellert uttale
sku:le	tradisjonell uttale
stje:la	nivellert uttale

Børge sine samla språkrealiseringar 6 tradisjonelle og 24 nivellerte former. Han varierer i 3 ordformer.